



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato:	14.05.2020
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Lorentz Lunde

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 23.04.2020	2019/68	
	Politiske saker		
PS 13/20	Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet	2019/79	
PS 14/20	Arbeid med Etikk og GDPR i Tysnes kommune - orientering frå rådmannen	2019/74	
PS 15/20	Orienteringssak frå rådmannen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste	2018/27	
PS 16/20	Forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene - handlingsplan	2019/21	
PS 17/20	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2	2019/71	
PS 18/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Prosessmøte 2	2019/70	
PS 19/20	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2019	2019/78	
PS 20/20	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Tysnes kommune	2019/77	
PS 21/20	Tinging av kurs frå Deloitte	2020/145	
PS 22/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/72	
PS 23/20	Eventuelt	2020/83	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/68-4
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	6/20	14.05.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 23.04.2020

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 23.04.2020 er lagt med som vedlegg i saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	, Fjernmøte (telefonmøte)
Dato:	23.04.2020
Tid:	10:00 - 10:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lorentz Lunde	Leiar	KRF
Britt Ersvær	Nestleiar	AP
Lars Heine Kåsa	Medlem	SP
Kåre Haugland	Medlem	FRP
Sigvard Michael Madsen	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Lorentz Lunde
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020	2019/68	
	Politiske saker		
PS 11/20	Val av revisor for Tysnes kommune - tilråding frå kontrollutvalet	2014/256	
PS 12/20	Eventuelt	2020/83	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 23.04.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020

Saksprotokoll i 23.04.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020.

Vedtak

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.03.2020 vart samrøystes godkjent.

Politiske saker

PS 11/20 Val av revisor for Tysnes kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Tysnes kommune vel..... som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024

Saksprotokoll i 23.04.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Revisor var ikkje tilstade ved handsaminga av denne saka.

Sekretær orienterte kort om saka, og viste mellom anna til resultatet av evalueringa som vart presentert for kontrollutvalet i møte 09.03.2020.

Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til forslag til innstillinga, om at Deloitte vert vald som revisor for Tysnes kommune.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret i Tysnes kommune vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024

PS 12/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i 23.04.2020 - Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Handsaming i møte

Ingen saker under eventuelt

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka

Politiske saker

**PS 13/20 Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Tysnes kommune - uttale
frå kontrollutvalet**



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/79-2
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	13/20	14.05.2020

Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2019.

Samandrag

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om årsrekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova § 48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" § 10. Merk: Årsrekneskap og årsmelding for 2019 er revidert etter kommunelov av 1992.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale til årsrekneskap 2019 - frå kontrollutvalet
- 2 Årsmelding 2019 for Tysnes kommune
- 3 Årsrekneskap 2019 for Tysnes kommune
- 4 Revisjonsberetning 2019 for Tysnes kommune
- 5 Revisjonsrapport 2019 for Tysnes kommune
- 6 Revisors uttalelse knytt til etterlevelseskontroll for Tysnes kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

Revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 03.04.20. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 206.216.859 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 4.664.805. Det kjem ikkje fram spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, og den vert å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding.

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 8 datert 03.04.20, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Det er ikkje avdekkja tilhøve som er av ein slik karakter eller storleik at det fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen. Men det er peika på og gjort tilrådingar innanfor desse områda:

*«Vår gjennomgang av kommunen sine **interne kontrollar** syner at kommunen har utarbeidd nye skriftlege rutinar dei siste åra. Det er utarbeidd rutinar på dei fleste vesentlege områder, men desse adresserar ikkje risiko og kontrollar.*

Ved vår gjennomgang av kommunen sine etablerte rutinar syner våre testar få feil.»

«Kommunen sin hovudbankforbindelse støttar ikkje ei løysing med to godkjenningar, kommunen har difor etablert ei rutine på at remitteringsbilag frå banken skal godkjennast av to personar etter utbetaling. Denne rutina reduserer risikoen noko.

*Vi tilrår kommunen å følgje opp sin bankforbindelse slik at rutinar for krav om **to signaturar** ved utbetaling frå kommunen sine bankkontoar kan etablerast.»*

Forenkla etterlevelseskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har Deloitte levert «Uavhengig revisors attestasjonsuttale om etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltninga», vedlegg 5.

Det er gjennomført kontroll av etterleving av om innkjøp knytta til bygging av mellomtrinn Tysnes Skule er i strid med regelverket for offentlege anskaffelser.

1. Vert tilhøvet med innkjøp knytta til bygging av mellomtrinn Tysnes Skule omfatta av regelverket for offentlege anskaffelser?

2. Er tilhøvet i strid med regelverket for offentlege anskaffelser?


Deloitte konkluderer slik:

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Tysnes kommune si behandling av innkjøp av bygging mellomtrinn Tysnes Skule ikkje i det alt vesentlege har etterlevd avgjerdene i regelverk om offentlege anskaffelser.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltninga og til Tysnes kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis egna til andre føremål.

Om rekneskapan og årsmeldinga

Av rekneskapan for 2019 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 5.427.000, dvs. netto resultatgrad på 1,86 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 1,70 % i 2019, så Tysnes kommune ligg litt over landsgjennomsnittet. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.



For Tysnes kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2015 (+ 1,12 %), 2016 (+ 3,99 %), 2017 (+ 4,88 %), 2018 (+ 3,51 %) og 2019 (+ 1,86 %), sjå graf ovanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2019 ligg litt over tilrådinga frå TBU og også litt over landsgjennomsnittet. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.

Tysnes kommune har ein gjeldsgrad på 62,9 % og eit disposisjonsfond på 20,2 %. Både gjeldsgrad og disposisjonsfond er tilfredsstillande.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet. Dette følgjer av kommunelova § 48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" § 10.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, revisjonsrapportar og evt. i nummererte brev. Dessutan samanhengar gjeldande netto driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond.

Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2019 når det gjeld økonomi:

«Rådmannen meiner at årsmeldinga som no ligg føre gjev eit rett bilete av drifta førre år. Det må samstundes understrekast at dette er ei årsmelding i Koronaen si tid. Me veit ikkje ennå kva som vil følgja av den situasjonen me er inne i, men også i årsmeldinga er det relevant å nemna dette då det er eit tilhøve som vil påverka drifta vår og våre økonomiske posisjon vidare. Det me kan sei heilt sikkert er at den pågåande situasjonen med stengte skular og barnehagar påfører verksemda eit inntektstap, dette skjer direkte gjennom tapte inntekter knytt til SFO og barnehagar. Me ser også at det påfører oss ekstra utgifter mellom anna opp mot brann, pleie og omsorg og helsetenester.

Me er usikre på korleis dei litt meir langsiktige konsekvensane av situasjonen blir mellom anna opp mot skatteinntekter, utvikling av lokalt næringsliv, søknader om økonomisk sosialhjelp med vidare. Det er også lagt fram fleire statlege krisepakker, i ei av desse er det lagt opp til tilleggsløyvingar til kommunesektoren. Det er også antyda at kommunane vil kunne få dekka sine meirkostnader som følgjer av arbeidet med Korona. Me har i dag oppretta eit eige prosjektnummer for dette slik at me skal ha moglegheit til å enkelt kunne gjera greie for desse kostnadane.

Skatteinnngongen til kommunen er svært god og har ført til at Tysnes kommune no er ein netto bidragsytar inn til det solidariske fellesskapet av kommunar..... Me har også fått eit lite drypp av havbruksmidlar no i 2019, i samsvar med kommunestyre sine føringar vert deler av dette nytta til å betale ned lån.

Det som ikkje er så positivt er at me ikkje har nådd dei økonomiske måla våre i drifta, me har ulike einingar som av ulike årsaker har eit meirforbruk i 2020»

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2019. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneleoven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»

Årsmeldinga frå administrasjonen er utforma i tråd med Kommuneleoven § 48 nr. 5 på fleire felt, men kunne vore meir utfyllande på andre felt. Etikk er omtala ganske utfyllande på side 28 i årsmeldinga, Sekretariatet kan ikkje sjå at intern kontroll er omtala. Likestilling er godt omtala på side 25. Merkar oss dessutan dette som kjem fram av årsmeldinga når det gjeld likestilling.
« Tysnes kommune har ikkje særskilt planverk som gjev grunnlag for kvotering til stillingar basert på kjønn, etnisitet eller funksjonshemming. Det har ikkje vore vurdert å nytta kvotering.»

Konklusjon

Driftsresultatet i Tysnes kommune for 2019 syner eit positivt driftsresultat. Kommunen har ei lånegjeld som ikkje er for høg, og storleiken på disposisjonsfondet er meir enn tilfredsstillande. Intern kontroll burde ha vore omtala i årsmeldinga, elles er der bra når det gjeld likestilling og etikk.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.



Til Tysnes kommune v/ kommunestyret

ÅRSREKNESKAP 2019 FOR TYSNES KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet har i møte 14.05.2020, handsama Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2019.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2019 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr. 5.427.000, dvs. netto resultatgrad på 1,86 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 1,70 % i 2019, så Tysnes kommune ligg litt under landsgjennomsnittet. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2019 er tilfredstillande, og ligg litt over landsgjennomsnittet, og også over TBU sine tilrådingar. Kontrollutvalet vil og peika på at kommunen har eit tilfredstillande nivå i 2019 på langsiktig lånegjeld og meir enn tilfredsstillande nivå når det gjeld disposisjonsfond.

Rådmann skriv blant anna følgjande i årsmelding for 2019:

«Rådmannen meiner at årsmeldinga som no ligg føre gjev eit rett bilete av drifta førre år. Det må samstundes understrekast at dette er ei årsmelding i Koronaen si tid. Me veit ikkje ennå kva som vil følgja av den situasjonen me er inne i, men også i årsmeldinga er det relevant å nemna dette då det er eit tilhøve som vil påverka drifta vår og våre økonomiske posisjon vidare. Det me kan sei heilt sikkert er at den pågåande situasjonen med stengte skular og barnehagar påfører verksemda eit inntektstap, dette skjer direkte gjennom tapte inntekter knytt til SFO og barnehagar. Me ser også at det påfører oss ekstra utgifter mellom anna opp mot brann, pleie og omsorg og helsetenester.

Skatteinngongen til kommunen er svært god og har ført til at Tysnes kommune no er ein netto bidragsytar inn til det solidariske fellesskapet av kommunar..... Me har også fått eit lite drypp av havbruksmidlar no i 2019, i samsvar med kommunestyre sine føringar vert deler av dette nytta til å betale ned lån.»

Kontrollutvalet har og merka seg revisor sin uttale i revisjonsrapport nr. 8. Der gjev revisjonen tilrådingar om område som kan betrast når det gjeld rekneskapsarbeidet:

- Intern kontroll og rutinar – det er utarbeida skriftlege rutinar på dei fleste vesentlege områder, men desse adresserer ikkje risiko og kontrollar. Ved vår gjennomgang av kommunen sine etablerte rutinar syner våre testar få feil.
- Bankfullmakt (to signaturar) – Kommunen sin hovudbankforbindelse støttar ikkje ei løysing med to godkjenningar, kommunen har difor etablert ei rutine på at remitteringsbilag frå banken skal godkjennast av to personar etter utbetaling. Denne rutina reduserer risikoen noko. Vi tilrår kommunen å følgje opp sin bankforbindelse slik at rutinar for krav om **to signaturar** ved utbetaling frå kommunen sine bankkontoar kan etablerast

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at «*Dokumentasjon på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredstillande kvalitet*».

Kontrollutvalet tilrår at kommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 8 frå Deloitte.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2019. Årsmeldinga frå administrasjonen er utforma i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 på fleire felt, men kunne vore meir utfyllande på andre felt. Etikk er omtala ganske utfyllande på side 28 i årsmeldinga, Sekretariatet kan ikkje sjå at intern kontroll er omtala. Likestilling er godt omtala på side 25. Merkar oss dessutan dette som kjem fram av årsmeldinga når det gjeld likestilling. «*Tysnes kommune har ikkje særskilt planverk som gjev grunnlag for kvotering til stillingar basert på kjønn, etnisitet eller funksjonshemming. Det har ikkje vore vurdert å nytta kvotering.*»

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2019 er tilfredsstillande, og ligg litt over gjennomsnittet i landet, og også litt over TBU sine tilrådingar.
- Kontrollutvalet vil og peika på at kommunen har eit tilfredsstillande nivå i 2019 på langsiktig lånegjeld og meir enn tilfredsstillande nivå når det gjeld disposisjonsfond.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 8 må følgjast opp.
- Utvalet har elles ikkje meir å merka til rekneskapen. Men i årsmelding for Tysnes kommune burde det stått noko om intern kontroll.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 12.04.19 og revisjonsrapport nr. 8, med same dato, har kontrollutvalet ikkje merknader til Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2019.

Kontrollutvalet i Tysnes kommune 14. mai 2020

Lorentz Lunde

-kontrollutvalsleiar-

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Tysnes kommune, formannskapet



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

UGGDAL, 29.03.2019

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
19/93		001	TK//STDAL	

ÅRSMELDING 2019

Innhald

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING.....	5
1. ØKONOMI	7
2. PERSONAL OG ORGANISASJON	24
2.1 Styringsstruktur.....	24
2.2 Organisasjonsdemografi	25
2.3 Likestilling	25
2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær.....	26
2.6 Rekruttering	28

2.7 Etikk.....	28
3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN.....	30
3.1. Politikk og samfunnsutvikling.....	30
3.2 Prosjekt.....	35
3.2.1 Digitalisering.....	38
3.3 Planarbeid	39
4. TENESTEOMRÅDA.....	40
4.1 Sentraladministrasjonen	40
4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta	40
4.1.2 Val.....	41
4.1.2 IT.....	42
4.1.3 Innkjøp	43
4.1.4 Eieendomsskatt	43
4.1.5 Fast eieendom	44
4.1.6 Samfunnsstryggleik og beredskap.....	44
4.1.7 Klima og energi.....	45
4.1.8 Økonomi og løn	46
4.1.9 Næring og reiseliv	46
4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv.....	47
4.1.11 Folkehelse	49
4.1.12 Bibliotek.....	49
4.1.13 Tysneshallen	50
4.2 Oppvekst	51

4.2.1 Grunnskule.....	51
4.2.2 PPT.....	54
4.2.3 Spesialundervisning.....	54
4.2.4 Blå skule.....	56
4.2.5 Skulefritidsordning - SFO.....	58
4.2.7 Vaksenopplæring.....	58
4.2.8 Kulturskulen.....	59
4.2.7 Barnehagar.....	60
4.2.8 Tenester for barn og familie.....	63
4.2.8.1 Helsestasjon.....	63
4.2.8.2 Jordmor.....	65
4.2.8.3 Psykisk helse for barn og unge.....	65
4.2.8.3 Barnevern.....	67
4.3 Helse og sosial.....	69
4.3.2 Helseavdelinga.....	69
4.3.2.1 Psykisk helse.....	69
4.3.2.2 Legekontor.....	71
4.3.2.3 Legevakt.....	71
4.3.2.4 Fysioterapi.....	72
4.3.2.5 Ergoterapi.....	75
4.3.3 Pleie- og omsorg.....	76
4.3.3.1 Institusjon.....	76
4.3.3.2 Open omsorg.....	78

4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma.....	79
4.3.4 NAV og flyktingtenesta	82
4.4 Landbruk og teknisk	85
4.4.1 Eining for forvaltning	85
4.4.2 Politisk aktivitet	85
4.4.3 Plan og byggjesak.....	85
4.4.1.2 Kart og oppmåling	87
4.4.1.3 Landbruk	89
4.4.2 Eining for brann og teknisk drift.....	90
4.4.2.1 Brann og redningsteneste.....	90
4.4.2.1 Drift og vedlikehald	93
5. AVSLUTNING.....	95

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING

Kjære lesar, då er tida igjen komen for at me skal gjera opp status for året som no ligg bak oss. Rådmannen meiner at årsmeldinga som no ligg føre gjev eit rett bilete av drifta førre år.

Det må samstundes understrekast at dette er ei årsmelding i Koronaen si tid. Me veit ikkje ennå kva som vil følgja av den situasjonen me er inne i, men også i årsmeldinga er det relevant å nemna dette då det er eit tilhøve som vil påverka drifta vår og våre økonomiske posisjon vidare. Det me kan sei heilt sikkert er at den pågåande situasjonen med stengte skular og barnehagar påfører verksemda eit inntektstap, dette skjer direkte gjennom tapte inntekter knytt til SFO og barnehagar. Me ser også at det påfører oss ekstra utgifter mellom anna opp mot brann, pleie og omsorg og helsetenester. Me er usikre på korleis dei litt meir langsiktige konsekvensane av situasjonen blir mellom anna opp mot skatteinntekter, utvikling av lokalt næringsliv, søknader om økonomisk sosialhjelp med vidare. Det er også lagt fram fleire statlege krisepakker, i ei av desse er det lagt opp til tilleggsøyvingar til kommunesektoren. Det er også antyda at kommunane vil kunne få dekkja sine meirkostnader som følgjer av arbeidet med Korona. Me har i dag oppretta eit eige prosjektnummer for dette slik at me skal ha moglegheit til å enkelt kunne gjera greie for desse kostnadane.

Rådmannen har også lyst til å gje ros til både tilsette, politikarar og innbyggjarar i den måten me trekk i same retning i denne krevjande situasjonen, Eg fekk nett melding om at friviljuge no kan starta produksjon av ansiktsvisir til bruk som smittevernutstyr, det er fantastisk!

Den pågåande situasjonen viser at føresetnader kan endrast raskt, men me skal ikkje la det ta fokus heilt vekk frå den historiefortellinga som ei årsmelding er. Me har som tidlegare delt årsmeldinga inn i 4 deler: Økonomi, personal og organisasjon, politikk plan og utvikling og til slutt ein gjennomgang av dei ulike tenesteområda.

I høve til den samla utviklinga så skal me ta med oss at me har ein større folkevekst enn landsgjennomsnittet, det er positivt og viktig for alt me held på med. Ei positiv utvikling av folketal handlar om eit livskraftig samfunn og er også positivt for kommuneøkonomien. Det er særslit positivt at me framleis har gode barnetal i barnehagar og på skulane!

Skatteinngongen til kommunen er svært god og har ført til at Tysnes kommune no er ein netto bidragsytar inn til det solidariske fellesskapet av kommunar, det er berre tre kommunar i nye Vestland fylkeskommune som er i ein slik situasjon. Forutan Tysnes gjeld det Austevoll og Bergen. Me har også fått eit lite drypp av havbruksmidlar no i 2019, i samsvar med kommunestyre sine føringar vert deler av dette nytta til å betale ned lån.

Det som ikkje er så positivt er at me ikkje har nådd dei økonomiske måla våre i drifta, me har ulike einingar som av ulike årsaker har eit meiforbruk i 2020. Det er heller ikkje så positivt at sjukefråveret for 2019 endte opp i 9 %, dette krev vidare arbeid og fokus i året som me no er inne i.

I 2019 vart det gjennomført kommuneval. Det betyr at det er mange nye politikarar som har inntatt posisjonar i kommunestyre og i dei ulike utvala. Me er alltid glad for fornying samstundes som det er positivt at det også er ein viss kontinuitet i den gruppa som går vidare etter valet!

I høve til plan, politikk og utvikling vil rådmannen særskilt trekka fram to hendingar i 2019: For det fyrste så er det veldig positivt at me no kjem vidare med arbeid med kommuneplanen. Kommuneplanen er kommunen sitt overordna instrument for styring av utviklinga og der stod samfunnsdelen klar på vinteren 2019 og planprogrammet for rullering av arealdelen vart ferdigstilt på hausten same år. For det andre er det veldig positivt at kommunestyre gjorde vedtak om å teikna kontrakt for nytt mellomtrinn for Tysnes skule. Dette er eit etterlengta og viktig arbeid, me ser alle fram til ferdigsstilling.

Å trekkje fram nokre element i innleiinga yt sjeldan god rettferd, det er mange forhold som kunne vore nemnt her som ikkje er det. Innleiinga er heller ikkje meining å vera eit referat frå meldinga. Så då gjenstår det å takka tilsette, politikarar og innbyggjarar for eit godt samarbeid i året som ligg bak oss og ønskja dykk alle god le sing!

Steinar Dalland

Rådmann

1. ØKONOMI

Hovudtal for drifta 2019

Inntekter :

Tal i 1000 kroner	<i>Rekneskap 2019</i>	<i>Regulert budsjett 2019</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2019</i>	<i>Rekneskap 2018</i>
Brukarbetaling	-11 295	-12 014	-12 014	-11 646
Andre sals- og leigeinntekter	-20 156	-21 241	-21 241	-20 388
Overføringer med krav til motytelsar	-39 154	-27 525	-27 525	-42 319
Rammetilskot frå staten	-100 294	-107 738	-107 738	-99 114
Andre statlege overf.	-3 159	-2 762	-902	-25 654
Andre overføringer	-671	-5	-5	-62
Skatt på inntekt og formue	-105 762	-88 241	-86 441	-90 838
Eigedomsskatt	-10 757	-10 350	-10 350	-10 438
Andre direkte og inndirekte skattar	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	-291 249	-269 877	-266 217	-300 458

I 2018 mottok kommunen 24,1 mill.kr frå Havbruksfondet, mens tilsvarende beløp i 2019 var 1,9 mill.kr. Nedgangen skuldast at det i 2019 ikkje vart seld nye konsesjonar. Beløpet motteke i år er såleis ein avrekning mot 2018. Det er signalisert at det i 2020 skal vere ein ny runde med sal av konsesjonar.

Også i 2019 var skatteinngangen svært god. Gjennomsnittleg skatteinngang pr. innbyggjar før utjamning, målt mot landsgjennomsnitt, enda på 116,4%. Beløpet som kommunen mottok etter utjamningsordninga var 105,3%. Tysnes kommune er såleis ein kommune som bidreg med skattepengar inn i fellesskapet.


Rammetilskotet vart mindre enn budsjettert. Dette har dels samanheng med god skatteinngang. Folketalsutviklinga 1.halvår var under langsgjennomsnitt, mens 2.halvår vart betre. Samla vart folketalsauken 0,81% på Tysnes, mens landet enda på 0,74%. Dette gjev ein god inngangsverdi til rammetilskotet i 2020.

Utgifter

Tal i 1000 kroner	<i>Rekneskap 2019</i>	<i>Regulert budsjett 2019</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2019</i>	<i>Rekneskap 2018</i>
Lønsutgifter	151 689	148 959	147 294	145 980
Sosiale kostnader	33 943	39 271	40 965	32 958
Kjøp som inngår i kommunal prod.	57 663	40 130	38 406	52 743
Kjøp som erstattar eigen prod.	16 311	14 718	14 518	16 378
Overføringer	16 693	14 533	14 403	15 062
Avskrivningar	11 231	11 303	11 303	10 907
Fordelte utgifter	-3 468	-2 621	-2 397	-3 149
Sum driftsutgifter	284 062	266 293	264 493	270 880

Utgiftene auka med 4,8% i 2019. Samla sjukefråvær har auka frå 7,65% i 2018 til 9,01% i 2019. Denne auken er med på å dra utgiftene opp, ettersom mange av einingane er avhengig av inntak av vikarar når sjukefråvær oppstår.

Samansetjinga av utgiftene kan illustrerast som fylgjande :



Løn inkl. sosiale kostnader utgjer 65 % av utgiftene. I tillegg kjem innleige/vikartjenester på ca. 17 mill.kr. Rekner me inn dette utgjer personalutgiftene ca. 70 %.

Netto driftsresultat :

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
Netto driftsresultat	-5 427	-1 502	-992	-10 549
Netto driftsresultat i %	1,9 %	0,6 %	0,4 %	3,5 %

Netto driftsresultat vart på 5,4 mill.kr (1,9 %). I dette talet ligg det netto 0,5 mill.kr frå Havbruksfondet (motteke 1,86 mill.kr fråtrukke 1,35 mill.kr i ekstraordinært avdrag). Merk at rekneskap 2018 ber preg av den store inntekta frå Havbruksfondet.

Sjølv om rekneskapet 2019 er gjort opp med eit overskot som er betre enn budsjett er det likevel eit meirforbruk i drifta.

Samla meirinntekt på skatt og rammetilskot er på 10,1 mill.kr. Budsjettert resultat var på 1,5 mill.kr. Dersom alle poster bortsett frå skatt og rammetilskot gjekk som budsjettert, så burde resultatet vore 11,6 mill.kr. Reelt resultat er 5,4 mill.kr., altså 6,2 mill.kr mindre enn det teoretiske resultatet.

Dette avviket kan forklarast med ei meirforbruk i deler av drifta. Litt forenkla kan fylgjande oversikt over meirforbruket leggjast til grunn :

Eining	Meirforbruk i mill.kr
Omsorgssenteret	1,8
Open omsorg	1,1
Legekontoret	1,4
Fellesfunksjonar	0,8
Tiltak for funksjonshemma	0,7
Byggesak/oppmåling	0,9
SUM	6,6

Årsaka til avviket er samansett, men sjukefråvær er eit element oppi dette. I tillegg har det vore fleire utfordringar rundt helsestasjon og legekontor i 2019. Det er også noko auka kostnader knytt til drift og lisensar knytt til IKT system.

Disponering:

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
BRUK AV AVSETNINGAR				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	-13 278	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-1 613	-855	-855	-83
Bruk av bundne fond	-893	-354	-354	-2 857
Sum bruk av avsetningar	-15 785	-1 209	-1 209	-2 940
AVSETNINGAR				
Overføring til investeringsrekneskap	752	850	850	919
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Avsetning til disposisjonsfond	14 280	1 002	492	6 000
Avsetning til bundne driftsfond	1 514	859	859	645
Sum avsetningar	16 547	2 712	2 202	7 565
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-4 665	-0	0	-5 925

I årets rekneskap ligg disponering av tidlegare års mindreforbruk på 13,3 mill.kr. Dette går fram av «Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk» i linja øvst. I tillegg kjem beløpet på nytt i linja «Avsetting til disposisjonsfond» nedanfor.

Av posten «Bruk av disposisjonsfond» utgjer flyktningeprosjektet 1,6 mill.kr. I 2019 måtte ein bruke av opparbeida midler for å balansere drifta på dette området.

Bundne driftsfond har i all hovudsak med sjølvkostområda samt sosial å gjere.

Oversikt over fond (tal i 1000 kr):

Disposisjonsfond	Beløp
Beholdning 01.01.	kr 46 243
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr 1 613
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	kr -
Avsetninger til fondet (fotnote 1) ⁱ	kr 14 280
Beholdning 31.12 disposisjonsfond	kr 58 910

Bundne driftsfond	Beløp
Beholdning 01.01.	kr 7 174
Bruk av fondene i driftsregnskapet	kr 893
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr -

ⁱ Avsetjing til disposisjonsfond består av tidlegare års udisponerte overskot (MNOK 13,278), årets budsjetterte mindreforbruk (MNOK 0,492) samt avsetjing til Havbruksfondet (MNOK 0,510)

Avsetninger til fondene	kr 1 514
Beholdning 31.12 bundne driftsfond	kr 7 795

Ubundne investeringsfond	Beløp
Beholdning 01.01.	kr 1 203
Avsetninger til fondene	kr -
Bruk av fondene	kr -
Beholdning 31.12 ubundne investeringsfond	kr 1 203

Bundne investeringsfond	Beløp
Beholdning 01.01.	kr 4 135
Avsetninger til fondene	kr -
Bruk av fondene (fotnote 2) ⁱⁱ	kr 274
Beholdning 31.12 bundne investeringsfond	kr 3 860

Rekneskap 2019 - udisponert fond	Beløp
Beholdning 01.01 (udisponert overskot 2017/18) :	kr 13 278
Årets udisponerte resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr 4 665
Årets disponering av tidlegare resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr 13 278
Beholdning 31.12 udisponert fritt driftsfond	kr 4 665

ⁱⁱ Bruk av bundne investeringsfond (MNOK 0,274) er relatert til startlånsordninga, der kommunen har betalt meir ned på låna i Husbanken enn det som kjem inn frå låntakarane.

Investeringar :

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
UTGIFTER				
Lønsutgifter	930	1 030	1 030	846
Sosiale utgifter	274	238	238	273
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	16 915	41 442	41 842	13 222
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	-	-	-	-
Overføringar	3 595	10 066	10 166	4 915
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	21 715	52 776	53 276	19 256

I løpet av 2019 vart prosjektet for nytt mellomtrinn på Tysnes skule starta opp. Avvik mot budsjett skuldast tidsforskyving av dette prosjektet.

Av større gjennomførte prosjekt 2019 kan det nemnast veg og avløp på Krokjen/Lande bustadområde.

Utgifter fordelt pr kostra-funksjon (tal i 1000 kr) :

Funksjon	Funksjon namn	Tal i 1000 kr		
		Rekneskap 2019	Rev. Budsjett 2019	Rekneskap 2018
100	Politisk styring og kontrollorganer	2 755	2 376	1 970
110	Kontroll og revisjon	757	751	616
120	Administrasjon	15 391	15 689	15 059
121	Forvaltningsutgifter i egedomsforvaltningen	411	329	327
130	Administrasjonslokaler	772	872	1 048
170	Årets premieavvik	-6 842	-	-4 573
171	Amortisering av tidligere års premieavvik	3 180	-	2 458
172	Pensjon	8	-	80
173	Premiefond	-2 548	-2 468	-4 083
180	Diverse fellesutgifter	213	50	78
190	Interne serviceenheter	-	-	-
201	Barnehage	23 705	23 220	21 042
202	Grunnskole	35 880	36 691	35 647
213	Voksenopplæring	-258	-1 073	-945
215	Skolefritidstilbud	588	205	544
221	Førskolelokaler og skyss	3 300	2 968	2 468
222	Skolelokaler og skyss	6 562	6 443	6 857

223	Skuleskyss	1 408	1 600	1 617
231	Aktivitetstilbud barn og unge	336	30	330
232	Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste	2 519	2 578	2 209
233	Annet forebyggende helsearbeid	888	922	877
234	Aktivisering og servicetjenester overfor eldre og funksjonshemmede	5 822	5 112	5 769
241	Diagnose, behandling, re-/habilitering	10 997	9 231	9 183
242	Råd, veiledning og sosial forebyggende arbeid	668	1 014	704
243	Tilbud til personer med rusproblemer	151	-15	80
244	Barneverntjeneste	2 644	2 476	2 532
251	Barneverntiltak i familien	1 543	1 517	1 269
252	Barneverntiltak utenfor familien	2 580	2 515	2 012
253	Pleie, omsorg, hjelp og re-/habilitering i institusjon	30 425	28 227	28 127
254	Kjernetjenester knyttet til pleie, omsorg, hjelp til hjemmeboende	36 333	35 457	35 422
261	Institusjonslokaler	6 710	5 606	6 128
265	Kommunalt disponerte boliger	-720	-865	-829
273	Kommunale sysselsettingstiltak	608	587	591
275	Introduksjonsordningen	-37	55	-682
276	Kvalifiseringsprogrammet	156	-	120

281	Økonomisk sosialhjelp	1 939	1 653	1 671
301	Plansaksbehandling	916	1 213	1 005
302	Bygge- og delesaksbehandling og seksjonering	776	426	443
303	Kart og oppmåling	879	528	1 076
320	Kommunal næringsvirksomhet	-	-	-117
325	Tilrettelegging og bistand for næringslivet	1 138	1 204	545
329	Landbruksforvaltning	1 496	1 401	1 472
330	Samferdselsbedrifter/transportiltak	-418	-580	-576
332	Kommunale veier, miljø- og trafiksikkerhetstiltak, parkering	5 074	4 325	4 617
338	Forebygging av branner og andre ulykker	281	388	116
339	Beredskap mot branner og andre ulykker	3 611	3 043	3 254
340	Produksjon av vann	98	5	-
345	Distribusjon av vann	113	150	92
350	Avløpsrensing	481	762	220
353	Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	-697	-718	-563
354	Tømming av slamavskillere, septiktanker o.l.	-40	-0	-48
355	Innsamling av husholdningsavfall	-56	4	-89
360	Naturforvaltning og friluftsliv	93	61	50

370	Bibliotek	938	913	864
377	Kunstformidling	-41	-	-63
380	Idrett	125	160	137
381	Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	1 626	1 801	1 217
383	Musikk- og kulturskoler	978	966	915
385	Andre kulturaktiviteter og utgifter til kulturbygg	1 588	1 910	865
390	Den norske kirke	2 320	2 309	2 149
392	Andre religiøse formål	107	75	86
393	Kirkegårder, gravlunder og krematorier	1 073	1 021	1 071
800	Skatt på inntekt og formue	-116 519	-98 591	-101 276
840	Statlig rammetilskudd og øvrige generelle statstilskudd	-102 988	-110 488	-124 067
860	Motpost avskrivninger	-11 231	-11 303	-10 907
870	Renter/utbytte og lån	13 012	13 412	29 945
880	Interne finansieringstransaksjoner	1 755	1 852	5 919
899	Årets regnskapsmessige merforbruk/mindreforbruk	4 665	-	5 925
		-0	-0	-0

Tal pr ansvar (tal i 1000 kr):

Sentraladm./stab/støtte :

Ansvar (T)	2019			2018	2017
	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Kommunestyre, formannskap, nemnder	4 280	3 864	3 969	3 519	2 849
Rådmannskontor	7 733	6 537	7 053	7 504	6 920
Utval/råd	78	64	64	52	58
Administrasjonsbygg	772	543	872	1 048	971
Fellesfunksjonar	6 257	5 343	5 486	5 464	5 577
Tillitsvald	481	392	411	457	437
Kommuneval – stortingsval	119	200	200	4	109
Næringsutvikling	440	495	495	341	462
Reiseliv	688	700	700	195	402
Veterinær	150	153	153	150	156
Veterinær samarbeid	-	-	-	-1	3
Andre næringsføremål	-	-	-	-	96
Alkoholomsetnad - kontroll	-68	-30	-30	-58	-42
Kultur	1 593	1 468	1 526	1 383	1 501
Tysneshallen	901	700	1 067	486	702

Bibliotek	898	798	855	854	642
Folkehelsekoordinator	263	273	295	258	239
Kyrkjeleg administrasjon	2 320	2 309	2 309	2 149	2 090
Truomssamfunn	107	75	75	86	72
Sum sentraladm/stab/støtte	27 014	23 883	25 498	23 890	23 244

Oppvekst

	2019			2018	2017
	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Ansvar (T)	514	524	560	527	450
Administrasjon oppvekstetaten					
Fellestiltak skulane	2 657	4 381	4 403	3 201	2 448
Onarheim skule	4 091	3 535	3 638	3 336	3 100
Tysnes skule	22 933	21 291	22 318	22 851	22 289
Uggdal skule	11 129	10 815	11 184	11 341	10 971
Fellestiltak barnehagar	1 835	1 956	2 040	1 510	1 950
Stjernereiso barnehage	9 830	8 371	9 444	9 085	8 326
Onarheim barnehage	4 382	3 657	4 169	7 964	5 888
Vågsmarka barnehage	4 194	3 406	3 884	3 793	3 550
Lunde barnehage	5 075	4 427	5 120	0	-
Kulturskule	975	885	966	915	967
Invandr.- og	-260	-1 060	-1 073	-945	-1 199

flyktn.underv.					
Psykisk helsearbeider barn og unge	655	754	794	558	660
Helsestasjon/jordmorte neste	1 857	1 670	1 784	1 652	1 649
Barneverntenester	6 758	4 768	6 508	5 812	5 256
Sum Oppvekst	76 623	69 379	75 739	71 600	66 305

Helse og sosial:

	2019			2018	2017
Ansvar (T)	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Helse- og sosialadministrasjon	1 024	1 266	1 352	814	1 802
Offentleg legerarbeid	272	249	272	272	260
Legekontor	6 861	3 806	5 447	5 309	4 623
Fysioterapi	1 679	1 579	1 646	1 643	1 604
Ergoterapi	801	701	729	883	823
Sosiale tenester	2 587	2 492	2 577	2 147	1 986
Edruskap	149	-91	-15	80	11
Mottak flyktningar	395	306	361	-79	-2 333
Tysnes omsorgssenter	30 593	26 904	28 843	28 945	27 924
Heimesjukepleie	16 406	13 380	14 403	15 510	11 591
Heimehjelp	4 141	4 757	5 026	4 157	3 852
Haugen bufellesskap	9 218	8 285	9 006	9 132	8 338

Vågsmarka bufellesskap	5 409	5 729	6 335	5 523	5 759
Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-1 285	-1 205	-1 205	-1 011	-726
Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-1 057	-937	-937	-1 028	-1 067
Trygde- og omsorgsbustader, Hovland	-62	-190	-190	-184	-352
Psykatri	2 242	1 893	1 997	1 949	1 887
Tiltak for funksjonshemma	3 677	2 990	2 990	3 470	3 017
Dagsenter	2 089	1 924	2 095	1 895	1 853
Friviljugsentral	547	603	635	354	339
Sum Helse og sosial	85 686	74 441	81 367	79 781	71 192

Landbruk/teknisk :

	2019				
Ansvar (T)	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017
Landbruk- og teknisk administrasjon	6	78	78	89	172
Jordbruk	1 496	1 411	1 401	1 472	1 412
Viltforvaltning	-	-0	-0	-	-

Kart, oppmåling, skilting m.m.	878	437	528	1 060	682
Brann	3 618	3 160	3 240	3 371	3 225
Byggforvaltning	776	258	426	459	777
Bygg- og eideomsforvaltning	7 390	8 478	5 836	6 240	5 021
Renovasjon	-56	-0	4	-89	-89
Kloakk	-256	0	44	-392	-312
Vassverk	211	150	155	92	-
Vegar	4 209	3 356	3 383	3 675	2 679
Sum Landbruk/teknisk	18 272	17 328	15 095	15 978	13 566

2. PERSONAL OG ORGANISASJON

2.1 Styringsstruktur




Fig. 2.1: Styringsstruktur 2019

Strategisk leiing har vore sammensett av rådmann, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef oppvekst, økonomisjef og prosjektsjef. Forutan fellestenesta og stab rapporterer også forvaltning og brann/drift og vedlikehald til rådmann. Skular, barnehage og eining for brann og familie rapporterer til kommunalsjef oppvekst. Institusjon, open omsorg, helse og NAV rapporterer til kommunalsjef helse og sosial. Kommunalsjef oppvekst er rådmannen sin faste stedfortreder.

2.2 Organisasjonsdemografi

Gjennomsnittsalderen for tilsette i Tysnes kommune er p.t 43 år. 36 av dei tilsette er 60 år og eldre. Det betyr at me i næraste framtid vil måtte rekruttera fleire nye medarbeidarar. Me ser samstundes at det har vore ei viss avgang dei siste åra og at gjennomsnittsalderen er på veg nedover.

Gode rekrutteringsprosessar og kloke val kan føra til at ei naudsynt fornying i personalgruppa går fint. Me ser også at det er svært ønskjeleg å halda på den kompetansen dagens seniorar har. Tysnes kommune er positiv til å vurdera overgang til avtalar om pensjonistløn der det kan vere mogleg. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevarepolitikk som også er attraktiv for nye søkjarar.

2.3 Likestilling

I Tysnes kommune er 79 % av dei tilsette kvinner, dette inkluderer alle stillingar, andelen kvinner vert noko høgare om me held tilsette i brannvesenet utanom. Målt i talet på årsverk er 82,1 % av årsverka utført av kvinner. Kvinner i verksemda har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på litt i overkant av 72 %, tilsvarande stillingsstorleik for menn er noko lågare om me reknar inn brannmannskap. Dersom me held denne gruppa utanom er gjennomsnittleg stillingsstorleik for menn noko høgare. Dette er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar slik som pleie- og omsorg og oppvekst.

Tabellen under viser samanlikning av månadsforteneste for menn og kvinner i Tysnes kommune 2016-2019. Generelt ligg kvinner sin månadsforteneste noko lågare enn tilsvarande tal for menn, dersom me samanliknar stillingar med same stillingskode og utdanning er løna i realiteten lik.

	2016	2017	2018	2019
Justert for	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste	Kvinner si månadsforteneste i % av menn si forteneste
Ujustert	84,7	87	85,9	86,4 %
Alder	84,6	87,8	87	86,4 %
Stillingsgruppe	97,8	98,4	96,7	97,4 %
Stillingskode	99,8	101,4	101,1	99,6 %
Utdanning	98,5	105,1	94	100,5 %

Tysnes kommune har ikkje særskilt planverk som gjev grunnlag for kvotering til stillingar basert på kjønn, etnisitet eller funksjonshemming. Det har ikkje vore vurdert å nytta kvotering.

2.4 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune har ei positiv utvikling frå 2016-2017 og me nærmar oss målsettinga om eit samla nærvær på 96 %.

Dei siste åra har det vore fokusert på leiaropplæring med særskilt fokus på korleis me kan leggja til rette for auka nærvær. Opplæringa vart utført i samarbeid med NAV arbeidslivssenter og har vore fylgt opp vidare med dialogmøter på arbeidsstadane, hausten 2016 og våren 2017. På desse møta har einingsleiar, tillitsvalde, verneombod, personal og NAV arbeidslivssenter sett nærare på nærværarbeidet på den einskilde arbeidsstad.

Tab 2.1: Oversyn over samla sjukefråvær	2015	2016	2017	2018	2019
Samla fråvær	8,40 %	7,37 %	7,19 %	7,65 %	9,0 %
Andel korttidsfråvær	30,94 %	33,65 %	40,9 %	37,8 %	30,1 %
Andel langtidsfråvær	69,06 %	66,35 %	59,1 %	62,2 %	69,9 %

Tab. 2.2: Sjukefråvær delt per sektor 2015-2019	2015	2016	2017	2018	2019
Sentraladministrasjonen	2,0%	1,9%	2,57%	2,1 %	5,7 %
Oppvekst	7,2%	8,2%	8,1%	7,3 %	7,4 %
Helse- og sosial	11,1%	7,5%	7,19%	8,5 %	12 %
Landbruk og teknisk	7,8%	7,7%	6,23%	9,4 %	3,9 %
Samla	8,7%	7,4%	7,19%	7,65%	9 %

Sjukefråværet i 2019 viser ein samla oppgang. Oppgangen skjer på sektorane sentraladministrasjon og helse og sosial. Innan oppvekst er det ganske stabilt medan landbruk og teknisk viser ein nedgong. Landbruk og tenknisk og sentraladministrasjonen har så vidt få årsverk at dei i større grad vert påverka av variasjonar. Samla sjukefråvær i Tysnes kommune ligg under det samla sjukefråværet i sektoren som er på 9,8 %. Det er også verd å merkja seg at Tysnes kommune ligg lågare enn gjennomsnittet for kommunesektoren innan dei fleste sektorområda med unntak av pleie og omsorg.

Det samla sjukefråværet hadde ei positiv utvikling frå 2017-2018 og me nærma oss målsettinga om eit samla nærvær på 96 %. Fråværsprosenten for 2019 gjev imidlertid nokre utfordringar på denne målsettinga, og det vert arbeidd med tiltak på kvar eining for korleis me skal auke nærversprosenten.

Dei siste åra har det vore fokusert på leiaropplæring med særskilt fokus på korleis me kan leggja til rette for auka nærvær og god leiing. Etter innspel frå leiarar og AMU, har me fortsett leiarutviklingskurs i 2019. To av desse kursa har vore i regi av bedriftshelsetenesta, first time management og situasjonsbestemt leiing. Desse kursa har gått over 1 og 2 dagar, og har gitt leiarane gode verktøy. Bedriftshelsetenesta har samstundes gjennomført HMS-kurs for vernetenesta og leiarar, samt delteke på ei samling med vernetenesta lokalt.

Det har også vore gjennomført eit dagskurs i hovudtariffavtalen for leiarar og tillitsvalte, samt eit dagskurs i sjukefråværsoppfølging. Kurset om sjukefråværsoppfølging i regi av infotjenester var retta til leiarane. Det er ønskjeleg å halde eit tilsvarande kurs ila 2020/-21, der både vernetenesta og tillitsvalte deltek.

Samla sett er sjukefråværet alt for høgt, men me skal også ha med oss at mange også er friske. Dei aller friskaste svarer for noko over 14.000 dagsverk utan ein einaste fråværsdag. Dersom me trekk ei linje i organisasjonen mellom dei som har under 7,9 % fråvær er samla fråvær for heile denne gruppa berre 1,8 % på om lag 40.000 dagsverk.

Det er viktig at fokuset vert sett på det lange fråværet, det korte fråværet er stabilt og moderat til samanlikning. Fokuset må vera å vurdere tilrettelegging og tilpassing av arbeidet for dei 27 % av våre tilsette som har 85 % av alt fråværet. Det er samsundes viktig å få vurdert om det er særskilte arbeidsmiljøfaktorar som også slår ut for denne gruppa.

2.6 Rekruttering

Totalt har det vore gjort 16 nye tilsetjingar i 2019, dette inkluderer både faste tilsetjingar og mellombelse tilsetjingar gjennom vikariat og anna.

Turnover, målt som endring i ansattgruppe frå 1. desember eitt år til 1. desember neste år, er relativt lav i Tysnes kommune. Dersom me ser gjennomsnitt frå 2016 til 2019 er endringane 9,5 % i perioden. Dette dekkjer også dei som går av med pensjon, dersom me ser det opp mot det fallet me har hatt i gjennomsnittsalder dei seinare år er ein vesentleg del av avgangen til pensjon. Intern turnover, det vil sei overgang til anna sektor eller stilling i kommunen utgjer 3,75 % medan turnover til annan kommune utgjer 2,55 %.

2.7 Etikk

Etiske retningslinjer for Tysnes kommune vart rullert av kommunestyre i april 2018. I samband med denne rulleringa har personalavdelinga fylgt dette opp gjennom møte på dei fleste arbeidsstadar ila 2018 og 2019. Hovudfokus i desse møta har vore etiske retningslinjer, varslingsrutiner og konflikthandtering.

Fokus på etiske retningslinjer er teke inn som ein del av introduksjonsprogrammet for nytilsette i verksemda. Det vert elles arbeid ein del med etisk refleksjon i høve til personal og avdelingsmøter, dette vert litt ulikt ivareteke frå avdeling til avdeling. Nokre avdelingar har etikk som eit fast punkt på møter, medan nokre arbeider opp mot å gjera det til eit større tema på einskilde møter der dei går gjennom ulike case. I barnehagane er det lagt eit løp der etikk er eit tema på alle avdelingsmøter i august månad, då dette er månaden med flest nytilsette.

Barnevernet deltek i Tenestestøtteprogrammet, der etikk er grunnlaget for det det vert jobba med.

For 2020 er planen at det vert arbeidd vidare langs same aksene som no. Oppfølging av rutine for nytilsette vil ha fokus. Det er elles lagt opp til gjennomføring medarbeiderundersøkinga 10-faktor. Dette er eit anerkjent digitalt utviklingsverktøy, som er utvikla av KS. Undersøkinga gjer

ein score på dei ti faktorane som er vurdert som viktige innsatsfaktorar for å oppnå organisasjonen sine mål og kvalitet på tenestene. Resultata skal jobbast med på einingane og legg opp til at både leiding og tilsette tek ansvar for endring/forbetring.

Dette er også eit viktig etisk arbeid knytt til informasjonsarbeid og medvit i korleis me handsamer brukarinformasjon. Arbeidet har fått auka fokus i samband med innføring av personvernforordninga (GDPR). I 2019 vart arbeidet med tilpassing til nytt regelverk vidareført. Det vart også gjennomført leiarsamlingar der GDPR har vore tema. Datahandsamaravtaler er teikna og fylgt opp, det er også gjort noko arkivmessige grep for å ivareta betre kontroll over desse.

Det er i år også organisert fellesmøte mellom arkivtenester i nærområde for å ha særskilt fokus på GDPR og arkivarbeid. Arkivplanen er oppdatert på ein del viktige punkt. Dette arbeidet held fram utover i 2020 også.


Arbeid med å sikra brukarane våre eit god personvern og ivareta den generelle informasjonstryggleiken i verksemda er viktig og vil ha vidare fokus i året me no er inne i.

3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut gjennom dei politiske prosessane.

Den politiske organisasjonen var i 2019 slik:



Forutan denne overordna strukturen har kommunen også ein rekkje råd og underutval, nedanståande tabell viser politisk aktivitet målt i tal på saker i siste år fordelt per utval for 2015 -2019:

Tab. 3.1 handsama saker delt per utval	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunestyre	95	91	72	54	75
Formannskap	111	98	92	97	87
Oppvekst/omsorg – tenesteutval	20	35	33	24	37
Landbruk/teknisk	135	145	144	127	103
Administrasjonsutval	5	8	14	14	9
Arbeidsmiljøutval	7	13	7	21	18
Eldreråd	8	9	4	5	3
Ungdomsråd	8	26	35	34	-
Sakkunnig nemnd	7	6	8	2	4
Sakkunnig ankenemnd	2	1	3	0	1
Tilsetjingsutval	76	64	58	24	63
Husbankutval	14	18	9	10	5
Valstyre	14	-	9	-	15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	-	0	3	1	0
Andre ⁱⁱⁱ					
SUM	502	514	491	413	402

Underståande tabell viser dei sakene som kommunestyre hadde til førehaving i 2018. Tabellen viser litt kring breidda i det politiske arbeidet.

ⁱⁱⁱ AMU, sakkunnig nemnd, tilsetjingsutvalet, ungdomsrådet og eldrerådet.

Tab 3.2: Saker til handsaming i kommunestyre 2019	Møtedato	Sak
Kommunestyre	13. februar	Fritak frå betaling av leige i Tysneshallen Forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker Rullering - kommuneplanen sin samfunnsdel 2018 - 2030 Rullering av ruspolitisk handlingsplan 2019 Val av valstyre - kommune- og fylkestingsvalet 2019 Nye skattereglar for mottak av ytingar 2019 Overgangsplan for barnehagane og skulane i Tysnes - revidert Val av leiar og nestleiar i tenesteutvalet Forlenging av åremål for rådmann Steinar Dalland
	14. mai	Forskrift om minsteareal for jakt på hjort i tysnes kommune Årsmelding 2018 for kontrollutvalet i tysnes kommune Reguleringsplan for Malkenestangen - gnr. 121 bnr. 5 m.fl. planid: 2018-03 Leige av tinghuset i uggdal Folkehelseoversikt i Tysnes kommune 2018 - 2023 Tysnes sjukeheim - prosjekt for vidare bruk utleige Utskrivingsalternativ for verk&bruk- overgangsordning 2019 Tilstandsrapport for tysnesskulane 2019 Søknad om serveringsløyve - Sjøly as Søknad om skjenkeløyve - Sjøly as
	18. juni	Årsmelding 2018 Rekneskap for Tysnes kommune 2018

		<p>Konkurransetsetjing av revisjonstenester for Tysnes kommune - val av revisor Ny selskapsavtale for interkommunalt arkiv i Hordaland Finansforvaltning - rapport pr 30.04.19 2019 Endring av skulestruktur - onarheim Retningsliner for bruk av mobiltelefon - privat/arbeid Søknad om utviding av eksisterande skjenkeløyve for Tysnesfest Kommunal overtaking - intensjonsavtale med Tysnes vassverk sa</p>
	24. september	<p>Utviding til 5 dagars skuleveke Kommunal overtaking - endeleg avtale med Uggdal vasslag sa Forskrift om vass- og avlaupsgebyr Reguleringsplan - Skår kai Kommunedelplan for kulturminne 2019-2029 Kjøp av areal til miljøsentral i Eredalen Avfallsplan for småbåthamner i Tysnes kommune Søknad om skjenkeløyve for Rekkjetunet 1599 Bergen og omland friluftsråd - endring i deltakarkommunar Endring av namn på landbruk/teknisk Samanslåing av råd - råd for eldre/råd for personar med funksjonsnedsetjing</p>
	15. oktober	<p>Kommunestyrevalet 2019 Val av formannskap for 2019 - 2023 Val av ordførar for 2019 - 2023 Val av varaordførar for 2019 - 2023 Val av kontrollutval 2019 - 2023 Val av tenesteutval 2019 - 2023 Val av leiar i tenesteutvalet 2019 - 2023 Val av nestleiar i tenesteutvalet 2019 - 2023 Val av utval for landbruk/teknisk 2019 - 2023 Val av leiar i utval for landbruk/teknisk 2019 - 2023 Val av nestleiar i utval for landbruk/teknisk 2019 - 2023 Val av representant og vararepresentant til årsmøte i KS Val av medlemmer til representantskapet i samarbeidsrådet for Sunnhorland iks - 2019 - 2023</p>

		Vassregion vestland 2019 - 2023 - val Val av valnemnd 2019 - 2023
	17. desember	Forvaltningsrevisjon - kapasitet og etterleving av rutinar og regleverk - pleie og omsorg Administrasjonsutval 2020 - 2023 Val av sakkunnig nemnd 2020 - 2023 Val av klagenemnd for eigedomsskattesaker 2020 - 2023 Kommunal representant i kyrkjeleg fellesråd 2020 - 2023 Framtidig organisering av DIHVA - stifting av aksjeselskap Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2020 Planprogram - kommuneplan - arealdel - godkjenning Finansforvaltning - rapport pr. 31.10.2019 Tysnesfest - økonomisk støtte 2020 - 2022 Utviding til 5 dagars skuleveke Eigedomsskatt 2020 Budsjett 2020 - økonomiplan 2020 – 2023

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

3.2 Prosjekt

Investeringsporteføljen til Tysnes kommune har i 2019 bestått av fleire nokså ulike prosjekt. Fyrste prioritet har vore å ferdigstilla forprosjekt og anbudsgrunnlag for Tysnes skule mellomtrinn og gjennomføra anskaffelsen og kontraktssignering med entreprenør.

For å gjennomføra ambisjonane i økonomiplanen dei komande åra vart prosjektavdelinga styrka med ein halv stilling i 2019, og ein ny prosjektmedarbeidar tiltredde stillinga si i november. Vedkommande har også ein halv stilling avsett til arbeid med vass- og avlaupsforsyning. Dette fører fyrst og fremst til at prosjektavdelinga er rusta til å gjennomføra fleire av prosjekta samstundes, men det minskar også sårbarheita for området.

I tillegg til ein del enkeltinnkjøp som vert rekna som investeringsobjekt har administrasjonen i 2019 arbeida med følgjande prosjekt:

Tab. 3.3. Prosjektoversyn med kommentarar til enkelte prosjekt under.

Prosjekt	2018	2019
Tysnes omsorgssenter – Sluttoppgjer	Ferdigstilt	
Tysnes skule – Nytt mellomtrinn	Oppstart	Under arbeid
Ombygging av Eredalen til brannstasjon med tilrettelegging av området	Ferdigstilt	
Omsorgsteknologi	Under arbeid	Under arbeid
Utbyggingsavtale Krokjen – Lande	Under arbeid	Ferdigstilt
Brannsikring av PU Vågsmarka	Oppstart	Ferdigstilt
Tilstandsrapport Tysnes sjukeheim	Ferdigstilt	
Måling av Tysnes kyrkje	Ferdigstilt	

Meiroppe bibliotek	Oppstart	Ferdigstilt
Adressering og skilting av kommunale vegar	Under arbeid	Ferdigstilt
Ny AV-løysing i kommunestyresalen		Ferdigstilt
Oppgraderingar i IKT-infrastruktur		Ferdigstilt
Overgang til fullelektronisk arkiv		Ikkje påbegynt
Utvikling av området ved Tysnes omsorgssenter		Påbegynt
Brannbil – First responder		Ferdigstilt
Utviding av parkeringsplass i Solheimsdalen		Ikkje påbegynt

Vidare kjem ein kort omtale om ein del av prosjekta i 2019.

Tysnes skule – Nytt mellomtrinn

Første halvår arbeide prosjektet med å ferdigstilla eit komplett forprosjekt med anbodsgrunnlag. I andre halvår vart anskaffinga og kontraktsignering gjennomført som ein anbodskonkurranse med pre-kvalifisering og forhandlingar. Anskaffinga vart gjennomført etter planlagt framdrift og utan klage frå nokon av interessentane. Kontrakt med entreprenør for totalentreprisen vart signert like før jul.

Utbyggingsavtale Krokjen – Lande

Bustadfeltet på Lande og i Krokjen, med tilhøyrande utbetring av Landavegen, er gjennomført som ein utbyggingsavtale etter plan- og bygningslova i samarbeid med ein privat utbyggjar. Me har i denne prosessen tatt til oss vidare erfaring med utbyggingsavtalar, der den tydeligaste erfaringa er at det krevjar meir interne ressursar i administrasjonen enn det me antar på førehand.

Brannsikring av PU Vågsmarka

Prosjektet har omfatta ein brannteknisk tilstandsanalyse og gjennomføring av tiltak frå denne. Dette har ført til at bygget no er fullsprinkla og har fått ein oppdatert brannsentral og tilfredstillar no alle brannkrav for denne typen bygningsmasse.

Meiroppe bibliotek

I prosjektet etablerte me ein eigen inngang til biblioteket og gjorde naudsynte oppgradering for resten av bygningsmassen slik at biblioteket kan ha ubemannet opningstider utanom opningstida til Tysneshallen. Dei som inngår ein avtale med biblioteket om tilgang til meiroppe kan no bruka biblioteket kvar dag, heile året, mellom 08.00 og 22.00.

Adressering og skilting av kommunale vegar

Prosjektet med adressering og skilting har vore eit arbeid som har gått føre seg over fleire år. Prosjektet er no ferdigstilt, og arbeidet med vedlikehald og vidare oppdateringar blir gjennomført som ein del av den ordinære drifta.

Brannbil – First responder

Avtale om ny mannskapsbil for brannvesenet vart inngått i mai, men grunna fleire tilpassingar er leveringstida lang og bilen er ikkje levert ved årsskiftet.

Utviding av parkeringsplass i Solheimsdalen

Prosjektet med å utvide parkeringsplassen i Solheimsdalen i samarbeid med Onarheim Idrettslag vart ikkje starta i løpet av året som planlagt. Prosjektet er derfor vidareført til 2020.

3.2.1 Digitalisering

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon.

I Digitaliseringsstrategi 2013–2016 for kommuner og fylkeskommuner, skriv KS m.a. følgjande:

«IKT skal forenkle tilgangen til informasjon og tjenester. Innbyggere og næringsliv skal få tilgang til kvalitetssikret informasjon gjennom et bedre og raskere møte med det offentlige, og ansatte skal ha tilgang til velfungerende IKT-system som effektiviserer og forenkler arbeidet. Internettbaserte tjenester brukes i stadig større omfang.»

«Hovedmålet er altså at innbyggere og næringsliv faktisk ønsker å ta et «digitalt førstevalg».»

For Tysnes kommune er det viktig å ha digitale tenester som vert nytta fordi dei er gode, ikkje fordi det ikkje finst alternative tenester.

Kommunestyre gjort hausten 2017 vedtak om å gå inn i DigiFin som er ei finansieringsordning der kommunane saman skal sikra at sektoren får ei utvikling mot meir homogene IT løysingar og der sektoren opptre einskapleg i forhold til både andre offentlege etatar og sektorområde og ikkje minst i høve til kommunane sine IKT leverandørar. Finansieringsordninga tek sikte på å sikra mellomfinansiering til å utvikla felles digitale komponentar til kommunesektoren. Alle kommunar som er med i dette samarbeidet bidreg med kr. 20 per innbyggjar.

Digitale fellesløysingar som har hatt fokus i 2020 er mellom anna digihelse og digisos. Digihelse er ein digital samhandlingsplattform for tenesteytarar, pårørand og brukarar spesielt retta mot kommunale omsorgstenester. Digos er ei løysing for å auka digital samhandling i samband med søknader om økonomisk sosialhjelp.

Av andre løysingar som har hatt særskilt merksemd og hatt ein god utvikling i 2020 kan nemnast Visma skule som er eit komplett forsystem for skular. Systemet gjev ein plattform for digitalt samarbeid mellom heim og skule. Systemet har også integrasjon mot løn og økonomi, det vert arbeid med å få på plass integrasjon mot kommunen sitt sak og arkivssystem. Innanfor barnehagar vert det arbeidd med å få på plass Visma

barnehage, deler av systemet er på plass slik som integrasjon mot løn og økonomi. Det vert arbeid vidare med at systemet skal erstatta Vigilo som digital samhandlingsplattform mellom heim og barnehage. Det vert også arbeidd med å få integrasjon mot kommunen sitt sak og arkivsystem.

3.3 Planarbeid

Det har også vore arbeid vedkommande detaljreguleringsplan for Skår kai tidleg i 2018. Djupvasskai for havgåande fiskebåt og regulering av areal avsett til næring i kommuneplan.

I 2019 vart det reguleringsplan Elsakervågen mest ferdig. Dette vil vera ein Kommunal reguleringsplan for å regulera landbruk, næring, veg og kaiføremål i tråd med dagens og framtidig bruk. Det er venta at planen vert lagt ut til høyring i første halvår 2020.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart formelt vedtekn vinteren 2019. Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel er starta opp og det er mellom anna gjort vedtak om planprogram for dette arbeidet. Innspelsrunden av planen er planlagt gjennomført i første halvår 2020.

Kommunedelplan for Kulturminner vart sendt til høyring hausten 2019 og vil verta lagt fram for endeleg vedtak våren 2020.

Kommunedelplan for E39 vart endeleg vedteke i 2019 og det knyt seg no stor spaning til oppstart og gjennomføring av detaljreguleringsplanen for dette viktige prosjektet!

4. TENESTEOMRÅDA

I følgjande kapittel vil me kort gå gjennom dei ulike tenestekområda, gjennomgangen vert gjort etter budsjettkapitel.

4.1 Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene
- Kultur
- Næring
- Plan

Ein del av sentraladministrasjonen sine arbeidsområder er naturleg omtala gjennom kapitla økonomi, politikk og utvikling og personal.

4.1.1 Post og arkiv- fellestenesta

I januar 2019 avleverte kommunen ca. 40 hyllemeter med helsejournaler frå legekontor og helsestasjon til Interkommunal Arkiv i Hordland. Her blir helsejournalane «renska» og listeført og lagra «for alltid».

Januar/februar vart sak- og arkivsystemt vårt oppgradert til ein nyare versjon 8.3. Prosjektet var leiar av Evry, men også ein del arbeid vart utført lokalt, oppfølging og opplæring av brukarar av systemet.

Arkivarbeidarar i fellestenesta nyttar seg av tilbod om fagsamlingar eller kurs gjennom Interkommunalt arkiv i Hordland. I 2019 hadde IKAH fagsamlingar spesielt retta mot kommunar som ikkje skulle slå seg saman med andre, såkalla K19-kommunar.

Tysnes kommune sender no mesteparten av all kommunal kommunikasjon gjennom KS sin teneste: SvarUt. I forhold til mangen kommunar var Tysnes tidleg ute med denne tenesta. I 2018 var det første året alle breva med med opplysningar om eigedomsskatt og skattetakst vart sendt elektronisk gjennom SvarUt, over 3000 brev. Dette er vidareført no i 2019, og me nyttar meir og meir digitale utsendingar.

Kommunen nyttar også SvarInn. Dette er ein vidareutvikling av SvarUt, og reint praktisk betyr dette at mykje av den kommunikasjonen som offentlig forvaltningar har seg imellom, og andre store samarbeidsaktører, legg seg direkte i sakssystemet vårt, for så å bli handtert derifrå. Dette har fram til no mest vore nytta av bedrifter og offentlig forvaltning. Etter kvart som befolkninga kommuniserer meir og meir på elektroniske plattformer, ser me at dette også vert meir nytta av resten av befolkninga.

I 2019 har me også fått på plass digital signering slik at avtaler som tidlegare vart sendt manuelt for signering vert no i hovudssak sendt elektronisk med signering ved bruk av BankId.

I 2018 var det første året med kommunal vigsel. Fellestenesta har hatt ansvar for å tilretteleggja desse vigslene, både i form av informasjon og kommunikasjon med brudepartet, i tillegg til praktisk førebuing når vigselen er på rådhuset. I 2019 var det totalt 4 vigsler.

4.1.2 Val

I 2019 var det kommune- og fylkestingsval. Valtinget var måndag 9. september. Valførebuingar for valansvarlege starter opp så vidt året føre, men starter for fullt i februar. I mars var det valkonferanse på Gardemoen del 1 og del 2 var i mai. Det vart halde prøveval 12. juni og 21. august.

Førebuingar til valg gjennomføringa er bla opplæring av førehandsmottakarar, kvalitetssikra valutstyret, rekruttera og følgja opp røystemottakarar ute i røystekretsane. I år har det vore fokus på universell utforming av røystelokala, og valansvarlege har i samband med dette vore på synfaring i røystelokala. Me har oppjustert eit vallokale med rullestolrampe, slik at dei vallokala me har no, er velfungerande.

Fellestenesta, som vert nytta til å motta førehandsrøystingar i resepsjonen, er alltid løysingsorienterte mens dette arbeidet pågår, i tillegg til normal drift. I år var me også på omsorgssenteret ein dag og me var ute på ambulerande mottak av førehandsrøyster.

4.1.2 IT

IT-løysingane på rådhuset har også i 2019 vore stabile og med ei høg oppetid. T.d. har oppetida vore 100 % for legeserver i både 2019 og 2018, medan den var 99,995 % i 2017.

Brot i telesambandet skapar problem for den daglege drifta innan IT-løysingane. Særleg alvorleg er at helsenett oftast også vert ute av drift når telesambandet er nede. Dette er alvorleg ut frå at stadig meir informasjon til og frå legesystemet går elektronisk via helsenett. Døme er e-resept og lab-svar frå Haukeland.

I 2017 vart Tysnes Omsorgssenter ferdig, og me har hatt omsorgsteknologi i bruk i over to år. Denne gjev oss gevinstar, men krev også noko arbeid i samband med drifta.

Brot i telesamband/fiber til rådhuset/omsorgssenteret og straumbrot, er dei 2 største utfordringane me har innan IT i dag. Den 3. største utfordringa er opplæring. Me ser i den daglege drifta at det er trong for meir opplæring innan bruk av IT-system. Dette gjeld både generell datakunnskap og kunnskap om bruk av fagprogram. Større ferdigheter innan databruk vil nok gjera det mykje lettare å kunna realisera gevinstane av dei ulike datasystema.

Mål frametter innan IT er auka digitalisering og bruk av IT til å betra tenesteytinga vår. Me bør ha som mål at digital samhandling, både internt og eksternt, vert det føretrekte førstevalet. Dette ut frå at me bør ta sikte på å kunna tilby så gode digitale løysingar, at desse vert enklare og betre å bruka enn tradisjonell papirbasert kommunikasjon.

4.1.3 Innkjøp

Tysnes kommune er knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Stord kommune er vertskommune. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp. Det er i tillegg konsulent på innkjøp i 100 % i Stord kommune. Denne ressursen skal i 60 % stilling arbeida med fellesutlysingar for Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum.

I tillegg til alle felles anbodskonkurransane som Tysnes kommune er med på, har Tysnes kommune i 2019 gjennomført 6 større anbodskonkurransar mellom anna Tysnes skule mellom trinn, vegbrøyting, røykdykkarbil, sprinklaranlegg til våge bufellesskap og vegskilt. Innkjøp har også hatt prosjektgjennomføringa for nytt telefonisystem til kommunen, dette er no oppe og går og fungerer godt.

Alle konkurransane vert no gjennomført fullelektronisk via EU supply.com

Det blei i august 2018 tilsett ein ny person på innkjøp og eigedomsskatt. Det er fullført sertifisering i innkjøp i 2019.

4.1.4 Eigedomsskatt

Også i 2018 var eigedomsskattesatsen 3,8 promille.

Tysnes kommune sitt arbeid med å omtaksera alle eigedomar som er taksert som verk og bruk vart ferdigstilt i løpet av februar 2019.

I 2019 vart eigedomsskattesatsen differensiert mellom eigedomar og næring, det vart samstundes gjort ei kontorjustering av taksten og tilpassa nye reglar for minimumsfrårag. Samla vil ikkje endringane få noko å sei for skatten, ut frå at det no er gjort kontorjustering to år på rad er det bestemt at det skal gjennomførast ei full retaksering i 2020. Arbeidet må vera slutført seinast innan 28. februar 2021.

4.1.5 Fast eigedom

Året 2019 har vore prega av å lande avtale med utleige av den gamle sjukeheimen til Mestringshusene AS. Det ligg føre ein intensjonsavtale som gjev grunnlag for oppfølging når det ligg føre godkjenning frå Helfo.

Tysnes kommune har elles solgt grunn i Erdalen til SIM, kontrakt er signert. Fråskiljing av området og overdraging er under arbeid.

Hovland bu og omsorgssenter vart lagt ut for sal i april 2019. Det har vore gjennomført fire visningar og kommunen har avvist eit bod på 2 millionar kronar. Eigedommen har vist seg vanskeleg å selja. Det vert framleis arbeida med ein mogleg interessent, dersom me ikkje får solgt det her heller bør salstrategien takast opp til ny vurdering.

Grunn til Onarheim barnehage har vore under arbeid i 2019 og det ser no ut til at me skal få teikna ein endeleg avtale med det fyrste.

Sal av gjennomgangsbustad har vore til til handsaming i husleigetvistutvalet, kommunen vann denne saka. Det har vore gjennomført fråvikelse, men ut frå at det ligg føre klage i saka er den ennå ikkje avgjort..

Elles har det vore jobba med leige av nye areal til helse og ungdom på Våge senter som fortsetter i 2020 og det er gjort forsøk på å forhandle om kjøp av areal i Uggdal 5 og arealved Sjevågen til parkering. Det har ikkje lukkast med å lande desse sakene.

4.1.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Samarbeidet med Tysnesfest om beredskap var god også i 2019. Det vert lagt ned mykje godt arbeid for at ein skal vera mest mogeleg budd på uønskte hendingar under Tysnesfest me opplever at beredskapsorganisasjonen til Tysnesfest er profesjonell og godt rusta.

I 2019 vart det også gjennomført ei felles øving i regi av Fylkesmannen, øvinga tok utgangspunkt i atomberedskap og var knytt til ulykke med flytande atomkraftverk. Plan for atomberedskap bør reviderast i 2020.

I samband med ei hending hjå Uggdal Vasslag under Tysnesfest såg me at kommunen i liten grad hadde fungerande system for innbyggjarvarsling, som følgje av hendinga har kommunen no investert i eit system for lokasjonsbasert SMS varsling. Det er gjennomført opplæring og systemet er innarbeida i plan for kommunal kriseleiing.

Tre brannar i 2019 førte til at beredskapen vart testa, me ser at arbeidet gjort av livskrisegruppene er viktig og godt. Me ser samstundes at planverket rundt desse gruppene bør reviderast.

Fylkesmannen gjennomførte seinhausten 2019 eit tilsyn innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Det vart ført to avvik etter tilsynet, begge avvika var knytta til at overordna ROS analyse må reviderast. Det ligg plan om å få dette gjennomført i 2020.

I 2018 vart det ikkje arrangert noko Øving Hordaland, men det har vore gjennomført Øving Lyneld og sambandsøving. Me har plan om gjennomføring av eit større øvingsscenario i 2019, dette vil vera knytt til atomberedskap.

4.1.7 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen.

Den kommunale byggporteføljen har også vorte meir energieffektiv ved at me i slutten av 2017 tok i bruk det nye omsorgssenteret, me ventar ytterlegare energieffektivisering når mellomtrinnet på Tysnes skule vert erstatta av nytt bygg.

I samband med prosjektet Bærekraftige reisemål har Tysnes kommune forplikta seg til å miljøsertifisere verksemda si gjennom Miljøfyrtårn programmet. Arbeidet med miljøsertifisering held fram i 2020.

4.1.8 Økonomi og løn

Året 2019 har vore eit ordinært år for rekneskap og løn.

Som tidlegare år er det fokus på effektivisering gjennom digitalisering av arbeidsprosessar. Stadig fleire fakturaer kjem inn på EHF-format, noko som gjev ein effektiv arbeidsflyt.

Sjukemeldingar vert i all hovudsak motteke elektronisk, også dette reduserer tidsbruken som går med til løn og refusjonar.

4.1.9 Næring og reiseliv

I 2019 vart Tysnes Næringsråd reetablert med nytt styre. Ordføraren har arbeidd aktivt for å få dette til, rådmannen er for tida sekretær for næringsrådet. Me trur at eit sterkt næringsråd vil kunne ta ei viktig rolle i næringsutviklinga i samfunnet og ønskjer mellom anna å involvera dei i plan for næringsutvikling som skal utarbeidast i 2020.

Tysnes kommune nyttar også Atheno som 2. linje tenesteleverandør både mot enkeltpersonar, etablerte verksemder og for å gjennomføra kurs. Samarbeidet med bl.a. Det er gjennomført 2 næringsamlingar sist år i samarbeid med Atheno. Samlingane ver i stor grad utforma i regi og samarbeid med Tysnes næringsråd.

Det skal utarbeidast ein strategiplan for vidare arbeid innan dette område, det er forankra i vedteken samfunnsdel.

Det kan elle nemnast at det er arbeidd med å attreisa Tysnes næringsråd i ein form som sikrar livskraft frametter.

Reiseliv

Tysnes kommune sine sider i fellesguiden for kommunane i Sunnhordland vart oppdatert. Me deltok med informasjonssider i Sommaravisene til Bladet Tysnes og Sunnhordland.

Alle dei 33 merka turløypene i kommunen gjer Tysnes meir attraktiv for turistar, tilreisande og hytteeigarar. Foldaren Vandring Tysnes sel godt gjennom delar av året.

Turistinformasjonen fekk utbetalt driftstilskot i samsvar med avtale for 2018 med Våge hamn. Mandelhuset drifter informasjonen etter avtale med Våge hamn.

Turistinformasjonen registrerte totalt 6016 turistar i 2019 mot 5585 i 2019. Turistane representerte 31 land, der andelen turistar frå Norge var klart størst (5477) etterfylgt av Tyskland (377) og England (41). Turistinformasjonen er lagt til båthamna og her vart det totalt registrert 2831 gjestedøgn i 2018 mot 2165 i 2018. Det var 1151 gjestedøgn under vanleg sesong. Tilbakemelding frå Turistinformasjonen er at E-brygga som er lagt ut har hatt ein positiv effekt.

4.1.10 Kultur, idrett og friluftsliv

Sentrale oppgåver er m.a tilskotsordningar, kulturformidling, kulturvern, generelt kullturarbeid, idrett, friluftsliv, sakshandsaming, koordinering, sekretærarbeid, planarbeid og reiseliv.

Barne- og ungdomsarbeid

Tysnes ungdomsråd fungerer godt, er aktive og har m.a. arrangert debatt, ryddedag, arrangementssamarbeid med Tysnes kystlag og møte med politikarar. Ungdomsrådet deltok med 4 representantar på Ungdommens fylkesting. Ved valet i oktober var det ingen frå vidaregåande skule som stilte til val. Det har ofte vist seg at for mange er det vanskeleg å kombinere eit slikt verv med skulegang i andre kommunar.

Me har sekretærfunksjon/kontaktperson i ungdomsrådet.

Kulturvern

Faste tilskot til og med 2019	Venelaget for jåttmuseum	12 000
	Årbakka handelsstad	20 000
Tilskot etter søknad	Lafestova på Lande	20 000
	Ernst Berge Drange	50 000

Årbakka handelsstad fekk i tillegg kr 20 000 i tilskot til drift for sommarsesongen. Kommunen har høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år, bruke parkeringsareal, gangveg og kaiområde.

Av nye ting innan dette område i 2019 kan det særskilt nemnast at Tysnes kommune har inngått ein leigaavtale med Tysnes Sogelag knytt til bruk av gamle Tinghuset. Avtalen inneber at kommunen går inn med ein del midlar til vøling av bygget. Me trur at bygget over tid kan verta utvikla til ein viktig samlingsstad for fleire lag, per i dag samarbeider Tysnes sogelag, Bygdekvinnelaget og Venelaget for Jåttmuseum om prosjektet.

Kommunen er medlem av Sunnhordland museum og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. Tysnes kommune var viljuge til å auka sitt tilskot til museet under føresetnad av at også dei andre kommunane i regionen gjorde det, men det vart det ikkje noko av. Bygningsvernkonsulenten ved musèet vert nytta til rådgeving i samband med restaureringsplanar, han vart m.a. nytta for å vurdera Tinghuset.

Kulturformidling

Det årvisse tilskotet til drift av Grendatun kino vart vidareført. Solheimsdalen grendalag vart tildelt kulturprisen ikkje minst for sitt arbeid med Solheimdalen skulemuseum.

Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd. Kulturmidlar til idrett kr 125 700 vart fordelt til 8 lag. Det vart også sett i gang eit forsøk over to år med gratis halltid for all aldersbestemt idrett. I samband med budsjett for 2020 er Kulturmidlar til idrett auka opp.

Kommunedelplanen for idrett sitt handlingsprogram vert rullert i samband med prioritering av spelemidlar. Sjølve planen bør etter kvart reviderast.

Friluftsliv

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held vedlike 10 område.

Allment kulturarbeid

Etter fleir år med sekretærarbeid i Hegglandgruppa var 2019 året for gjennomføring av det store jubileet. Statue av diktaren er komen på plass utanfor Tysneshallen finansiert av Tysnes Kraflag. Det var elles ei fin og verdig markering i Tysneshallen før jubileumsdagen vart avslutta med framføring av sogespelet om Onarheimsgilde. Framsyninga vart gjennomført i kulturkyrkja. Hausten 2019 vart det skipa eit nytt teaterlag på Tysnes. Laget har fått kommunal støtte til ny oppsetning av Onarheimsgilde og kan vonleg utvikla seg til ei kulturell kraft i Tysnessamfunnet.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar. Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur- og friluftaktivitet, kulturminne og kulturbasert næring.

Kulturkonsulenten gjennom mange år takka av i 2019.

4.1.11 Folkehelse

Partnerskapsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune vart fornya og Tysnes fekk tildelt i stimuleringsmidlar også i 2019. Prosjektet er forankra i Lov om folkehelsearbeid med formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Me har delteke på fleire fylkeskommunale samlingar og i tillegg delteke på KS sitt prosjekt og nettverk «Kommunal helseoversikt» i lag med fleire andre kommunar i Hordaland. Kommunestyre gjorde våren 2019 vedtak om ny Folkehelseoversikt for Tysnes.

4.1.12 Bibliotek

I 2019 vart meirope folkebibliotek formelt opna, ordninga har ført til meir bruk av biblioteket. Det er også positivt at me no har fått på plass sambruk mellom folke- og skulebibliotek.

Det totale utlånet for 2019 meir enn dobla seg samanlikna med dei to føregåande åra. Samla utlån av fysiske medier endte på 5882, av dette var 5442 bøker medan det øvrige vart lydbøker og andre fysiske medier.

Også antal besøkande til biblioteket meir enn dobla seg samanlikna med føregåande år, samla besøkstal endte på 3666. Det vart gjennomført 17 arrangement og talet på besøkande på arrangement endte på 1145.

Samla har biblioteket ei svært god utvikling og me ser fram til fortsetjinga!

4.1.13 Tysneshallen

Tysneshallen er framleis like mykje brukt som tidlegare år. Det er daglege treningar for born og ungdom på ettermiddags- og kveldstid, og Tysnes seniordans har si dansetrening kvar onsdag førmiddag. Tysdagar har ei gruppe av flyktningane trening etter at undervisninga for dagen er slutt.

Hallen er og ein populær stad å feire gebursdag – både med og utan bowling. Tysneshallen er ein fleirbrukshall og lista over ulike arrangement visar så avsloutt det:

4.2 Oppvekst

Oppvekstområde består av Barn og familie som er barnevern, helsestasjon og psykisk helse for barn og unge, og Barn og utdanning, som er barnehagar og skular, PPT, Kulturskule og vaksenopplæring,.

4.2.1 Grunnskule

Me har 3 skular i kommunen fordelt på eit samla elevtal på 307 elevar.

Tab. 4.2: Utvikling av elevtal delt per skule	2015/16	2016/17	2017/18	2018/19	2019/20
Uggdal	97	105	110	107	106
Onarheim	20	27	26	32	31
Tysnes mellomtrinn	80	71	67	72	170
Tysnes ungdomstrinn	90	90	97	93	-
Elevtal	287	293	300	304	307

Samla elevtal har ei auke på 4 elevar. Personalet er stabilt, endringar skjer helst i samband med elevar som har trong for særskild oppfølging. Me får stadig fleire elevar med særskilde og samansette behov, noko som er ei utfordring m.o.t. assistent- og pedagogressursar.

Målet for skulane er: Ein skule der kvar einskild elev nyttar sitt faglege potensiale og blir eit trygt og sjølvstendig menneske.

Dei overordna satsingane på skule område er Fagfornyninga og Anti-mobbing. Ny læreplan kjem frå 2020, så førebuinga til denne er i gang, særleg har det vore fokus på «Generell del» av læreplanen. I 2018 inngjekk me avtale om å vera pilotkommune for den nye Olweus-satsinga,- eit program for å forbyggja mobbing. Arbeidet har hatt stor merksemd og vorte fylgt opp i 2019.

Det er arbeid på tvers av skulane med eit program som heiter *Struktur, kultur og leiing for læring*.

IT

I januar vart det oppretta gjestenett og alle skular og barnehagar har no ope gjestenett tilgjengeleg. I februar fekk me sett opp AD i epostløysinga vår, Office 365. AD vil sei at me no kan bruke Microsoft sitt sky-AD og treng såleis ikkje bruke eigen server for autentisering. Dette tyder at skulane kan operere heilt utan eigen server.

I februar starta også arbeidet med føresette sitt innsyn i Visma Flyt Skole. Innsyn får ein ved hjelp av innlogging på skulane sine sider hos Visma. Så langt får føresette tilgang til fråver, merknader, terminkarakterer, skriv og referat som gjeld eleven og ymse samtykker. I ein app for smarttelefon kan føresette kommunisere med skule/lærar. Dei får også melding om merknader og dei kan melde fråver. Løysinga inneber at me no har på plass eit elektronisk system for kontakt mellom skule og heim. Frå skuleåret 2019 til 2020 er Visma iverksett på alle skular.

Det vert arbeid med å få ei integrering mellom Visma skule og overordna arkiv, dette arbeidet vil halde fram i 2020.

I 2019 vart skrifleg eksamen avvikla ved jelp av Chromebook. Alle elevar på ungdomstrinnet nyttar no Chromebook som læringsverktøy, det vart i desember kjøpt og driftssett nye Chromebooks ved Uggdal og Onarheim skule.

Onarheim skule.

Personalet på Onarheim er ein fin blanding av erfaring og ungt pågangsmot. Dei har gode rutinar for års- og halvårsplanlegging, og sikrar difor at læreplanverket blir fylgt opp så godt som råd er. Lærarane på skulen har i fleire år hatt heile sin skuletid/fellestid bunde på skulen. I praksis er dei fleste lærarane på arbeidsplassen ein god del meir enn dette og.

Lærarane på Onarheim skule dekkjer fagkrinsen i barneskulen på ein god måte med unntak av i engelskfaget. Ein av lærarane tok vidareutdanning i dette i skuleåret 2018/2019, vedkomande har p.t. permisjon, men vil dekkja fagkrinsen på ein god måte når permisjonen er avslutta.

Etter at skulen gjekk frå 2-delt til 3-delt i 2018, letta det planlegginga og undervisninga i dei ulike klassane. Det er mykje enklare å handtere to årssteg i same rommet enn tre og fire. Det reduserer også trongen for delingstimar sjølv om det er noko trong ennå til dømes for 1.klassen. I følgje Opplæringslova har også skulane ein plikt til å tilby intensiv opplæring til elevar på 1.-4.trinn som står i fare for å henge etter i lesing, skriving og engelsk. Skal dette vera realistisk å gjennomføra, må skulane ha nokre timerressursar utover klassen sitt minimum.

Uggdal skule. Hovudsatsinga for Uggdal skule dette året har vore arbeid med Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd. Skulen har eit eige Olweus-team som har ansvar for å driva arbeidet framover. Me tek sikte på å bli sertifisert Olweussskule våren 2020. Me har også halde fram med satsinga på SMART Oppvekst. Dette er ei satsing på tjue ulike karaktereigenskapar som skal styrka elevane si sjølvkjensle. Me har også brukt mykje tid på å førebu fagfornyinga. I dette høve har me utvida fellesmøtetida, for å få enno betre tid til dette omfattande arbeidet. Me arbeider mellom anna med Udir sine kompetansepakkar og me har framleis samarbeid med KS konsulent som hjelper oss i dette arbeidet.

Tysnes skule: Leiinga ved Tysnes skule har også dette året fått viktig kunnskap om leing for kvalitet. Skuleoppfølging i regi av KS-konsulent vart vidareført i 2019 har vore viktig kompetanseheving for i arbeidet med skuleutvikling og for å utvikle oss som leiarar.

Me gler oss over at nasjonale prøvar syner at 5.trinn ligg på landsgjennomsnittet når det gjeld grunnleggjande ferdigheiter i rekning.

I engelskfaget har me på meistringsnivå 3 30 % samanlikna med landsgjennomsnittet som ligg på 25,0 %. 40% av våre elevar ligg på meistringsnivå 1 samanlikna med landsgjennomsnittet som ligg på 37,5%, men ser ein positiv tendens samanlikna med førre skuleår.

Lesing er den grunnleggjande ferdigheita der me har lågare samla skår enn landsgjennomsnittet.

Elevane ved Tysnes skule får ein samla skår på 39,3 prosent på lesing i 2019 samlikna med landsgjennomsnittet som ligg på 23% på meistringsnivå 1.

10,7% av våre elevar ligg på meistringsnivå 3, landsgjennomsnittet ligg på 21%. Dersom me ser til resultat frå førre skuleår ser ein positiv framgang når det gjeld grunnleggjande ferdigheiter i lesing på 5.trinn.

8.trinn fekk gode resultat på nasjonale prøvar. Dette trinnet skåra godt over gjennomsnitt i engelsk, rekning og lesing. Når det gjeld lesing og engelskfaget har me ingen elevar som får skår på meistringsnivå 1. Det same gjeld for lesing.

9.trinn kan også visa til tilfredsstillande resultat.

I rekning er det ingen av elevane som får skår innanfor meistringsnivå 1, landsgjennomsnittet syner skår på 5%. Dette er svært positive resultat for Tysnes skule. Tysnes elevane får 20% skår i meistringsnivå 2, landsgjennomsnittet får 15%. 38% av våre elevar får skår innanfor meistringsnivå 3, landsgjennomsnittet ligg på 34%. Tysnes elevane skårar med 36% på meistringsnivå 4, medan landsgjennomsnittet ligg på 26%. 26% av våre elevar får skår i meistringsområde 5, som er høgaste nivå, landsgjennomsnittet får skår på 20%.

Ei framtidig målsetjing er at ingen elevar skal skora innanfor meistringsnivå 1 og arbeida for at fleire elevar skal koma opp på meistringsnivå 5.

9.klasse elevane ligg noko under landsgjennomsnittet når det gjeld lesing og tala syner tendens til nedgang samanlikna med førre skuleår.

Lesing må ut frå desse resultatane vera eit prioritert område for skulen i framtida.

Elevundersøkinga på 7. og 10.trinn viser tilfredsstillande resultat, men skulen ser at det absolutt er grunnlag for betring på dei fleste områda. Me vil i samarbeid med klassane og elevråda sjå på tiltak som kan setjast inn for å få enda betre resultat.

4.2.2 PPT

Tysnes kommune kjøper tenester frå Stord kommune til P.P tenester, avtalen vart sett i drift frå 1. oktober 2018. 2019 er sålis det første heile året avtalen har virka. Tysnes kommune har vore godt nøgd med samarbeidet med PPT. Me synes dei har høg fagleg kompetanse og er på tilbodssida for å dela denne.

PPT har invitert til ulike nettverkssamlingar på tvers av kommunar og skular og hatt kursrekkejer med ulike tema som autisme, språkvanskar me vidare. Dette har lærarane våre opplevd som svært nyttige samlingar.

PPT har hatt tilbod om systemarbeid i klassar med ulike utfordringar, der skulane opplever å ha fått god veiledning. I tillegg har dei jobba med individsaker og sakkunnige vurderingar.

4.2.3 Spesialundervisning

Talet på spesialundervisning er framleis høgt, men utvikling går i retning av ein mindre del av elevar med spesialundervisning som tabellen under viser. Me ynskjer å dreia all undervisning til «tilpassa opplæring», der alle elevar får undervisninga på sitt nivå (Opplæringslova § 1.3.). Dette er nedfelt i «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i Tysnes kommune».

Tab 4.5: Elevar med spesialundervisning	2015	2016	2017	2018	2019	Komm.gr. 2	Landet u Oslo
Andel elevar i grunnskolen	10,1	10	10	8,9	8,2	9,2	7,8
Andel elevar 1.-4. trinn	6,4	6,7	6,2	6,1	1,6	6,6	5,2
Andel elevar 5.-7. trinn	13,8	13,3	9,6	8,8	14,3	10,7	9,1
Andel elevar i 8.-10. trinn	11,2	11,2	15,5	12,9	11,6	10,8	9,8

Sakkunnige rapportar frå PPT krev omfattande einskildvedtak på spesialundervisning både når det gjeld pedagog og assistentressursar.

Me ser og at me no får einskildvedtak der det ikkje er tilrådd ekstra timar til spesialundervisning, men råd om korleis ein skal tilpassa undervisninga i klassane. Skulane er framleis i ein prosess der me arbeider med å bli trygge på LP analyse. Dette er eit analyseverktøy som me ser som svært nyttig i arbeidet med å utvikla gode læringsmiljø ved skulen.

Logoped er tilsett i 90 % stilling, der ca 10% vart nytta til Logostesting, ca 10% vart sett av til observasjon, kartlegging og rettleiing i barnehage, 30 % til Intensivopplæring på Uggdal skule og resten av stillinga nytta til direkte logopedisk arbeid.

Det logopediske arbeidet vart lagt opp på same måte som i vårhalvåret, med etter kvart 9 skulebarn og 9 barnehagebarn. Det var ei utfordring å få tida til å strekke til, så ein del av den «frie» barnehageressursen vart nytta til direkte «logopedtrening».

Totalt barnetal for logopedtrening i 2019 var på over 20, og dei var fordelt på alle barnehagar og skular i kommunen.

Me har og synspedagog i 30 % stilling. Ho kartlegg alle 6 åringar og elles elevar som har ulike utfordringar og som ynskjer å bli testa på syn. Forutan førskuleborn er det om lag 60 born som får oppfølging gjennom dette tilbødet. I 2019 .

4.2.4 Blå skule

Den blå skule er eit pedagogisk opplegg me har grunn til å vera stolt over på Tysnes, her er året skildra med deira egne ord:

«Mannskap:

Dette året har det som vanleg vore eit særst godt og sjøsterkt mannskap ombord i sjarken. Det faste mannskapet er for det meste gitar frå 6.klasse til 9.klasse.

Dette er karar som ikkje er redd for å ta i eit tak. Dei vil klare seg svært bra i livet. Skulen derimot kan være litt strabasiøs, og skuleveka blir mykje lettare å gjennomføre med eit avbrekk.

Dagane med aktivitet har vore tysdag, torsdag og fredag. Forutan det faste mannskapet, mønstrar 7.klasse på to elevar kvar tysdag, torsdagen er det 6.klasse som mønstrar på, og fredagen har vore til 5.klasse og 8.klasse.

Denne blandinga av fast mannskap, og rullerande besøk, er svært positivt både fagleg og sosialt.

Aktivitetar:

I løpet av hausten fangstar me agnfisk til teinesesongen. Makrell og sild, pelagisk fisk, er det me får mest av. I år fekk me mange krabbar og færre humrar. Desse sel me til kundar og noko av fangsten et me sjølv på øya. Minstemål på krabbar og humrar er 13cm og 25cm. Dette må sjølvst målast, slik at ein slepp ut igjen dei som er for små.

Om vinteren fisker me etter botnfisk. Torsk, hyse, breiflabb og lange er det som oftast kjem opp frå botnen. Fisken går til mat- og helseundervisninga, eller den blir levert til Mandelhuset og litt vert seld til nokre faste kundar.

I 2019 gjorde me ferdig gapahuken nordvest på øya. Denne er 6m² stor, med vegger av hun frå Kaastad. Eit kjekt og lærerikt prosjekt, som vart opna med «pomp og prakt» av rektor.

Me fullførte utfordringa med å gjennomføre eit havbad i månaden. Dette bygde mykje karakter hos dei som klarte dette!

Vaktmeister oppgåver: *i år som alle år veltar det trær på øya. Desse har me fjerna og gjort om til ved. Elevane er utruleg flinke til å hogge ved. Fliskutteren gjer greiner og småtrær om til flis som me legg på stiar. På sikt skal stiane bli mjuke og gode å gå på.*

Blad frå trea vert tatt vekk frå stiar og scene-området.

Daude tre og greiner som fell ned gjennom vinteren vert til store bål, og øya vert meir og meir ryddig.

Hønene våre vart drepen av mink eller oter langfredag i 2019. Ein trist dag for oss alle. Etter dette sikra med uteområdet med revenetting og «chickenguard» (ei automatisk hev- og senk-dør på hønsehuset).

Me fekk tak i fire nye verpehøner frå Fitjar, og ein hane frå Randaberg. Desse levde fritt på øya gjennom sumaren. Trur ikkje det er mange øyer i Noreg kor feriegjester kan forsyne seg med ferske egg om morgonen.

No har me kjøpte oss rugemaskin, det resulterte i 12 kyllingar, der fem av dei var hanar. I skrivande stund har våre nye hønekyllingar begynt å legge egg.

Desse dyra er viktige. Elevevane lærer seg å ta vare på og stelle dyr. Dei må sørgje for at dei har tilgang til reint vatn og mat. Mange er og veldig glad i å kose og snakke med dei.

Mat.

Fiskesuppe, grønssaksuppe, betasuppe, krepssesuppe, havregraut, pannekaker, og fisk i aluminiumsfolie er nokre av dei matrettane me har laga til no, dette året. Her er det mykje læring, mengdemål, å følgje ei oppskrift og lage eit bål som er brukande til å lage mat på.

Til slutt et me ilag alle sammen og kokkane må ta imot skryt frå dei andre.

Kraftlaget:

Tysnes kraftlag har sponsa oss med 50 000kr. Me er kjempeheldige og set utruleg pris på denne støtta.

Det har resultert i at me har skaffa oss:

- Ein veldig god fliskuttar.
- To nye flotte kanoer (Hasle).
- Eiga motorsag.
- Ny og flott kapp-sag på stativ.
- Materialar til ei lita brygge på Ada sin bade plass

Fagleg:

Så langt det lar seg gjere trekk me skulefag inn i det praktiske arbeidet. Matematikk, naturfag, kroppsøving, mat og helse, historie, norsk og kunst og handverk er fag som lett lar seg kombinere med livet på Solstråleøya.

T.d kan rekning med brøk og vedkløyving koplast saman. Er nokon i tvil er dei velkomne med ut på ein demonstrasjon »

4.2.5 Skulefritidsordning - SFO

Begge skulane med småskuletrinn har tilbod om SFO 5 dagar i veka. Skulefritidsordninga skal gje barna omsorg og tilsyn og leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. I samband med at skuleveka no vert utvida til 5 dagar vert det arbeidd med ein gjennomgang av innhald og kvalitet i SFO tilbodet.

Tab. 4.6: Barn med SFO tilbod	2015	2016	2017	2018	2019
Uggdal SFO	32	35	39	35	30
Onarheim SFO	5	7	7	12	12
SUM	37	42	46	47	42

Tab 4.7: Nøkkeltal SFO	Tysnes					Kommune gruppe	Hordaland
	2015	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar	188	159	121	192	204	243	256
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud per innbyggjar 6-9 år	4 605	3767	2669	4160	4535	5435	5267
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	39,5	36,7	35,9	35,9	32,6	41,9	60

4.2.7 Vaksenopplæring

Vårsemesteret 2019 var det 17 elevar frå 5 ulike nasjonalitetar på vaksenopplæringa ved Tysnes skule. Av desse var 13 elevar ein del av introprogrammet og 4 elevar var familieinnvandrarar. Ein elev gjekk ut i fødselspermisjon i mars. På grunn av ulike forutsetningar og skulebakgrunn vart elevane delt inn i 2 nivå for å kunne sikra raskast mogleg progresjon. Det vart dette semesteret nytta 1,4 årsverk på vaksenopplæringa.

Elevtalet gjekk ned over sommaren då fleire elevar var ferdige i introprogrammet, samt at nokre oppnådde nødvendig nivå på norskprøven for å kunne søke opphaldstillatelse. I tillegg var det fleire som starta på grunnskule på Os. Ein elev starta opp på 1-årig grunnskuleløp og er ferdig våren 2020, medan 3 elevar starta opp 3 -årig løp med avsluttande eksamen hausten 2022. 2 elevar er del av 2 -årig grunnskuleløp og skal ha

avsluttande eksamen våren 2020. Nokre av desse elevane hadde oppstarten på Tysnes skule, men fekk innvilga grunnskule i løpet av hausten. Totalt var det 5 elevar(ein i permisjon) som tilhørte vaksenopplæringa denne hausten.

På grunn av svært sprikande ferdigheitsnivå var denne elevgruppa på delt i to nivå enkelte timar for ekstra oppfølging av dei som trong det mest. Det vart dette semesteret nytta 0,8 årsverk på vaksenopplæringa.

4.2.8 Kulturskulen

Våren 2019 var Kulturskulen tungt inne i planleggjing, og gjennomføring av 100-årsjubileet for Johannes Heggland. Sogespelet Soga om Olavsgildet vart gjennomført med prosjektarbeid+ musikalsk tilrettelegging, innøving, og gjennomføring frå Kulturskulen si side.

Håpet for framtida er at betre læringsmiljø i nye lokaler vil skapa grobunn for ein vekst i antall elevar, og større frekvens av konsertar/framsyningar i kulturskulereggi.

Tab 4.8: Elevar i kulturskulen	2015	2016	2017	2018	2019
Elevtal	88	86	91	55	52

Skuleåret 2018-19 er det pr. 10.oktober 2018: 20 på piano, 3 på song, 4 på messing, 3 på gitar og 2 på bassgitar. Av gruppeundervisning så er det 21 på messing.

I tillegg sel Kulturskulen timar til Onarheim musikklag, Tysnes skulekorps og Tysnes Musikklag.

Det er ei utfordring knytt korleis kulturskulen skal kunna driva i byggeperioden ved nytt skulepåbygg. Det også trong for å sikra lærarkrefter til undervisninga, særleg i dans. Ein tenkjer at dette tilbodet bør starta opp att ved innflytting i nye lokaler.

Tab 4.9: Nøkkeltal kulturskolen	Tysnes					Kommune gruppe	Hordaland
	2015	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	2 549	2762	3241	2984	3231	4418	2443
Andel elever (brukere) i grunnskolealder, av antall barn i alderen 6-15 år	21,9	28,8	27	22,9	18,5	21,5	12,5

4.2.7 Barnehagar

Me hadde 160 barn i frå fødselsåra 2014, 2015, 2016, 2017 og 2018 per 15.12.2019.

Tab 4.10: Tal på born delt etter barnehage	2015	2016	2017	2018	2019
Vågsmarka	29	29	25	29	28
Stjernereiso	64	67	61	68	67
Lunde	22	22	21	33	36
Onarheim	27	21	25	28	29
Totalt	144	139	136	158	160

11 nye barn begynte 1. januar 2020

Onarheim barnehage (42 plassar). Onarheim barnehage har også dette året måtta utvide. Dei har no fått eit nytt rom frå skulen, som er innreia til avdeling. Det er endra inngang oppe for å gjere garderobane og stellebadet meir funksjonelt. Onarheim barnehage har utfordringar i forhold til store endringar i barnetal og utfordringar i forhold til lokalitetar og uteområde. Uteområdet er delt inn i tre leikeplassar og det er utfordringar rundt korleis ein skal bruke personalet godt nok. Barnehagen manglar pauserom, møterom og garderobar/toalett i nærleik av avdeling til dei tilsette. Lokala gjer det vanskelig å samarbeide både ute og inne. Ny barnehage i Onarheim ligg inne i økonomiplanen i 2021.

Onarheim barnehage har fått inn 100 % styrar dette året og det har vore bra for barnehagen. Onarheim barnehage er og med i Regional Kompetanseheving (REKOMP) som er den nye måten å gjennomføre kompetanseheving ute i den enkelte barnehage. Dette er midlar frå staten som fylkesmannen tildeler etter ein søknadsrunde.

Onarheim barnehage samarbeider med høgskulen på Vestlandet.

Vågsmarka barnehage (36 plassar) er stabil i barnetalet ut frå at arealet ikkje er mogleg å utvida. Vågsmarka barnehage er alltid full og det er stor søknad til denne barnehagen. Det er mange som ikkje får plass, desse får plass enten i Stjernereiso eller Lunde. Personalet er stabilt.

Dei har i år tatt i bruk pauserom for å kunne lage betre arbeidsplassar for pedagogane. Barnehagen er liten og manglar pauserom, lager og møterom.

Lunde barnehage (54 plassar)

Lunde barnehage har dette året hatt 3 pedagogar ute i fødselspermisjon og pga. av at det vanskelig å rekruttere barnehagelærarar har me her hatt 3 dispensasjonar. Heldigvis har me gode medarbeidarar som kan gå inn i dispensasjonar. Lunde barnehage aukar stadig i barnetal og denne hausten har dei tatt i bruk Storastova til ei gruppe barn. Her ligg det inne å gjere ei oppgradering, slik at det kan nyttast til ein avdeling.

Stjernereiso barnehage (96 plassar) er no heilt full og ein har ikkje mulighet til å ta inn fleire barn. Barnehagen har hatt utfordringar med støy i fleire år og dette året har dei fått installert lydplater i alle opphaldsrom og det er merkbart mykje betre. Dei har ei pedagogstilling på dispensasjon, då arbeidstakaren er i ein anna barnehage.

Foreldreundersøking

Tysnesbarnehagane har gjennomført ei foreldreundersøking i regi av utdanningsdirektoratet. Dette er ei nasjonal undersøking. I år har undersøkinga vore utvida til ut i midten av desember, ikkje berre i november. Denne foreldreundersøkinga tar barnehagane kvart år, og er eit godt verktøy for vidare utvikling.

Det kom inn 89 svar av 155 mulige. Det er ein svarprosent på 57,4 %. Det gjer oss eit grunnlag for vidare arbeid, men ein kunne sjølv sagt ønska at svarprosenten var høgare. Alle barnehagane har fått eigne resultat for sin barnehage for å kunne arbeide best mogleg vidare med undersøkinga ute i den enkelte eining. Lunde og Onarheim har best svarprosent.

Undersøkinga måler tilfredsheit langs ulike variablar der 5 er best og 1 er dårlegast. Undersøkinga viser ein oppgang/eller lik poengsum på alle spørsmål. Det mest gledelige resultatet er at barns trivsel ligg på 4,8 og det er likt som i 2018

Ute og innemiljø er der me kjem dårlegast ut, med 3,9. Den generelle tilfredsheten ligg på 4,3. Barnehagane skal jobbe vidare med denne undersøkinga i barnehagen. Det vil bli tatt opp i SU, på foreldremøte og personalmøte

Barnehagane føl satsinga som samsvarar med planen «Saman for framtida»

- Språkløyper. Her kjem det stadig nye «pakkar» som barnehagane jobbar med. Satsinga i dei ulike barnehagane er nok ulik i forhold til om det er stor utskifting i personale.

- Digisus. 2019 er det siste heile året med Digisus arbeid. No skal ein jobba meir med dette sjølv framover. Hausten 2019 var det samling på Haaheim, der alle prosjektbarnehagane fekk presentera arbeidet sitt og vegen vidare.

- Leing for kvalitet

- Sofykos. Denne planen er ein begynt å revidere.

- Førebyggjande arbeid mot mobbing. Her ligg det ute ny høyring og ein vil mest sannsynleg få ei lovregulering av dette arbeidet i barnehagane.

Barnehagefakta. Her er tala for hausten 2019: <http://www.barnehagefakta.no/kommune/1223/tysnes>

Tab 4.11: Dekning og bruk	Tysnes					Kostra Gr. 2	Landssnitt
	2015	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,9	95,2	84,5	91	94,2	90,6	92,4
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	83,1	87,7	65,1	77,3	83,8	80,8	84,6
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år	94,6	100	96,9	102,2	101	96,5	97,3

4.2.8 Tenester for barn og familie

Eining barn og familie er samansett av tenestene; psykisk helse for born og unge, helsestasjonen- og skulehelsetenesta samt barneverntenesta. Årsmeldinga skildrar tenestene i høve områda økonomi, personal, målsetningar og våre tenester for arbeidsåret 2019

Eininga er etablert med felles leining for dei tre tenesteområda, og er ein del av oppvekst. Eininga har som fokusområde å jobbe for tidlig innsats både i høve grupper av born og unge samt oppfølging av einskildindivid.

Eining barn og familie er langt på veg i gang med å skape ei felles fagleg plattform å arbeide ut frå. Med bakgrunn i store utskiftingar av personalet siste året, har ein ein del å gå på for å bli endå betre kjent med kvarande sine fagleg og personlege styrker for å bli meir samkøyrt

Det har vore gjennomført felles kompetanseheving og vert jobbar for å få til felles prosjekt på tvers av tenestene. Som t.d foreldrerettleiing ut frå ulike program (COS, ICDP), Treffstaden for ungdom og tilbod om grupper til born og ungdom (opplæring i psykologisk førstehjelp, depresjonsmeistringskurs eller angstgrupper).

4.2.8.1 Helsestasjon

Drift av helsestasjonen har vore prega av store utskiftingar i personalet på helsestasjonen og skulehelsetenesta dette året.

Det har frå august 2019 vært tilsett helsesjukepleiar i 100 % fast stilling og helsesjukepleiar i 60 % vikariat. Det har og vore knytt opp ein familierapeut i 20 % stilling som har jobba opp mot familiar.

Det siste halve året har ein jobba med eit mål om å få oversikt og å komme ajour på helsestasjonen.

Tab 4.15: Nøkkeltal helsestasjon	Tysnes					Kostra gr. 2	Hordaland
	2015	2016	2017	2018	2019	2018	2018
Andel spedbarn som har fullført helseundersøking innan utg. av 8. leveuke	118	95	97	93,5	97,1	79,6	99,9
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3 års alder	66	112	93	126,2	102,7	95,7	93,5
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	90	100	83	100	116	94,3	96,8
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1. skoletrinn	92	67	100	-	147,1	89,8	90,1

Helsestasjonen har i haust i samarbeid med legekantoret organisert og gjennomført to dagar med influensavaksinerings.

Me har i haust hatt fleire møter vedkomande helsestasjon for ungdom og ei flytting av denne til Våge. Me har von om at dette lar seg gjennomføre i løpet av 2020. Pr. dags dato er helsestasjon for ungdom lokalisert på helsestasjonen i kommunehuset på onsdager frå kl. 14-16.

Det er gjennomført helsesamtaler med alle 8. klassingar, det har også vore gjeve tilbakemelding til føresette og målretta oppfølgning. Dette er knytt både til psykisk og fysisk helse. Det er gjort kontroll opp mot alle elevar på 2. trinn at dei har fått tilbod om vaksinerings. Det er gjennomført kursing og undervisningsopplegg retta mot elevar og føresette. Helsejukepleiar har delteke på alle foreldremøter på Onarheim og Uggdal skule for å gje informasjon om tenesta.

Det vert arbeidd med systemarbeid både i høve til barnehagar og skular.

4.2.8.2 Jordmor

I 2019 vart det registret 40 nye gravide og det er varierende kva tid dei kjem til jordmor i svangerskapet.

Dei gravide blir eldre og har meir utfordringar både psykisk og fysisk enn tidlegare. Likevel viser forskning at kvinner som vert fulgt opp av jordmor føder friskare born nærare termin og har mindre komplikasjonar i fødsel enn dei som kun har gått til kontroll hos eigen lege. Hensikta med svangerskapsomsorg er å definere friske gravide/fødande og kvinner med risiko for komplikasjonar.

Kvinner blir selektert som grønn (uten risiko) og rød (økt risiko/betydelig risiko eller høy risiko).

Gravide selektert som grønn/utan risiko	25 %
Gravide selektert som raud / risiko	75 % (nokre av kvinnene har ved svangerskapets start blitt selektert som grønn, men underveis blitt selektert som rød)

Jordmor og allmennlege som tilbyr svangerskapskontroll skal ha oppdatert kunnskap om seleksjonskriteriene og det differensierte føde- og barseltilbudet i sin region. Etablering av hospiteringsordninger kan bidra til å øke kunnskapen.

4.2.8.3 Psykisk helse for barn og unge

Psykisk helsearbeider for barn og unge er ei 100 % stilling. I året 2019 har det vore ein person i full stilling frå mars månad. I januar og februar var det 20 % dekning i stillinga.

I løpet av året 2019 har psykisk helsearbeider for barn og unge hatt individuelle samtalar med 46 barn og unge under 18 år. Av desse har nokre hatt oppfølging over tid, medan andre berre har vore innom for samtalar 1-3 gonger. På Tysnes skule har ein sett av tid til «drop-in samtalar». Dei typiske vanskaner barn og ungdom strevar med er til dømes tunge tankar/vere nedstemt/kjenne seg trist, angst/redsel, tankekøyr/stress, sosiale utfordringar, ulike diagnosar med vanskar knytta til dette, vanskar grunna skilsmisse hjå foreldre, sjølvskading, ulike vanskar heime, sorg m.m.

I løpet av 2019 har Psykisk helsearbeider for barn og unge:

- hatt støttesamtalar med barn/unge, rettleia føresette og lærarar/skuletilsette.

- vore koordinator i fleire individuelle planar der ein har minimum 2 ansvarsgruppemøter i året.
- hatt klasseromsundervisning med tema
- delteke i ulike samarbeidsmøter med foreldre, lærarar og andre faggrupper i kommunen, politi, barnevern, PPT, spesialisthelsetenesta, vidaregåande skular m.fl.
- hatt ansvar for «Treffstaden» som er ein møteplass for ungdomskuleelevar etter skuletid kvar tysdag (på våren var det om mandagane). I 2019 har det vore opptil 47 ungdomar innom Treffstaden.
- delteke i BU-gruppa (Krisegruppe ved livskriser hos barn og unge). I løpet av året hadde krisegruppa fleire oppdrag der nokre har vore ganske krevande.
- delteke på ulike kurs og samlingar
- arrangert «Verdsdagen for psykisk helse» 20. september saman med psykisk helse og Tysnes skule. Årets markering vart ein suksess med over 200 gjestar i hallen.
- Planlagt og laga til to TEBU-møter som er fagmøter med ulike tenester i kommunen. Tema i 2019 har vore «Krisar og traumer» og «Barneoppdragelse i familiar med utanlandsk bakgrunn». Ein har ved begge høve leigd inn førelesarar frå RVTS Vest.

4.2.8.3 Barnevern

Barneverntenesta har i hovudoppgåve å ivareta born mellom 0 og 23 år som på grunn av forholda i heimen, eller av andre årsaker har trong på hjelp frå barnevernet. Barneverntenesta har i tillegg i oppgåve å arbeide førebyggjande jfr bvl. § 3-1, samt plikt til samarbeid med andre instansar jfr bvl § 3-2.

Barnevernetenesta i Tysnes kommune har i 2019 bestått av 4 årsverk, inkludert einingsleiar/barnevernleiar i 100% stilling, 2 sakshandsamarar, samt tiltaksarbeidar i 100% stilling. Det har vore utskiftingar blant dei tilsette, og utfordringar med å rekruttere inn nye tilsette, men alle stillingar er no besett.

I tillegg til egne faste tilsette, består tenesta av barnevernsvakttene som ein kjøper frå Bergen kommune. Denne avtalen vart inngått 01.01.2018, og er eit tilbod som har vorte nytta i størst grad per telefon.

Tal barn med tiltak						
	I løpet av året			Slutten av året		
	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak	Omsorg	Tilsyn andre kommunar	Hjelpetiltak
2018	8	8	12	8	5	12
2019	8	5	13	7	3	10

Tal meldingar og undersøkingar						
	Tal meldingar	Meldingar som er lagt vekk	Undersøkingar i alt	Avslutta undersøkingar i alt	Vedtak etter BVL	Undersøkingar over 3 månader
2018	21	4	17	20	14	4
2019	23	10	13	16	49	2

Tabellane over syner talet på saker i Tysnes barnevernteneste for 2019. Tala i rubrikken «i løpet av året» syner totalt antal saker som tenesta har arbeidd med i løpet av året. Tala i rubrikken «i slutten av året» er status per 31.12. kvart år. «Omsorg» er tala for antal barn kommunen har omsorg for og er lovheimla i bvl § 4-12, og «hjelpetiltak» syner antal barn som har frivillige tiltak etter bvl § 4-4. «Tilsyn andre kommunar» er barn som bur i fosterheim i kommunen (plassert av andre kommunar).

Tabell nr 2 syner antal meldingar og undersøkingar som Tysnes barnevernteneste har hatt i løpet av året. Antal meldingar er talet på meldingar som er kome inn for året 2019. Meldingar som er lagt vekk, syner talet på meldingar som er avklart innan fristen, og der det ikkje er opna undersøking. Alle sakene der det er sett i gong undersøking finn ein i rubrikken «undersøkingar i alt».

Det er ein liten auke i mottekne meldingar frå 2018 til 2019. Talet i 2018 var 21. To av undersøkingane i 2019, er gått ut over fristen på 3 månader

Dei siste åra har talet på born under omsorg auka for Tysnes kommune, noko som gjer at det krevst andre oppgåver og gjerne endå teittare oppfølging av einskildborn og familiar i periodar. Ein merkar ei auke i kompleksitet i sakene, og dette har i nokre tilfeller ført til at barneverntenesta har måtte nytta eksterne sakkyndige til undersøking av born sine omsorgstilhøve. Dette vart gjort ovanfor 2 familiar i 2019. I tillegg har ein nytta advokatbistand der det har vore naudsynt. Tysnes barnevernteneste har avtale med Advokatfirmaet Stiegler i Bergen.

Tysnes kommune hadde tilsyn frå Fylkesmannen i mars 2019 knytt til handsaming av uromeldingar som gjaldt vald og overgrep. Tilsynet avdekka svikt på fleire punkt, og desse avvika har det blitt jobba med å rette opp i etter at rapporten frå tilsynet låg føre i juli 2019. Tilsynet er p.t endå ikkje avslutta då implementering av nye rutinar tek tid, men dette vert det jobba kontinuerlig med.

Tenesteutvalet i kommunen, bad hausten 2019 om at administrasjonen såg på moglegheita for eit interkommunalt samarbeid på barnevernsområdet. Dette arbeidet håpar ein å få starte våren 2020.

4.3 Helse og sosial

Helse- og sosial yt tenester innafor 4 einingar, helse, institusjon, open omsorg og NAV sosial, i tillegg til Frivilligsentralen.

Det er mange dyktige tilsette innafor dei ulike einingar som yt ei samvitsfull og god teneste!

4.3.2 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, fysioterapi, ergoterapi og psykisk helse. Kommuneoverlegen leiar den samla tenesta.

4.3.2.1 Psykisk helse

I psykisk helseteneste er det 1,5 årsverk, psykiatrisk sjukepleier, knytt til tenesta. I tillegg er det ca. 0,5 årsverk og timeressursar knytt til brukaroppfølging, støttekontakt og drift av aktivitetssenteret. Gjennom støtte frå Fylkesmannen og i samarbeid med NAV er det også 0,5 årsverk nytta til ein prosjektstilling innan rus og psykisk helse. Denne stillinga var fråverande/vakant frå januar til midten av august 2019. Frå juli og fram til oktober fekk psykisk helseteneste nytta ekstra ressurs i 100 % stilling, og i 60 % f.o.m. oktober og ut året. Dette grunna sjukemelding, ferieavvikling og stort arbeidspress. I løpet av hausten har det derfor vore større rom for faglige drøftingar, utvikling av tenesta og eit fagmiljø som gjev rom for utvikling. Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman ca. 70 brukarar. Andelen av pasientar med milde til moderat problem har hatt ei stor auke.

Psykisk helseteneste driv dagsentertilbod ved aktivitetssenteret i Våge to dagar per veke.

Me har hatt 12 faste brukarar i løpet av 2019. Lokalet vert og nytta til samtalar med brukarar, og til møteverksemd. Utvikling av tilbodet på aktivitetssenteret er viktig, og er heile tida i fokus. Med omsyn til den enkelte brukar sitt behov for tett oppfølging er det til tider behov for ein ekstra ressurs på aktivitetssenteret. Dette har vore like aktuelt i år. Ein fagperson kan lett blir bunden opp til ein enkelt brukar som er i behov av tett oppfølging. Dette går utover aktivitetar/oppfølging for dei andre som deltek der. Ein ser og behov for ekstra personell når brukaren er ny, slik at brukaren skal kjenna seg trygg og ivaretatt dei første gongane.

Målet med tilbodet er å gje alle ein betre livskvalitet, meningsfylt kvardag i møte med andre.

TIAS har i samarbeid med frivillighetssentralen fått i gong ein treffstad i lokalet vårt i Våge, for brukarar som jobbar der. Der møtes dei kvar 14. dag på kveldstid. Møteplassen har vist seg å vere populær. Dei samlast for å spele spel og å laga litt mat saman, dette tilbodet er brukarstyrt.

Samarbeidet med spesialisthelsetenesta, i første rekke Stord DPS, består av faste rettleiingsmøter/drøftingsmøte i kommunen ca 5 gonger i 2019. Ein opplever og det er lett å ta kontakt for spørsmål, dersom det er spørsmål utanom dei faste møta. Samarbeid med Stord DPS er framleis viktig for eit sterkare fagmiljø og eit nært samarbeid mellom pasient og fagpersonell. Det vert framleis stilt større krav til kommunen for oppfølging og behandling. Pasientar som vert tilvist DPS får hyppigare avslag, dermed trenger dei tettare oppfølging frå tenesta vår. Omfanget av hjelpetiltak er større og meir komplekst, me ser derfor det er svært viktig med fagpersonar i tenesta.

I 2019 hadde 7 brukarar støttekontakt. Støttekontraktoppdraga har vore viktig for den enkelte brukar. Me ser det er vanskeleg å rekruttera støttekontakt, det er ei utfordring og det er fleire som har behov.

Målet for psykisk helseteneste har vore å sikra god oppfølging av den enkelte brukar, og med det bidra til å førebyggje forverring av lidinga. Dette gjennom ulike tiltak i kommunen, som støttesamtalar, aktivitetssenter, turgåing/turgruppe og støttekontakttiltak. Samhandling internt i kommunen med lege, heimesjukepleie, sjukeheim, politi, NAV og TIAS er og viktige faktorar for å sikre god oppfølging. Samhandling internt i kommunen har i løpet av hausten betra seg, og ein har funne møtepunkt for samhandling.

Samhandlingsreforma har gitt nye utfordringar for kommunen. Spesialisthelsetenesta forventer at kommunen i større grad tek ansvar for behandling av pasientar med milde til moderate problem. I lys av dette ser ein ei auke både i milde og i moderate problem ved angst og depresjon. Då det forventast at kommunen skal til ein viss grad kunne behandle dei, ser me at det vil bli behov for kompetaseheving. Det er derfor behov for endring i arbeidsmåtar, og nytenking for å kunna handtera den auka mengde utfordringar som skal løysast lokalt i kommunen. Me må finna nye og effektive arbeidsformer, som gjev effektiv behandling, og høgare turnover av pasientar. Planen vår vidare er at i løpet av 2020 skal alle i teamet kunna nytta kognitiv terapi som arbeidsform. Det er og plan om å få på plass nye prosedyrar.

Kriseteamet har i løpet av hausten vore svært aktiv. Teamet har vore utkalla på 3 ulike brannar og ei dødsulykke. Dette arbeidet kjem i tillegg til ordinært arbeid, og tenesta kjenner på ekstra press i slike høve.

Verdensdagen for psykisk helse vart markert i Tysneshallen, og for ungdomsskuleelevar på Tysnes skule. Me var svært godt nøgd med arrangementet og med oppmøte på arrangementdagen. Arbeidsgruppa hadde i forkant jobba oppsøkjande på ulike arbeidsplassar i kommunen for å fanga merksemd på arrangementet. Dette ser me på som ein suksessfaktor for at det kom fleire i 2019.

4.3.2.2 Legekontor

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønspraksis, i motsetning til der ein har privatpraktiserande allmennlegar. Legetenesta i Tysnes er samla i eit kontor. Dei tilsette legane uttrykker tilfredshet med ein slik modell. Det er tre legeårsverk knytt til legekontoret, i tillegg til dette kjem inntak av LIS1 lege.

Det har vore litt ustabil situasjon når det gjeld legedekning i 2019, som har gjeve ei meir kostnadskrevjande teneste. Grunna omsorgspermisjon hadde me 2 LIS legar ein periode, og kommuneoverlegen var i permisjon frå oktober og ut januar. Me er heldig å ha ein fast vikar busett på Tysnes, som har gått inn som fast vikar på kort varsel. Det er 2,5 årsverk knytt til forkontor og laboratorieteneste ved legekontoret.

Tysnes omsorgssenter kjøper 20 % av ei kommunelegestilling til tilsynslegefunksjonen. Dei andre legane bistår tilsynslegen med behov som måtte oppstå når tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg. Legane ved Tysnes legekontor har ansvar for pasientar i kommunal akuttseng som er knytt til omsorgssenteret.

Tabell 4.20 Dekning lege	Tysnes					Kostragr. 2	Landet
	2015	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere,	14,3	14	13,7	13,7	13,9	14	11,4
Gjennomsnittlig listelengde (korrigert for kommunale timer)	797	817	808	806	-	996	1168

4.3.2.3 Legevakt

Tysnes har valt å halde på lokal legevakt. Dei tre fastlegane pluss turnuskandidat deler på legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. I samband med ferieavvikling har me legevaktansvar for mellom 12 – 14.000 personar mot eit alminneleg grunnlag på om lag 3.700.

Under Tysnesfest var det hektisk for vaktlege/ambulansetjeneste. Legekontoret deltok i planlegging av helseberedskap i samband med festivalen, saman med ambulansetjeneste og politi. Det var også teke inn ekstra legar på vakt under festivalen for å styrke beredskapen. Det vart etablert «feltlasarett» på Tysnes skule og på aktivitetssenteret i Våge, som var eit nødvendig tiltak under dei ekstraordinære forholda. Både antall personar under Tysnesfest og aktivitetssenteret blant publikum tilseier stort behov for medisinsk assistanse (rus/skader). Samarbeid med arrangør og politi fungerer godt.

Tysnes kommune kjøper tenester knytt til legevaktsentral i Sunnhordland interkommunale legevakt. Dette var nyoppstarta frå september 2018. Dette gjev oss betre oversikt og statistikk, og er ei kvalitetssikring av tenesta.

Eit stadig større innslag av digitale og IT baserte tenester gjer oss stadig meir sårbare, dette gjeld både i høve kritisk infrastruktur som internett, telefoni og straum, men også i høve til personvern og informasjonstryggleik. Det bør arbeidast vidare opp mot å finne ein balanse i høve risiko og sårbarhet i møte med desse utfordringane.

4.3.2.4 Fysioterapi

Dei siste åra har det vore god kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen. Den kommunale tenesta har 1,5 årsverk, og dette må sjåast i samanheng med privatpraktiserande fysioterapeutar med driftstilskot som har 1,9 årsverk. Situasjonen for den kommunale tenesta er likevel sårbar så lenge ein har deltidstillingar. Dette gjer det vanskeleg å oppretthalda kompetanse i kommunen, samstundes som det sjølvsagt er vanskeleg å rekruttere til slike stillingar.

Rehabilitering

Diagnosegruppe: Mest muskel/skjelettskadar (lårhalsbrot), og nevrologiske lidingar

- Fysioterapi ved Tysnes omsorgssenter etter behov
- Behandling/trening ved Tysnes omsorgssenter av heimebuande kronikarar, samt eldre som bur i omsorg pluss, som ikkje kan ta timar ved fysikalsk institutt.
- Søknader/vurdering av hjelpemiddel (rullestolar, puter mm.) omlag 2-3 timar i veka.
- Heimebehandlingar- pasientar med kroniske sjukdommar som ikkje kan gå på fysikalsk institutt, og oppfølging av pasientar etter sjukehusopphald.
- Samarbeid/samtale med personale og pårørande, TIAS, HMS, samt ekstern firma
- Inntaksmøte 1 gong i månaden
- Fagmøte med helseleiar 1 gong i månaden
- Samarbeid med lege, heimesjukepleie, ergoterapeut ved behov i einskildsaker
- Administrative oppgåver: journalføring, rapportering av eigenandel fysioterapi, førebuing undervisning Hjartetrim

Habilitering

- Utvida samarbeidsmøte i TEBU- gruppa (Tverretatleg barn- og ungdomsgruppe)
- Samarbeidsmøte med jordmor og helsesøster
- Barselgrupper,- informasjon om barnas motorikk,- trening for mødre i barseltida
- Individuell oppfølging av spedbarn på helsestasjon
- Individuell oppfølging av einiskildbarn i barnehage og skule
- Oppfølging/samarbeid om treningsopplegg på skule og i heimen
- Tverrfagleg samarbeidsmøte, arbeid med individuell plan (IP), samt koordinatorrolle
- Møte med spesialisthelseteneste i samband med oppfølging av einiskildbarn
- Deltak i nettverk for fysioterapeutar som jobbar med barn og unge i kommunehelsetenesta i Hordaland

Førebyggjande arbeid

Vaksne og eldre:

Gruppetrening: er eit lavterskeltilbod for eldre, og eit viktig folkehelseiltak i Tysnes kommune, der dei eldre opplever rørsleglede, meistring, fellesskap og fysisk aktivitet.

- Hjartetrim (60 min): Kvar måndag, ca 15-20 deltakarar i aldersgruppe 65-85 år
- Trim i Peralio (30 min): Kvar fredag, ca 5 deltakarar i aldersgruppe 85-95 år
- Fellestrim TOS (30 min): Kvar måndag, ca 20 bebuarar i aldersgruppa 85-95 år

Barn og unge:

- Screening motorikk 1. klasse: I regi av skulehelsetenesta også i meldingsåret gjennomført vurdering av motoriske ferdigheter i grupper hos elevar i 1. klasse i Tysnes kommune.
- 2019 Utforming av aktivitets kalender: «BARN I LEIK OG RØRSLE»

Fysioterapi for vaksne og eldre:

- Revidering av Plan for habilitering og rehabilitering i Tysnes kommune vart godkjent.
- I tråd med Samhandlingsreforma har kommunefysioterapitenesta lagt stor vekt på rehabilitering ved Tysnes omsorgssenter og i heimane.
- Det har vore gradvis vekst i Hjartetrimgruppa. Tiltaket er populært og har etter kvart fått fleire deltakarar. Det vart gjennomført spørjerunde for å kartleggja gruppa og forbetningspotensial for tiltaket.
- Kurs: «Fysioterapi til personar med hjertesykdommer - Trening som middel og mål»

- Nettverkssamling for «Kvardagsrehabilitering», Helse Fonna
- Ergonomikurs: I meldingsåret har kommunefysioterapeut hatt ergonomikurs for reinhaldarar i Tysnes kommune, etter oppmoding frå reinhaldsleiar.

Fysioterapi for barn og unge:

- Utforming av aktivitetsskalender: «BARN I LEIK OG RØRSLE» Kommunefysioterapeut har også i 2019 hatt ei satsing på motorikk og fysisk aktivitet i barnehagen og første trinn i barneskulen. På bakgrunn av fleire års kartlegging av motorikk, har kommunefysioterapeut utforma aktivitetsskalenderen «BARN I LEIK OG RØRSLE», som er eit årshjul i sansemotorikk for barnehage og småskule. Kvar månad gjev kalenderen forslag til ulike øvingar med bilete og instruksjon, der målet er at barna skal utvikla grunnleggjande motoriske ferdigheiter før skulestart. Barna merkar ikkje at dette er trening, då det skal vera ein naturleg del av dagleg leik og aktivitet. Barna skal oppleva rørsleglede og meistring!

Samhandlingsreforma inneber at folk skal få bu heime så lenge som råd er. Me opplever at pasientar får kortare liggetid på sjukehus. Kommunen pliktar å syta for eit forsvarleg rehabiliteringstilbod til desse pasientane, anten ved Tysnes omsorgssenter eller i heimen. Me ser at det har vore ei auke i talet på heimebehandlingar også i meldingsåret, då fleire og fleire treng og ynskjer rehabilitering i heimen. Tysnes kommune bør på same måte som andre kommunar satsa på kvardagsrehabilitering for folk som bur heime.

«Sansemotorikk for barnehage og småskule» bør løftast opp på administrativt og politisk nivå, og forankrast i planarbeidet dersom Tysnes kommune ynskjer å fremja motoriske ferdigheter, læring og helse hos alle barn. Representantar frå både administrasjon, barnehage og helse/omsorg bør reisa på studietur til Sykkylven eller Gausdal kommune før implementering av liknande opplegg. Oppfølging/innføring av opplegget i full skala vil krevja auka ressursar til fysioterapitenesta, samt kompetanseheving av barnehagepersonalet. Kommunefysioterapeut har valt å inkludera 1. klasse, då mange barn fyller seks år ved slutten av året. Tilbodet er i tråd med folkehelse- og tidleg innsats, systemtiltak og utjamning av ulikheit i helse.

Kommunefysioterapitenesta vil halda fram med å ha fokus på tidleg intervensjon, og vil etablere eit enda betre samarbeid med barnehage og skule. Då me veit at motorisk kompetanse er viktig for læring, og korleis barn utviklar seg sosialt, kan kommunefysioterapeut spela ei viktig rolle som rettleiar i forhold til sansemotorisk trening og grov- og finmotoriske tiltak.

Kommunefysioterapitenesta ynskjer meir rom for tverrfagleg samarbeid og vil utnytta eksisterande ressursar/kompetanse, samt utarbeiding av ulike prosedyrar i samsvar med revidert Plan for habilitering og rehabilitering i Tysnes kommune. Dersom intensjonane i Samhandlingsreforma og Folkehelselova skal følgjast opp, vil dette medføre behov for større kommunale fysioterapiressursar enn i dag.

Tab 4.19: Nøkkeltal fysioterapi	Tysnes					Kostra gr. 2	Hordaland
	2015	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,8	12,8	13,5	13,4	12,5	11,2	9,7

4.3.2.5 Ergoterapi

Ergoterapitenesta består av ein ergoterapeut i 80% stilling.

Ergoterapeuten arbeider med kartlegging av funksjon, funksjonstrening, tilrettelegging og førebygging. Habilitering og rehabilitering. Rettleiar ifht. bustadendring, hjelpemiddel, ergonomiske tiltak og stimulerer til aktivitet og deltaking. Ergoterapeuten er med i tverrfagleg Inntaks – og rehabiliteringsteam, er kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen (HMS) og bindeledd til Tysnes Industri vedk hjelpemiddel, bistår hjelpemiddelrekvirentar i Tysnes kommune ifht. enklare hjelpemiddel og samarbeider med HMS, Synspedagogisk teneste m.fl. i enkelte brukarsaker. Har ansvar for å formidle kontakt mellom privatpraktiserande logoped og vaksne med behov for den type teneste. Mot slutten av året blei ergoterapeuten invitert med i hukommelsesteam i kommunen.

I løpet av året har ergoterapeuten vore med på å revidere Tysnes kommune sin rehabiliteringsplan, noko som har vore tidkrevjande. Etter rehabiliteringsplanen var ferdig var fokus på å kome i gong med prosedyrar knytt til planen, men ein har ikkje lukkast med å kome igang med det.

Ventetid til ergoterapi har variert frå 1 - 4 veker, akutte saker vert tekne utanom venteliste. Arbeidsmengda må balanserast i høve til at heile tenesta består av ei deltidstilling.

Førebygging, tilrettelegging, trening og tilpassing av hjelpemiddel i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstege tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet, og at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim på ein verdig måte.

4.3.3 Pleie- og omsorg

Under dei kommunale pleie- og omsorgstenestene ligg: Institusjon, open omsorg og tenester for funksjonshemma.

Forvaltningsrevisjonen har i 2019 hatt gjennomgang av tenesta med fokus på kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene. Det er mange gode tilbakemeldingar på tenesta, og det vert arbeidd med forbetring av punkt som er påpeika.

Tab 4.22: Nøkkeltal pleie og omsorg	Tysnes					Kostragr. 2	Landet
	2015	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	35,6	36	35,6	38,7	37,4	34,8	32,4
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	20 066	32707	33165	37530	39394	36768	28 727

4.3.3.1 Institusjon

Tysnes omsorgssenter har gjennom året tilpassa seg godt til nye rutinar og organisering, og me opplever at endringane har sett seg. Forventningar inn i 2020 er at drifta vil utvikle seg vidare i positiv lei, og at budsjett og rekneskap samsvarar betre i det nye året.

Rekneskapen syner at drifta dette året overstig budsjetterte midlar med om lag 1.2 mill. Det er framleis fokus på nøktern bruk av lønsmidlar, men hadde m.a. ein del langvarig fråvær i større stillingar som kan forklare dette. Inntekter frå brukarbetaling er omlag på budsjett.

Tilbakemeldingar frå brukarane er jamt over gode, og me har som mål å ha god dialog med dei me skal yte tenester til. Det er valt 2 bebuarrepresentantar, og det vert kalla inn til møte med desse om lag kvar 3. månad. Det vart arrangert møte for bebuarar og pårørande 28.10.19, kor det var høve til å koma med innspel til drifta og tilbodet. Om lag 25 frammøtte.

Fylkesmannen utførde tilsyn med institusjonen si etterleving av kap 4A, (tvang og helsehjelp). Det vart ikkje avdekka brot på lov eller forskrift.

Det vart arrangert til saman 40 konsertar/ framsyningar i Storstova i løpet av året. Både lokale krefter, som seniordans, babysong, kor, musikklag, men og profesjonelle kunstnarar har vore hyrt inn. Frivillige har vore deltakande på nærast alle aktivitetar og tilstellingar gjennom året, og dette har vore eit svært verdfullt bidrag for oss!

Dagtilbodet for demente er framleis godt etterspurt, og me får gode tilbakemeldingar. Transport til og frå inngår i tilbodet, og bilen har vore nytta mykje til turar og utflukter. Frå dette året får me ikkje lenger tilskot til dette tilbodet, dette vil inngå i vanleg drift.

Me har hatt mange utfordringar m/ bygget og utstyret. Dette vert arbeidd med kontinuerleg. Særleg varme og ventilasjon, heisdrift og dørsystem har vist seg vanskeleg å få tilfredstillande. Vi fekk kjøpt inn tekstilar, men har framleis noko att med utsmykking.

Øyeblikkeleg Hjelp Døgntilbod. Tilbodet var i bruk 21 døger, noko som er ein nedgang frå førre året, då det var 46 døger.

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore varierende gjennom året. Fleire tilsette har gått av med pensjon, og det har vore utfordrande med ny rekruttering. Det er i løpet av året gjeve støtte til 5 tilsette som har starta løpet mot fagbrev innan helsefag.

Me har framleis ein solid stab av «kjernetilsette» i verksemda, og stabile tilhøve på leiarsida. Ein del permisjonar, vikariat og vakante helger gjer at det framleis er naudsynt med bruk av vikarbyrå. Me har nytta vikarbyrå gjennom heile året. I ferietida hadde me til rundt 10 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er litt høgare, oppnår me gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane.

Store stillingsstorleikar (75 % og over) rekrutterer bra. Samstundes opplever me å slite med å rekruttere i dei små stillingsdelane og helgeavløysarstillingane, samt i vikariat. Omlegging av turnus i samband med nytt omsorgssenter gav oss høve til å auke mange av dei minste storleikane, men vi har framleis mange reine helgestillingar.

Tilsynslegetenesta er god og stabil. Institusjonen har 8 timar pr veke til denne funksjonen. Fysioterapitenesta er god og stabil.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leiing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møte utfordringane.

Tab 4.23: Nøkkeltal – Institusjon	Tysnes					Kostragr. 2	Hordaland
	2015	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	15,3	13,9	11,7	-	-	-	-
Andel beboere i institusjon av antall plasser (belegg)	89,4	92,3	118,5	-	-	-	-
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	861 718	934 868	1 227 862	1 402 655	1 409 734	1 307 739	1 279 379

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlegheit, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Tenesta skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”holde hardt” innafor dei ressursane vi har til rådvelde.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering. Gjennom tverrfagleg samarbeid med heimetenesta, fysio/ ergoterapitenesta og legesida, nytta me korttids plassane til å setja brukarane i stand til å klara seg heime lengst mogeleg.

4.3.3.2 Open omsorg

Open omsorg sitt brukargrunnlag er omlag 120 brukarar heimesjukepleie, 165 inkludert dei som berre har heimehjelp. Me yt teneste til alle aldersgrupper, men har størst brukargrunnlag av eldre. Primær oppgåva er nødvendig helsehjelp til grunnleggande behov og i form av praktisk bistand slik at brukarane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

Gjennom året har me sett at brukarane som kjem frå sjukehus har eit større hjelpebehov, meir samansette problemstillingar og krev meir fagkompetanse. Det er og ofte eitt ynskje frå brukarane å få vere i eigen heim. Brukarane har ein høg alder og auka redusert eigenomsorgsevne slik at det i periodar har vore naudsynt å styrkja talet på tilsette, då særleg på helg.

Me har gjennom 2019 opplevd fleire store endringar i tilsettgruppa. Ny einingsleiar, fleire faste tilsette har sagt seg opp, fleire nye er tilsett og nokre som gjekk ut av tenesta tidleg i året kom også tilbake i 2019. Det har vist seg å vera utfordrande med lokal rekruttering i tenesta, både i faste stillingar og ved sjukefråvær og me har sett oss nøyd til å nytta oss av vikarbyrå gjennom heile året for å kunne gje forsvarleg helsehjelp.

Open omsorg er med i prosjekt 100 % auka grunnbemanning, saman med omsorgssenteret. Her er kartlegging for dei tilsette gjennomført og det blir jobba fortløpande med framdrifta i prosjektet. Mål for gjennomføring og oppstart årsturnus er satt til desember 2020.

Omsorg pluss

Bustader tilknytt Tysnes omsorgssenter er atterhalde for dei med høgast tenestebehov.

Kriterier for tildeling vert gjort etter lokal forskrift, av 13.06.17: «Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Tysnes kommune». Desse bustadene vert drifta etter konsept for Omsorg pluss.

Etter ei hending med ein leigetakar i ein slik bustad vart det meldt tilsynssak til Fylkesmannen, denne er lukka. I etterkant har det vore gjort eit godt arbeid med kvalitetssikring og forbetring av innhaldet i konseptet ilag med tilsette og pårøranderepresentantar, dette arbeidet er ikkje slutført.

Trygde- og omsorgsbustader

Alle trygde- og omsorgsbustader me har til disposisjon er utleigd, og det er lite å tilby nye søkjarar.

4.3.3.3 Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufellesskap og dagsenter.

Haugen bufellesskap

Haugen Bufellesskap har ansvar for 6 bebuarar i ulike aldersgrupper og oppfølging av ein tenestemottakar utanfor bufellesskapet. 4 av tenestemottakarane har tett oppfølging m/tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Me har 1 vaken nattevakt som dekker behovet til alle i bufellesskapet. Me har også dette året fått hjelp av nattpatruljen (frå omsorgssenteret) til stell av ein brukar på natta.

Me har stadig fokus på å styrke arbeidsmiljøet for å redusere sjukefråværet. Men ser at fråværet i 2019 har i periodar vore høgt, og det har vært vanskeleg å dekke inn alle vakter.

Me har hatt nokre personale på kurs for å styrke det faglige miljøet, som SOR konferanse og kurs om angelmanns syndrom. Det vart arrangert TERMA kurs for begge bufellesskapa og dagsenter. Det var eit veldig lærerikt kurs. Det er og gjennomført elektroniske kurs, med blant anna legemiddelhandsaming, førebygging av tvang og makt ved utviklingshemming.

Me har fagteam ca 3 gonger i månaden, der me diskuterer ulike problemstillingar hos tenestemottakarane. Og me jobbar kontinuerleg for å yte eit godt miljøarbeid.

2 av tenestemottakarane er blitt meir pleietrengande, og kvardagen blir lagt opp etter dagsformen. Sumaren 2019 var 1 av bebuarane på aktivitetssleir på Halsnøy og 3 brukarar til Solgården.

Det er p.t tilknytt 15 årsverk til eininga.

Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka bufellesskap har ansvar for 5 bebuarar i ulike aldersgrupper. Nokon av bebuarane er blitt meir pleietrengande, og treng såleis meir oppfølging i fht stell og somatiske tilstandar. Bufellesskapet har eit godt samarbeid med fastleger/heimesjukepleie. Me har to kvilande nattevakter. Den eine nattevakta er tilknytta ein bebuar. Me har i periodar, grunna alvorleg helsetilstand hos ein bebuar, måtte ha tilsyn på natt. Ein har no gått tilbake til kvilande vakt.

Me har 2 tenestemottakarar som har tett oppfølging m/tenester, og er definert som ekstra ressurskrevjande. Den eine har 1:1 bemanning til daglig, og eigen kvilande nattevakt. Ein tenestemottaker har 1:1 bemanning dagleg og 2:1 bemanning på aktiviteter. Me har fått god hjelp og oppfølging frå Habiliteringstenesta i Helse Fonna og bedrifhelsetenesta til å handtere ulike utfordringar. Me har fokus på god intern opplæring og tilpassing av hjelpemiddel. Me har samarbeid med Tias og omsorgssenteret når ein har hatt behov for å låne/fikse noko. Det har vore viktig for oss å kunne bruke kunnskapen og dei moglegeheitane som finst i dei ulike faggruppene innad i kommunen.

Me legg til rette for kurs, og prøver å ha gode arenaer, som til dømes fagteam og drøfting/retteleingsmøter rundt tenestemottakar. Me har hatt fokus på fagteam rundt kvar tenestemottaker i løpet av 2019, og prøver å ha dei regelmessig.

Me har gjennomført elektroniske kurs: Legemiddelhandtering, kurs om tvang og makt i forhold til menneske med utviklingshemming. Hausten 2019 gjennomførte Vågsmarka, saman med Haugen bufellesskap og Dagsenteret eit to dagers Terma (terapeutisk meistring av vold og aggresjon)- kurs i regi av Habiliteringstenesta, Helse Bergen. Dette var eit veldig lærerikt kurs, som gav både faglege og arbeidsmiljømessige gevinstar.

Det har vore litt utskiftingar i arbeidsgruppa dei siste åra, med personale som har gått av med pensjon. Dette har ført til at ein har ein relativt ung arbeidsstokk. Personalgruppa er samansett av menneske med forskjellig utdanning, alder, arbeidserfaring, kultur div. Me har hatt ein person på språktrening og arbeidstrening via NAV. Me jobbar for at alle skal føle eit tilhøyre, og eigarskap til arbeidsplassen sin. Fokuset vårt er at det skal vere ein arbeidsplass der personalet er trygg, veit kva arbeidsoppgåvene er og føler meistring i opp mot arbeidsoppgåvene. Dette er særskilt viktig på ein arbeidsplass der ein opplever utagering ved jamne mellomrom.

Vågsmarka har ei stabil, god ringevikarliste. Me har og mange som går i mindre stillingar, som stiller opp og tar ekstra vakter ved behov. Det er til tider likevel utfordrande å ha rett bemanning på jobb til ei kvar tid med hensyn til vedtak og krav frå Fylkesmannen. Me har fokus på

sjukefråvære, og tilbyr tilrettelegging for arbeidstakarar med behov for dette. Me har også fleire arbeidstakarar som er gravid, og legg til rette for at dei kan gå i arbeid så lenge som råd.

Bufellesskapet har pr. d.d. ein leilighet som står tom. D Arbeidet med nytt sprinkelanlegg blei starta på hausten 2019, og er no ferdig i byrjinga av 2020. Det er p.t tilknytt 12 årsverk til eininga.

Dagsenteret

Det er dagsenteret i lag med 4 tenestemottakarane som held drift i Maka kafe gjennom året. Me har og ein skulelev med assistent som er på kafeen ein dag i veka.

Dagsenteret har tilbod til 13 personar. Det er totalt 3,18 årsverk knytta til tenesta, fordelt på 5 tilsette, der det er ein 50 % stilling som fagleiar. Det har fungert godt med felles avdelingsleiar for Dagsenter og Haugen Bufellesskap. Det har ført til eit tettare samarbeid, og lettare å fordele ressursane der behova er.

Fleire av tenestemottakarane er blitt eldre, og nyttar ikkje dagsentertilbodet på same måte som før. Det har ført til att me må tenke nye løysingar og være meir fleksibel i forhold til kva dagsform dei er i.

Brukarstyrt personleg assistent

Me har 2 brukarar som har tenesta organisert som Bpa (brukarstyrt personleg assistanse), og har valt Uloba som leverandør.

Utover dette vert det også gjeve tilbod om støttekontakt, avlastning, omsorgsstønad.

4.3.4 NAV og flyktingtenesta

Kjerneoppgåvene i NAV/flyktingtenesta er økonomisk sosialhjelp, økonomisk rettleiing, KVP, aktivitetsplikt, mellombels bustad, oppfølging av rusklientar, introduksjonsprogram, busetting og integrering av flyktingar.

For 2019 har me ikkje noko måltal på talet flyktingar som me skal busetja, og det er heller ikkje vore nokre familieforeningar. Ein vil heller ikkje i 2020 få nye flyktingar. Flyktingtenesta gjekk ned til ein stilling frå 1.september. Ein viktig del av flyktingtenesta sitt arbeid er introduksjonsprogrammet, som har ein varigheit på to, og opp til tre år. Flyktingtenesta må soleis planlegge, organisere og halde programmet i inntil tre år etter at siste flykting vart busett. Permisjonar vil forlengje fristen for gjennomføring av introduksjon, så det kan ta over tre år for gjennomføring.

Mål og resultat:

NAV har også i 2019 nytta statleg arbeidsmarknadstiltak til aktivitetsplikt. Språkkrava for tiltaka har i 2020 vert auka, noko som har ekskludert fleire av tenestemottakarane. I mai 2019 arrangerte me «Jobbsmio» som var ein lokal jobbklubb.

Det er økt fokus på å redusere barnefattigdom. Ikkje minst då me ser fleire barnefamiliar på sosialstønad. Kommunen har oppretta kontaktperson for midlar som kan søkjast til dette formål i BufDir. Søknadane og andre tiltak i høve til desse midlane vil realiserast i 2020.

Det viktigaste tiltaket mot (barne)fattigdom er å få arbeidssøkande stønadsmottakarar i arbeid. Markedsansvarleg i NAV Tysnes gjer ein svært god jobb her med å få alle på NAV Tysnes til å ha fokus på samarbeid med arbeidsgivarar som har resultert i fleire høve for formidling og lokale tiltaksplasser.

Me har i løpet av 2019 vidareført KVP med ein deltakar. Me har følgd KVP-samlingar frå Fylkesmannen, og halde oss oppdatert på fagfeltet. Me har kontinuerleg vurdert passande kandidatar, men ikkje funne nytte av programmet for fleire kandidatar.

For 2017 søkte me om midlar til å auke kompetansen innan rus, og for ha fokus på unge tenestemottakarar. Tilskot var også søkt for 2019, men det har vore problematisk å nytte seg av pengane på grunn av sjukefråvær og vakanse. Stillingane er nå besatt, men kompetansen totalt sett redusert pga utskifting av tilsette. Personer med rus og unge tenestemottakarar har likevel fått tett oppfølging då dei har vore stabile og ikkje så mange. Det vart oppretta eit ROP- team som er vidareført i 2018. I 2019 vart det ikkje møter i ROP-teamet. Det vil bli gjenopptatt i 2020.

Flyktingtenesta har ikkje motteke flyktingar i 2019, men har fokus på å drifte programmet og følgje opp dei flyktingane som er busett i kommunen. Det var nivådeling på norskundervisninga, og det er sett i verk matteundervisning og auka arbeidspraksis. Frå oktober 2019 er seks av sju flyktingar på grunnskulen. Den siste har kombinasjonsløp med vidaregåande opplæring og praksis/ arbeid. Då flesteparten av

flyktningane går på grunnskule på Os, vanskeleggjer dette den gode oppfølginga. Flyktingtenesta har difor at samlingar på ettermiddag/ kveld og enkeltsamtalar etter avtalar. Flyktingane har også tilbod om leksehjelp to kveldar i veka. I haustferien vart det arrangert trafikalt grunnkurs. Dette var godt motteke, og vil vera eit viktig steg til å få fleire ut i arbeid. Me har i 2019 avslutta 10 stk i introduksjonsprogrammet. Fire har overgang til skule (grunnskule eller vgs), to har overgang jobb. To får arbeidsretta oppfølging av Nav, medan to har anna oppfølging av Nav.

Det var i 2017 meldt inn eit ønskje/ei trong for bevisstgjerung og/eller opplæring i mental/psykisk helse for flyktingar, og me erstatta tilbod om individuell fysisk eigenaktivitet med eit systematisk gruppetiltak: Psykomotorisk fysioterapi i gruppe for flyktingar som inngjekk i introduksjonsprogrammet. Det var gode tilbakemeldingar frå gruppa, men tilbodet blei avvika på grunn av at deltakarane starta på grunnskule på Os og på vidaregåande skule haust 2019.

Totalt sett har med landa med eit underforbruk i høve avsett budsjett. Mot slutten av året auka utgiftene, muligens på grunn av fleire store barnefamiljar.

Utvikling:

For 2020 har NAV som mål og gjere individuelle og konkrete vurderingar av hjelpebehov, og vere tilgjengeleg for, og ivareta dei vanskelegast stilte. I dette ligg spesielt barnefamiljar.

Nav vil fortsatt ha fokus på arbeid og aktivitet, og særleg på dei unge. Me vil ha eit mål om å redusere stønadslengd på sosialhjelp, og sette føremålstenleg kvalifisering eller aktivitet som vilkår for sosialhjelp. Aktivitetsplikt og kvalifisering er eit slikt døme. Vidare vil me ha fokus på heilskapelege tenester innan rus/psykiatri og førebygging innan dette.

Me vil også ha fokus på tett oppfølging av flyktingane, og samarbeid med NAV og utdanningsinstitusjonar for å auke overgang til arbeid eller skule i og etter avslutta program. Me skal starte ein jobbkafe primært for stønadsmottakarar i NAV, men som er tenkt å også kunne vera for andre jobbsøklarar i kommunen. NAV vil også arrangera frukostmøter med arbeidsgjevarar i 2020 kor tema er Inkluderingsdugnaden.

Tab 4.26 Tal sosialtenesta	2015	2016	2017	2018	2019
Mottakarar – sosialhjelp	57	61	55	58	48
18-24 år	10	10	7	2	-
24-66 år	47	51	48	56	48
Mottakarar med stønad over 6 md	18	18	14
Snitt utbetaling per stønadsmånad	7503	7277	6558	8814	10728
Økonomisk rettleiing utan stønad	8	7	5	4	3

4.3.5 Frivilligsentralen

Tysnes Frivilligsentral lager eiga årsmelding som vert lagt fram for møte i formannskapet 23.04.20.

4.4 Landbruk og teknisk

Budsjettkapitleg er delt i to einingar; ei eining for brann, drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

4.4.1 Eining for forvaltning

Under eining forvaltning ligg plan- og byggesaksavdeling, kart – og oppmålingsavdeling og landbruk. Bjørnefjorden Landbrukskontor er felles for kommunane Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes.

Eininga er sekretariat for utval landbruk/teknisk, utvalet handsamar saker innan eininga sitt samla arbeidsområde. Det vart handsama 103 politiske saker i meldingsåret.

4.4.2 Politisk aktivitet

Tabell 4.4.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
landbruk/ Teknisk	165	130	91	105	144	117	103

Eininga er sekretariat for utval landbruk/teknisk, utvalet handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde. Tabellen angjev alle type saker som har vore handsama politisk innan eining for forvaltning sitt ansvarsområde.

4.4.3 Plan og byggjesak

Tabell 4.4.2: Handsama saker etter plan og bygningslova

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Total saksmengd	259	248	280	296	280	289	324	254	248
Delegasjonssaker	139	96	160	207	189	184	218	117	145

Tabellen angjev berre saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Arealdelen til kommuneplanen vart revidert våren 2012. Me opplever ein del søknader om dispensasjonar. Desse sakene krev ei omfattande sakshandsaming med høyring til ytre fagetater og politisk handsaming i utval landbruk/teknisk.

Byggesaksavdelinga mottok mange mangelfulle søknader og brukar unødvendig mykje tid på desse sakene før dei kan takast opp til realitetshandsaming. For lovpålagte tidsfrister innan byggesak er det sjeldan at søknadane er fullstendige slik at dei ikkje oppfyller vilkåra for handsamingsfristane etter § 21-7 i pbl.

I 2018 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid for delegasjonssaker 6 veker for søknader som var fullstendige med handsamingsfrist på 12 veker. (Byggesak har hatt nokre enkelt saker som har vore ekstra krevande og som ein har brukt unødvendig mykje tid på.)

Grunna uføresette hendingar i september 2018 har avdelinga plan og byggesak etter dette dessverre hatt noko lengre sakshandsamingstid på innkomne saker og andre førespurnader enn normalt. Avdeling plan og byggesak har prøvd å prioritera saker knytt til søknader om nye bustadhus og næring, og elles teke andre saker så snart som råd.

Stort arbeidspress over fleire år og med bakgrunn i uføresette hendingar har medført at nokre saker og førespurnader ikkje har vørt følgt opp godt no. Me har også tapt inntekt på gebyr i nokre saker grunna tidsfrist. Med bakgrunn i stort arbeidspress over fleire år har byggesak fått eit etterslep/opphoping av saker til handsaming og saker med vedtak som ikkje er følgt opp.

Stilling som sakshandsamar på byggesak vart lyst ut i hausten 2018. Ny sakshandsamar vart tilsett og tiltrådde på avdeling byggesak den 01.04.2019.

I desember 2016 meldte byggesaksavdeling, Tysnes Kommune, seg på nettverkssamarbeid med andre kommunar i Hordaland, med Bergen Kommune som vertskommune. Nettverkssamarbeid er i regi av NKF med kurs, opplæring av aktuelle tema innanfor byggesak. I 2019 har det vore to nettverkssamlingar. Byggesak deltok på disse.

I løpet av 2019 har byggesak hatt fleire foretakstilsyn.

Byggesak har frå hausten 2018 ikkje hatt kompetanse til å handsama søknad om mindre avlaups-anlegg, søknad om løyve til tiltak etter PBL og søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova. Byggesak har i 2019 starta med dette og vil vidare i 2020 gjennomgå rutinar for og innhente kompetanse for handsaming av mindre avlaups-anlegg.

Gebyrregulativ for Tysnes kommune - Plansaker, Bygge- og delingssaker, vart vedteke av kommunestyre og er gjeldande frå 01.01.2012.

Reguleringsplan Malkenestangen

Kommunestyre har den 14.05.2019 godkjent reguleringsplan for Malkenestangen.

Reguleringsplan Skår kai

Kommunestyre har den 24.09.19 godkjent reguleringsplan for Skår kai.

Det er varslet om oppstart av detaljregulering for Godøysund – Tysnes kommune

4.4.1.2 Kart og oppmåling

Det var ikkje budsjettoppnåing i 2019. Budsjettert inntekt er for høgt i forhold til antal saker som kjem inn og gebyret me tar for den enkelte saken. Gebyrregulativet 2019 vart justert noko på grunn av dette. Mykje av arbeidstida har gått med skiltprosjektet og kommunenummerendring grunna. regionreformen.

Utvikling i gebyrinntekter:

	2015	2016	2017	2018	2019
Budsjett	1.256.604	1.239.996	1.200.000	1.200.000	1.340.000
Rekneskap	840.690	1.040.384	1.240.604	897.450	895.440

Kartlegging

I høve til Geovekstavtalen har det ikkje vore nykartlegging i Tysnes kommune i 2019. Det er planlagt omløpsfotografering i 2020 og nykartlegging av FKB-B data i 2021.

Ved sidan av forvaltning av FKB-data (tiltak, bygg og vegnett) har me hatt vanleg ajourføring av kommunens VA-leidningskartverk.

Kommunen sliter med å få inn «as-built» data frå oppførte byggverk og «melding om bygning unnateke søknadsplikt».

Aktivitet oppmåling	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Rekvirerte saker	60	40	74	66	52	41
Fullførte saker	127	63	63	72	63	47
Trend samla saksmengde	-67	-23	+11	-6	-11	-6

Adressering og skilting:

Det ligg fortsatt noen adressenamn hos stadnamnteneste for godkjenning. Dette gjeld hovudsakelig områdenamn med o-endingar. Det vart også fullført namnearbeid om 2 nye adresseparsellar.

Kommunen har rund 140 matrikkeladresser som ikkje er gått over til vegadressar. Ein reknar med at nesten alle dei kan gå over til vegadresse i 2020.

Det vart utført ein stor jobb med oppsetjing av over 600 adressenamnskilt i Tysnes kommune. A2G har fått oppdrag med produksjon og oppsetjing av skilt. Vedlikehald av skiltplan og skilt er eit samarbeid mellom Kart og oppmålinga og Drift og Vedlikehaldsavdeling.

Kommunale bustadtomter:

Det er **2** tomter reservert til firma ved utgangen av 2019. Det vart seld/skøytt **2** tomter i 2019. For tida er **17** kommunale bustadtomter ledige.

4.4.1.3 Landbruk

Landbrukskontoret har handsama 9 saker etter jordlova i 2019

Me har ei stor oppgåve i å handsame søknadar for tildeling av midlar frå landbruksoppgjeret, og skal både være hjelparar og rådgjevarar og dele ut midlar og kontrollere at midlane vert delt ut riktig. Å både vere hjelpar og kontrollør kan vere vanskeleg og etisk utfordrande, men tilbakemeldingane tyder på at vi klarer å skilje mellom oppgåvene på ein tydeleg og god måte.

Det har dei siste åra vore eit underforbruk samanlikna med budsjett dette er i hovudssak knytta til fråvær og vakanser.

Arbeidet med gåseforvaltingsplan vart ferdig i 2018, planen vart endeleg godkjent i 2019.

Tab 4.31: Saker som er handsama av Bjørnefjorden Landbrukskontor 2014 – 2016

Investeringssaker	2015	2016	2017	2018	2019
Kulturlandskap (Spesielle Miljøtiltak i jordbruket, SMIL)	8	8	11	11	11
Bygdeutviklingsfond og anna støtte frå Innov. Norge	3	3	0	0	-
Produksjonstilskot og areal					-
Talet på søkjarar	88	86	91	93	94
Areal i drift (dekar)*	-	10 338	-	12 242	10 217
Skogbruk					-
Hogst (tømmer og ved) m ³	14 388	18 530	23 143	9 564	-
Jakt- og viltstell					-
Fellingsløyve, hjort	716	705	738	761	-
Felt hjort	532	586	598	646	-

4.4.2 Eining for brann og teknisk drift


I samband med ei organisasjonsendring i 2015 vart brann og teknisk drift lagt til ei felles eining og samla under brannsjefen som einingsleiar.

4.4.2.1 Brann og redningsteneste

Tysnes brann og redning hadde totalt 57 oppdrag i 2019, som det går fram av tabellen under var tre av desse brann i bygning. Diverre hadde ein av desse ein tragisk utgang der ein person omkom. Alle tre var dramatiske brannar med store skadar på hus og der små marginar gjorde forskjellen eit verre utfall enn dei fekk.

Det er heldigvis unnataket med så mange bustadbrannar på Tysnes i løpet av eit år, men det er med å understreke behovet for ein god brannberedskap og eit godt førebyggjande arbeid.

Oppdragstype



Øvingar

Det vart gjennomført ei øving med nedbrenningshus i 2019, ellers hadde me mannskap på plivo øving i Eikelandssosen i samarbeid med andre brannvesen, politi og helse. Retrening med ekstern instruktør i akutthjelper blei gjennomført i april. Nytt i 2019 er at ein gjekk frå tradisjonelle øvingar til å systematisere øvingane meir. Ein øver mykje på dei same momenta, men det vert meir delt opp i øvingar med reine ferdighetsøvingar (teknikk) i mindre grupper opp mot nokre større innsatsøvingar der ein nyttar teknikken ein har lært og samstundes får øvd på taktikk, leiing og samhandling.

Førebyggjande:

Feiing og tilsyn i bustader vart utført etter gjeldande plan av Vestnorske feietenester. Det blei og utført nokre tilsyn i særskilte brannobjekt. Elles har brannvesenet eit godt samarbeid med tysnesfest når det gjeld det brannforebyggjande i tida før festivalen vert avvikla.

Beredskap:

Beredskapsmessig ligg brannvesenet på same nivå som før, fokuset er på vedlikehald av utstyr og utskifting når det trengs. 2019 var og året ein kom på plass i nye brannstasjonen for alvor der ein gjer nødvendige tilpassingar etter kvart som behovet melder seg ut frå hms og anna. Det er gjort eit godt stykke arbeid av mannskap når det gjelder utarbeiding av prosedyrer, vedlikehald av utstyr og innsats når det trengs.

Anna:

Samarbeidet med vest brann og redningsregion fortsetter, brannsjef er framleis med i faggruppe for beredskap og har ma leia ei gruppe som arbeider med mobile øvingskteinere som er tenkt å rullere i regionen. Det er mykje spennande som skjer i dette samarbeidet. Noko er me begynt å hauste fruktene av slik som felles dagskurs, seminar og erfaringsoverføring. Gjennom 2020 kjem nok mykje meir på plass. To mannskap fullførte beredskapsutdanning trinn 1 ila 2019, elles har det vore ei utfordring å få plassar på grunnkurs for nye mannskap.

I samarbeid med eit eksternt firma (Einang Safety Consult) begynte ein hausten 2019 arbeidet med å lage ny risiko og sårbarheitsanalyse for brannvesenet, systematisk plan for risikobasert forebyggjande arbeid (forebyggjandeanalyse), beredskapsanalyse og ny brannordning. Arbeidsgruppa frå Tbr har bestått av brannsjef, varabrannsjef, vernombud , talsperson for mannskap og ein utrykningsleiar. Dokumenta er planlagt ferdig 01.04.20 – Derifrå må dei opp til politisk handsaming før dei går til DSB for godkjenning.

2019 var og året der ein erfarte at kombinert stilling som brannsjef og einingsleiar for drift og vedlikehald vert for mykje for ein person, dette blei signalisert frå brannsjef og mannskap. Utfordringa vart drøfta i administrasjon og politisk, der løysinga blei at ein får brannsjef i 100 % stilling. Tysnes brann og redning er glad for utfallet av saka og er klar for å ivareta beredskapen og det forebyggjande arbeidet i 2020.

4.4.2.2 Drift og vedlikehald

Til drift og vedlikehald ligg vedlikehald av kommunale bygg, vegar, avløp og kyrkjegardar. Frå og med 2020 er også vassforsyning teke inn som ei fast oppgåve.

Kommunale bygg

Årleg service gjennomført på alle bygg. Me har hatt hovedservice på dei fleste ventilasjonsanlegg for å sikre den daglege drifta og levetid på anlegga. Vedlikehald av bygg har hatt hovedefokus.

På Onarheim skule har me hatt arbeid med flytting av eit klassetrin ned i underetasjen for å frigjere meir plass til barnehagen. På Tysnes skule er det lagt nytt golvbelegg i 1. etasje og gjort noko utskiftingar i lys. I symjehallen er gamle lysarmatur erstatta med LED lys. Det er også investert i nye doseringspumper for å sikra stabil drift av bassenget. Gjerde frå mellom skuleplassen og fylkesvegen er no skifta ut.

I Vågsmarka barnehage er det laga nytt gjerde og portar rundt uteområdet, det er også skifta til nytt golvbelegg i ei avdeling. På Lunde barnehage har det vore utført noko utvendig vedlikehald, me har mellom anna skifta eindel bordkledning og vindauger. I tillegg er bygget malt. (skifta bordkledning og vindu + fire takvindu). Bygget malt. Stjernereiso barnehage har fått nytt gjerde og port det er også lagt nytt grasdekke i deler av barnehagen. I samråd med bedriftshelsetensta er det montert lydplater i tak og vegg, effekten opp mot romstøy synes å vera svært god. I Onarheim barnehage er det gjort tilrettelegging for å disponere eit klasserom og garderobe frå skulen. Ombygging av leikeplassen samt montering av felles leikeapparat bhg/skule.

Det går med ein del personalressursar for å drifte Tysnes omsorgssenter. Det er utfordringar med varmpumper og SD-anlegg som ikkje fungerer optimalt. Heisen har og gjeve ein del utfordringar. I den gamle sjukeheimen har avdeling for teknisk drift og for reinhald etablert seg med kontor plass, garderober og lager i kjellaretasjen. Det er etablert plass for vassdrift som blir ein del av den kommunale drifta frå 2020. Rubbhall i Eredalen ferdig innreda og område utanfor asfaltert.

På Rådhuset har me skifta ein del vindu i kantine. Det er gjennomført utvendig vask tak og vegg. Uteområdet er fornya med nyplanting. Nye utelys, i tillegg er resten av parkeringsplassen fullført med asfaltering.

Veg

Tysnes kommune har ca. 60 km kommunale vegar der ca. 53 km er asfaltert. Ingen ny asfaltering av veg i 2019. Mindre asfaltarbeid på parkingsplasser m.m.. Det blei utført hovedinspeksjon på 11 bruer og 4 kaier.

Stilling som fagarbeider på veg har vore ledig storparten av året etter at fagarbeidar slutta i april.

1. oktober blei ny fagarbeidar på veg tilsett. Han jobba i 30 % stilling fram til mars 2020 då går han over i 100 %. Bruntveit Maskin AS har grøfterens og handtering av overvann, også ved akutte hendingar som for eksempel flomskade på vegen på Skorpo. Kantklypp vert også utført på rammeavtale.

Tysnes kommune har inngått rammeavtale på brøytetenester. Entreprenører Bruntveit Maskin AS og Arne Nødland ENK har inngått 3 årig avtale med 1 års opsjon.

Avløp/overvann

Tysnes kommune har 6 pumpestasjoner, 8 større slamavskiljarar og 2 bio-renseanlegg. Fagarbeider på avløp og overvann har kome godt i gong med tilsyn, kartlegging og utbetring av kummer i samarbeid med Arstec AS. Eit godt døme på slik oppfølging er luktproblem som oppstod på Eikene/ Hagareset på Onarheim. Etter mykje feilsøking fann ein årsak og kunne løyse problemet (på ein enkel måte) og gje ein betre kvardag for husstander tilknytt det kommunale avløpsnett

Kyrkjegardar

I 2019 var det 34 gravferder og 4 urnenedsetjingar. Det har vært utført førefallande vedlikehald på klokketårn, bårehus, gjerde og portar. I 2019 har 70 gamle gravsteiner blitt fjerna i samarbeid med kyrkjekontoret. Dette frigjer plass.

Sommarsesongen er prega av slått på dei 10 kyrkjegardane. Fagarbeidar har her fått positive tilbakemeldingar frå besøkjande på gravplassane.

Vassforsyning

Tysnes kommune overtar drift av vassforsyning for Tysnes- og Uggdalsbygd frå 2020. Det er gjort ein del førebuingar til denne overtakinga og me er no klar til å utvikla oss vidare i høve til dette viktige samfunnsområde.

Reinhald

Det var 11 tilsette i avdelinga. Ansvarsområdet var reinhald i tre skular, fire barnehagar, legekantor, rådhuset, legevaktbustad, brannstasjon, drift og reinhald, henting vasking og levering av moppar.

Alt av nedvask på sommaren vart utført av reinhaldarane sjølve, det betyr at me ikkje lengre har trong for å leiga inn eksterne ressursar til dette arbeidet. Reinhaldsplanar er gjennomgått og oppdatert. Det er særskilt gledeleg at me no har seks reinhaldarar som har byrja på teorikurs til framtidig fagbrev som reinhaldsoperatør.

5. AVSLUTNING

Då har me vore gjennom årsmeldinga for 2019. Meldinga er skriva i ei tid der organisasjonen er spissa mot dei oppgåvene Korona-viruset har gjeve oss, og me ber om forståing for at dokumentet enkelte stader vil kunne vere prega av dette. Me håper likevel at lesaren sit att med eit tilfredsstillande inntrykk av Tysnes kommune si drift gjennom året 2019.



REKNESKAP 2019

Tysnes kommune

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen til Tysnes kommune vert utarbeidd i tråd med rekneskapsprinsipp i kommunelova § 48, rekneskapsforskrifta § 7, samt god kommunal rekneskapsskikk.

I fylgje forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 7, er all tilgong og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd ført via drifts- eller investeringsrekneskapen (anordningsprinsippet). Det skal ikkje førekoma rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar som berre vert ført i balanserekneskapen.

Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er rekneskapsført brutto, det vil sei at det ikkje er gjort frådrag for tilhøyrande inntekter til utgiftene – og omvendt. Vidare er dei tatt med i årsrekneskapen for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje. For utgifter og inntekter som enkeltvis ikkje kan fastsetjast eksakt for tidspunktet for rekneskapsavlegginga, vert det registrert eit anslått beløp. Justering mot korrekt beløp vert føretatt påfølgjande år.

For lån er det den delen av lånet som faktisk er brukt, som vert ført i investeringsrekneskapen. Ubrukte lånemidlar er registrert som memoriapost.

Klassifiserings- og vurderingsreglar for anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld

I tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8, er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Desse er ført som langsiktige eigedelar i balanserekneskapen. Eigedelar som ikkje oppfyller kravet til varig eige eller bruk, vert klassifisert som omløpsmidlar. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost og omløpsmidlar til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi (lågaste verdis prinsipp). Lågaste verdis prinsipp vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring.

Anleggsmidlar med avgrensa levetid, vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivingsperioden er i tråd med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar § 8 andre ledd. Avskrivning startar seinast året etter at anleggsmiddelet er anskaffa eller tatt i bruk. Ved verdifall som ikkje er forbigåande, vert anleggsmiddelet nedskreve til verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar vert vurdert til verkeleg verdi.

Gjeld som er tatt opp med formål i tråd med kommunelova § 50 vert klassifisert som langsiktig. Anna gjeld er kortsiktig. Langsiktig gjeld vert vurdert til opptakskost, og vert oppskreven ved varig auking i forpliktinga. Kortsiktig gjeld vert vurdert til høgaste av opptakskost og verkeleg verdi. Dette vert fråvike i tilfeller der det er i tråd med god kommunal rekneskapsskikk for rekneskapsføring av sikring. Der kortsiktig gjeld vert vurdert likt som marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert det vurdert til verkeleg verdi.

Tap på fordringar

Kundefordringar vert vurdert til pålydande verdi med frådrag for mogelege tap. Det vert årleg føreteke ein gjennomgong av kundemassen og konstaterte tap skal utgiftsførast. I tillegg vert det føreteke ein konkret gjennomgong av kundemassen for å kunne føreta ei avsetjing på kundar der risikoen for tap føreligg.

Meirverdiavgift

For dei relevante tenesteområda vert det nytta reglar i tråd med meirverdiavgiftslova. Dette gjeld sjølvkostområda kloakk, slam, renovasjon og feiing.

For dei øvrige tenesteområder vert det kravd meirverdiavgiftskompensasjon.

Sjølvkostutrekningar

Sjølvkost er fastsett i tråd med retningslinjer av Kommunal- og Regiondepartementet som framkjem i dokument H2140 (2003).

Pensjonar

Pensjonar vert ført i tråd med rekneskapsforskrifta § 13 om rekneskapsføring av pensjon.

Vedlegg 1

Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskap

Tysnes kommune 2019

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekt og formue 1)	-105 762	-88 241	-86 441	-90 838
Ordinært rammetilsko	-100 294	-107 738	-107 738	-99 114
Skatt på eiedom	-10 757	-10 350	-10 350	-10 438
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-
Andre generelle statstilskot	-3 159	-2 762	-902	-25 654
Sum frie disponible inntekter	-219 971	-209 091	-205 431	-226 043
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-2 035	-1 357	-1 357	-2 889
Gevinst finansielle instrument	-	-	-	-
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	4 533	4 249	4 249	5 380
Tap finansielle instrument	-	-	-	-
Avdrag på lån	10 494	10 494	9 144	27 451
Netto finansinntekter/-utgifter	12 992	13 385	12 035	29 942
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekking av tidlegareårs rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetningar	14 280	1 002	492	6 000
Til bundne avsetningar	1 514	859	859	645
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	-13 278	-	-	-
Bruk av ubundne avsetningar	-1 613	-855	-855	-83
Bruk av bundne avsetningar	-893	-354	-354	-2 857
Netto avsetningar	10	652	142	3 705
FORDELING				
Overført til investeringsbudsjettet	752	850	850	919
Til fordeling drift	-206 217	-194 204	-192 404	-191 477
Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)	201 552	194 204	192 404	185 553
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	-4 665	-0	0	-5 925

Rekneskapsvedlegg 4
Økonomisk oversikt - Drift
Tysnes kommune 2019

Tal i 1000 kroner	Regulert		Opprinneleg	
	Rekneskap 2019	budsjett 2019	budsjett 2019	Rekneskap 2018
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-11 295	-12 014	-12 014	-11 646
Andre sals- og leigeinntekter	-20 156	-21 241	-21 241	-20 388
Overføringer med krav til motytelsar	-39 154	-27 525	-27 525	-42 319
Rammetilskot frå staten	-100 294	-107 738	-107 738	-99 114
Andre statlege overf.	-3 159	-2 762	-902	-25 654
Andre overføringer	-671	-5	-5	-62
Skatt på inntekt og formue	-105 762	-88 241	-86 441	-90 838
Eigedomsskatt	-10 757	-10 350	-10 350	-10 438
Andre direkte og indirekte skattar	-	-	-	-
Sum driftsinntekter	-291 249	-269 877	-266 217	-300 458
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	151 689	148 959	147 294	145 980
Sosiale kostnader	33 943	39 271	40 965	32 958
Kjøp som inngår i kommunal prod.	57 663	40 130	38 406	52 743
Kjøp som erstattar eigen prod.	16 311	14 718	14 518	16 378
Overføringer	16 693	14 533	14 403	15 062
Avskrivningar	11 231	11 303	11 303	10 907
Fordelte utgifter	-3 468	-2 621	-2 397	-3 149
Sum driftsutgifter	284 062	266 293	264 493	270 880
Brutto driftsresultat	-7 186	-3 584	-1 724	-29 578
EKSTERNE FINANSINNTEKTER				
Renteinntekter og utbytte	-2 035	-1 357	-1 357	-2 889
Gevinst Finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Mottekne avdrag på lån	-35	-10	-10	-8
Sum eksterne finansinntekter	-2 069	-1 367	-1 367	-2 897
EKSTERNE FINANSUTGIFTER				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	4 533	4 249	4 249	5 380
Tap finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdragsutgifter	10 494	10 494	9 144	27 451
Utlån	33	10	10	2
Sum eksterne finansutgifter	15 060	14 752	13 402	32 833
Resultat eksterne finanstransaksjoner	12 991	13 385	12 035	29 936
Motpost avskrivningar	-11 231	-11 303	-11 303	-10 907
Netto driftsresultat	-5 427	-1 502	-992	-10 549
Netto driftsresultat i %	1,9 %	0,6 %	0,4 %	3,5 %
BRUK AV AVSETNINGAR				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	-13 278	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-1 613	-855	-855	-83
Bruk av bundne fond	-893	-354	-354	-2 857
Sum bruk av avsetningar	-15 785	-1 209	-1 209	-2 940
AVSETNINGAR				
Overføring til investeringsrekneskap	752	850	850	919
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-
Avsetting disposisjonsfond	14 280	1 002	492	6 000
Avsetting til bundne driftsfond	1 514	859	859	645
Sum avsetningar	16 547	2 712	2 202	7 565
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-4 665	-0	0	-5 925

Vedlegg 2

Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapet

Tysnes kommune 2019

Tall i 1000 kroner	Regulert	Opprinneleg		
	Rekneskap 2019	budsjett 2019	budsjett 2019	Rekneskap 2018
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringar i anleggsmidlar	21 715	52 776	53 276	19 256
Utlån og forskotering	752	850	850	1 537
Avdrag på lån	1 813	-	-	56 209
Dekking av tidligare års udekka	-	-	-	-
Avsetningar	-	-	-	-
Årets finansieringsbehov	24 280	53 626	54 126	77 002
FINANSIERING				
Bruk av lånemidlar	-13 926	-32 482	-32 882	-4 566
Inntekt frå sal av anleggsmidlar	-518	-3 500	-3 500	-1 119
Tilskot til investeringar	-	-	-	-4 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-8 718	-16 394	-16 494	-12 304
Andre inntekter	-91	-	-	-138
Sum ekstern finansiering	-23 254	-52 376	-52 876	-22 128
Overført frå driftsbudsjettet	-752	-1 250	-1 250	-919
Bruk av tidlegere års udisponert	-	-	-	-
Bruk av avsetningar	-274	-	-	-53 955
Sum finansiering	-24 280	-53 626	-54 126	-77 002
Udekka / Udisponert	-	0	-	-

Rekneskapsvedlegg 5

Økonomisk oversikt - Investering

Tysnes kommune 2019

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2019	Regulert budsjett 2019	Opprinneleg budsjett 2019	Rekneskap 2018
INNETEKTER				
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-518	-3 500	-3 500	-433
Andre salsinntekter	-	-	-	-138
Overføringer med krav til motyting	-7 179	-16 394	-16 494	-10 545
Staltege overføringer	-	-	-	-
Andre overføringer	-	-	-	-4 000
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-91	-	-	-
Sum inntekter	-7 789	-19 894	-19 994	-15 117
UTGIFTER				
Lønsutgifter	930	1 030	1 030	846
Sosiale utgifter	274	238	238	273
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	16 915	41 442	41 842	13 222
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	-	-	-	-
Overføringer	3 595	10 066	10 166	4 915
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	21 715	52 776	53 276	19 256
FINANSIERINGSTRANSAKSJONER				
Avdragsutgifter	1 813	-	-	56 209
Utlån	-	-	-	618
Kjøp av aksjar og andelar	752	850	850	919
Dekking av tidlegare års udekket	-	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Avsetningar til bundne investeringsfond	-	-	-	-
Sum finansieringstransaksjoner	2 565	850	850	57 746
Finansieringsbehov	16 492	33 732	34 132	61 885
FINANSIERING				
Bruk av lån	-13 926	-32 482	-32 882	-4 566
Mottekne avdrag på utlån	-1 539	-	-	-1 758
Sal av aksjar og andelar	-	-	-	-686
Overføring frå driftsrekneskap	-752	-1 250	-1 250	-919
Bruk av tidlegare års udisponert	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
Bruk av bunde driftsfond	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-274	-	-	-53 955
Sum finansiering	-16 492	-33 732	-34 132	-61 885
Udekket / Udisponert	-	0	-	-

Vedlegg 3

Balanseregnskapet

Tysnes kommune 2019

Tall i 1000 kroner

Note Rekneskap 2019 Rekneskap 2018

EIGEDELAR

A. ANLEGGSMIDLAR

Faste eigedommar og anlegg	4	353 224	350 562
Utstyr, maskinar og transportmidler	4	7 714	7 590
Pensjonsmidlar	3	340 480	328 584
Utlån		20 055	21 596
Aksjar og andelar	5	9 974	9 221

Sum anleggsmidlar **731 448** **717 553**

B. OMLØPSMIDLAR

Kortsiktige fordringar		18 018	14 029
Aksjar og andeler		-	-
Sertifikat		-	-
Obligasjonar		-	-
Kasse, postgiro, bankinnskot		86 910	87 932
Premieavvik	3	18 849	15 187

Sum omløpsmidlar **123 776** **117 147**

Sum eigedelar **855 224** **834 700**

EIGENKAPITAL OG GJELD

C. EIGENKAPITAL

Disposisjonsfond	10	-58 910	-46 243
Bundne driftsfond	10	-7 795	-7 174
Ubundne investeringsfond	10	-1 203	-1 203
Bundne investeringsfond	10	-3 860	-4 134
Endring i rekneskapsprinsipp drift (AK)		173	173
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		-	-
Rekneskapsmessig mindreforbruk	10	-4 665	-13 278
Rekneskapsmessig meirforbruk		-	-
Udisponert i investeringsrekneskapet		-	-
Udekket i investeringsrekneskapet		-	-
Kapitalkonto	11	-140 284	-141 585

Sum eigenkapital **-216 543** **-213 445**

D. GJELD

LANGSIKTIG GJELD

Ihendehaverobligasjonslån		-	-
Pensjonsforpliktelsar	3	-388 000	-374 423
Sertifikatlån		-	-
Andre lån	7, 8	-208 420	-205 726

Sum langsiktig gjeld **-596 419** **-580 149**

KORTSIKTIG GJELD

Kassekredittlån		-	-
Anna kortsiktig gjeld		-42 262	-41 106
Premieavvik		-	-

Sum kortsiktig gjeld **-42 262** **-41 106**

Sum eigenkapital og gjeld **-855 224** **-834 700**

MEMORIAKONTI:

Ubrukte lånemidlar	1	5 255	4 182
Andre memoriakonti	13	709	1 911
Motkonto for memoriakonti	1, 13	-5 964	-6 093

Sum memoriakonti **-** **-**

Rolf J. Lunde
Økonomisjef

Steinar Dalland
Rådmann

1. Endring i arbeidskapital

Arbeidskapitalen til kommunen viser kor likvid kommunen er. Vidare uttrykkjer endringa i arbeidskapital utviklinga i kommunen sin betalingsevne. Utgangspunktet er balanserekneskapen og endringa av arbeidskapitalen som består av omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld i rekneskapsperioden, korrigert for ubrukte lånemidlar i tilsvarende periode. Tilsvarende finn ein endringa av arbeidskapitalen ved å sjå på anskaffing og bruk av midlar i drifts- og investeringsrekneskap.

Tal i 1000 kr

Balanserekneskap	31.12.2018	31.12.2019	Endring
Omløpsmidlar	117 147	123 776	6 629
Kortsiktig gjeld	41 106	42 262	1 155
Arbeidskapital	76 041	81 515	5 474

Drifts- og investeringsrekneskap år 2019	Beløp	Sum
<i>Anskaffing av midlar</i>		
Inntekter driftsrekneskap	302 480	
Inntekter investeringsrekneskap	7 789	
Innbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	17 534	
Sum anskaffing av midlar	327 803	327 803
<i>Bruk av midlar</i>		
Utgifter driftsrekneskap	284 062	
Utgifter investeringsrekneskap	21 715	
Utbetalningar ved eksterne finanstransaksjonar	17 626	
Sum bruk av midlar	323 403	323 403
Anskaffing - bruk av midlar		4 400

<i>Endring ubrukte lånemidlar</i>		
IB konto	4 182	
UB konto	5 255	
Endring ubrukte lånemidlar	1 074	1 074

*) Auking framgår som (+), og reduksjon framgår som (-).

Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsrekneskap	5 474
Differanse endring arbeidskapital balanse og drifts-/investeringsrekneskap	-0

2. Ytingar til leiande personar og revisor

Godtgjersle til leiande personar kjem fram under. Med leiande personar meiner ein rådmann og ordførar.

Vidare vert honorar for revisjonstenester spesifisert. Revisjon inkluderer både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon:

	<i>Tal i kr.</i>	
Leiande personar :	2019	2018
Løn og anna godtgjering til rådmann 1)	977 800	949 000
Løn og anna godtgjering til rådmann for verv i kommunal samanheng	-	-
Løn og anna godtgjering til ordførar 2)	889 200	860 900
Løn og anna godtgjering til ordførar for verv i kommunal samanheng	-	-
Revisjon :	2019	2018
Rekneskapsrevisjon	219 350	180 000
Forvaltningsrevisjon	350 900	254 375
Rådgjeving	-	-
Sum	570 250	434 375

Fotnotar :

88 600

1) Rådmannstillinga er ei åremålsstilling.

Årleg kompensasjon for åremålsstillinga er kr. 75.000 pr. år (inkl. i beløpet ovanfor)

2) Beløpet er total løn for ordførarvervet.

Fram til konstituerande kommunestyremøte 2019 mottok ordførar 80% av løna, mens varaordførar mottok 20% av beløpet.

Frå og med det nye kommunestyret 2019 mottek ordførar 100% av denne løna.

3. Pensjonsforplikting

Generelt om pensjonsordninga i kommunen :

Kommunen har sine kollektive pensjonsforsikringar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) samt Statens Pensjonskasse (SPK).

Tilsette som er i kommunens teneste ved fylte 62 år har rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar.

Regnskapsføring av pensjon :

Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen innehalda pensjonskostnader som er berekna ut i frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Ulikskap mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavvik som er berekna før 2011 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 15 år, mens premieavvik berekna frå og med 2011 til og med 2013 skal inntekts- eller utgiftsførast lineært over 10 år. For premieavvik oppstått i 2014 og seinare er inntekts- eller utgiftstida 7 år.

Berekna pensjonsmidlar i balansen er ført som anleggsmidlar, mens berekna pensjonsforplikting er ført som langsiktig gjeld.

Estimatavvik :

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting i balansen er berekna størrelser. Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal det gjerast ei ny berekning av pensjonsforpliktinga som vart balanseført førre år.

I den oppdaterte berekninga skal nye grunnlagsdata og føresetnader leggjast til grunn.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseført pensjonsforplikting (langsiktig gjeld) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsforplikting.

Ulikskapen mellom førre års berekning av balanseførte pensjonsmidlar (anleggsmidlar) og ny berekning vert kalla estimatavvik for pensjonsmidlane.

Årets estimatavvik (endring langsiktig gjeld og anleggsmidlar) vert i sin heilhet ført mot kapitalkontoen i rekneskapen.

Rekneskap 2019	KLP	SPK	SUM	Arb.avg.
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.) frå akturar	14 634	2 608	17 242	
Årets pensjonspremie frå akturar	20 785	2 719	23 504	
Årets premieavvik	-6 152	-111	-6 263	-664

Akkumulert premieavvik :

Akkumulert 01.01.19	14 864	-1 338	13 527	1 434
Premieavvik for året	6 152	111	6 263	664
Resultatføring av tidl. års premieavvik	-3 073	326	-2 747	-291
Akkumulert premieavvik 31.12.19	17 943	-901	17 042	1 806

Pensjonsmidlar / Pensjonsforpliktingar :

	KLP	SPK	SUM
Pensjonsmidlar	308 358	32 122	340 480
Estimat avvik pensjonsmidlar	-10 230	-935	801
Pensjonsforplikting	-343 164	-40 281	-383 445
Estimat avvik pensjonsforplikting	1 737	-5 120	-15 350
Arbeidsgjevaravgift av pensjonsforplikting	-3 689	-865	-4 554

Føresetnader :

	KLP	SPK
Avkastning pensjonsmidlar	4,50 %	4,00 %
Diskonteringsrente	4,00 %	4,00 %
Årleg lønsvekst	2,97 %	2,97 %
Årleg G-regulering	2,97 %	2,97 %

4. Varige driftsmidler (anleggsmidler)

Anleggsmidler vert vurdert i tråd med rekneskapsforskrifta § 8. Følgjande anleggsmiddelgrupper vert nytta for avskrivning:

Anleggsmiddel-gruppe	Avskrivings-plan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år	Edb-utstyr, kontormaskiner og liknande.
Gruppe 2	10 år	Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr, verktøy og transportmidlar og liknande.
Gruppe 3	20 år	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikkllys, tekniske anlegg (VAR), renseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg og liknande.
Gruppe 4	40 år	Bustader, skular, barnehagar, idrettshallar, vegar og leidningsnett og liknande.
Gruppe 5	50 år	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheimar og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar og liknande.

Samla oppstilling :

Tal i 1000 kr.

	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	SUM eigedelar med avskrivning	Eigedelar utan avskrivning	SUM EIGEDELAR
Tilgong pr. 01.01	12 780	6 899	21 275	174 463	260 061	475 478	13 594	489 072
Tilgong ila. året	1 497	-	176	11 901	598	14 171	-	14 171
Avgong ila. året	-	-	-	-	-	-	154	154
Tilgong 31.12	14 276	6 899	21 450	186 365	260 659	489 649	13 441	503 090
Akk. avskrivning per 01.01	10 999	3 389	9 125	63 150	44 258	130 920	-	130 920
Avskrivning i året	659	700	189	5 128	4 556	11 231	-	11 231
Nedskrivning	-	-	-	-	-	-	-	-
Akk. avskrivning per 31.12	11 657	4 090	9 314	68 277	48 813	142 152	-	142 152
Bokført verdi per 31.12.	2 619	2 809	12 136	118 088	211 846	347 497	13 441	360 938

5. Aksjar og andelar (anleggsmidlar)

Finansielle anleggsmidlar:

Selskap	Tal i kr.		
	Balanseført verdi	Marknadsverdi	Eigarandel
A/L Biblioteksentralen	600		Liten
Vestskog BA	1 000		Liten
Onarheim Vassverk L/L	19 000		Liten
Tysnes Kraftlag	100		Liten
Tysnes Vassverk	3 000		Part
Uggdal Vasslag	20 400		Part
Lunde Vasslag	5 500		Part
KLP - eigenkapitalinnskot	9 238 731		
Våge Hamn AS	50 000		9,90 %
Opero AS	47 000		3,25 %
Fjord Norge AS	5 000		0,12 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	22 000		12,50 %
Tysnes Industri AS	351 000		67,10 %
Sunnhordlandssambandet AS	100 000		7,41 %
Tysnespakken AS	10 500		35,00 %
Hordfast AS	100 000		
Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	-		5,57 %
Sum	9 973 831	-	-

Tysnes Vassverk og Uggdal Vasslag vil verte overtekne av Tysnes kommune 02.01.2020.

6. Sal av finansielle anleggsmidler

Det er ikkje seld finansielle anleggsmidler i 2019.

7. Langsiktig gjeld og avdrag på lån

<i>Tal i 1000 kr.</i>	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Startlån med flytande rente	17 300	18 575
Startlån med fast rente	13 878	14 417
Sum startlån	31 178	32 991
Ordinære lån med flytande rente	91 845	95 852
Ordinære lån med NIBOR berekning	20 297	21 117
Ordinære lån med fastrente	65 100	55 766
Sum ordinære lån	177 241	172 735
SUM LÅNEGJELD	208 420	205 726

Avdrag lån:

Avdrag	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Betalt avdrag eks. utlån	10 494	83 660
Berekningsminste lovlege avdrag	5 417	7 496
Differanse	5 077	76 164

<i>Berekningsminsteavdrag (forenkla metode)</i>	<i>Rekneskap 2019</i>	<i>Rekneskap 2018</i>
A. Avskrivning i året	11 231	10 907
B. IB Anleggsmidler	358 152	368 083
C. IB Lånegjeld	172 735	252 986
Minimumsavdrag (A/B*C)	5 417	7 496

Langsiktig gjeld i tråd med kommunelov § 50 nr. 6:

	Rekneskap 2019	Rekneskap 2018
Total lånegjeld IB	205 726	289 386
Startlån IB	32 991	36 400
Lånegjeld eks. startlån	172 735	252 986
Avdragsutgifter eks. startlån	10 494	83 660

I 2018 vart det betalt MNOK 75,8 i ekstraordinært avdrag (MNOK 56,2 frå tilskot omsorgssenteret samt MNOK 19,6 frå Havbruksfondet)

I 2019 er det betalt MNOK 1,35 i ekstraordinært avdrag frå Havbruksfondet.

8. Renter – sikring

Tysnes kommune sitt finansreglement seier fylgjande om låneporteføljen :

- Minimum 20% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år)
- Minimum 20% av gjeldsporteføljen skal ha fast rente
- Resterande 60% skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen

Rentebindingsavtalar pr. 31.12.19 (tal i kr.) :

<i>Lån</i>	<i>Utløpsdato lån</i>	<i>Utløpsdato fastrente</i>	<i>Fastrente sats</i>	<i>Saldo 31.12.19</i>	<i>Kategori</i>
HUS-13547274-10	01.07.2028	01.01.2022	2,97%	1 561 742	Startlån
HUS-13551923-30	01.12.2030	01.01.2022	2,96%	749 980	Startlån
HUS-13560088-10	01.08.2037	01.05.2023	2,78%	4 320 000	Startlån
HUS-13560088-50	01.02.2038	01.05.2033	2,98%	7 246 755	Startlån
KBN-20060682	15.12.2026	15.12.2022	3,66%	3 918 250	Ordinært
KBN-20090382	19.12.2029	20.12.2021	1,82%	5 000 000	Ordinært
KBN-20100960	23.12.2041	23.06.2022	3,80%	11 366 720	Ordinært
KBN-20150734	22.12.2045	22.12.2020	1,85%	17 333 360	Ordinært
KBN-20160458	01.10.2046	30.09.2021	1,87%	5 400 000	Ordinært
KBN-20180303	27.08.2026	28.08.2023	2,25%	7 081 420	Ordinært
KBN-20190591	06.12.2049	05.12.2029	2,45%	15 000 000	Ordinært
				<u>78 978 227</u>	
				Sum lån 31.12.2019 :	208 419 576
				<u>Andel fastrente :</u>	<u>37,9 %</u>

9. Garantiansvar

Garantiansvaret innbefattar garantiar for tilsette sine lån, samt øvrege garantiar som kommunen har ansvar for. Eventuelle tap på garantiar eller innfriing av garantiar vert redegjort for under, samt eventuelle verknader på seinare års budsjett/rekneskap.

Tal i kr.

Garanti gitt til	Opprinneleg garanti	Garantibeløp 31.12.19	Utløp
Tysnes Industri AS	4 250 000	2 741 900	15.12.2039
Tysnes Vassverk SA	1 790 362	1 333 280	20.07.2028
Uggdal Vasslag SA	2 580 770	2 125 370	20.10.2033
Sum garantier	8 621 132	6 200 550	

Tysnes Vassverk SA og Uggdal Vasslag SA vil bli overtatt av Tysnes kommune pr. 02.01.2020.

Garanterte lån vil frå denne datoen verte overtekne av kommunen og bli vidareført som ordinære lån.

10. Avsetjinger og bruk av avsetjinger

Beløp 1000 kroner

Disposisjonsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	46 243
Bruk av fondet i driftsregnskapet	kr	1 613
Bruk av fondet i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondet (fotnote 1)	kr	14 280
Beholdning 31.12.	kr	58 910

Bundne driftsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	7 174
Bruk av fondene i driftsregnskapet	kr	893
Bruk av fondene i investeringsregnskapet	kr	-
Avsetninger til fondene	kr	1 514
Beholdning 31.12.	kr	7 795

Ubundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	1 203
Avsetninger til fondene	kr	-
Bruk av fondene	kr	-
Beholdning 31.12.	kr	1 203

Bundne investeringsfond		Beløp
Beholdning 01.01.	kr	4 135
Avsetninger til fondene	kr	-
Bruk av fondene (fotnote 2)	kr	274
Beholdning 31.12.	kr	3 860

Rekneskap 2019 - udisponert fond		Beløp
Beholdning 01.01 (udisponert overskot 2017/18) :	kr	13 278
Årets udisponerte resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr	4 665
Årets disponering av tidlegare resultat (mer- eller mindreforbruk)	kr	13 278
Beholdning 31.12.	kr	4 665

Note 1 :

Avsetjing til disposisjonsfond består av tidlegare års udisponerte overskot (MNOK 13,278), årets budsjetterte mindreforbruk (MNOK 0,492) samt avsetjing til Havbruksfondet (MNOK 0,510)

Note 2 :

Bruk av bundne investeringsfond (MNOK 0,274) er relatert til startlånsordninga, der kommunen har betalt meir ned på låna i Husbanken enn det som kjem inn frå låntakarane.

11. Kapitalkontoen

Kapitalkontoen skildrar kor mykje kommunen har brukt av sin eigenkapital til å finansiera anleggsmidlar. Dette kjem fram som differansen mellom balanseført verdi av anleggsmidlar og langsiktig gjeld justert for ubrukke lånemidlar.

Tal i 1000 kr.

Saldo 01.01.2019	-141 585
Auking av kapitalkonto (kreditposteringsar)	
Aktivering av fast eigedom og anlegg	-12 499
Reversert nedskrivning av fast eigedom og anlegg	-
Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar	-1 672
Kjøp av aksjar og andelar	-
Reversert nedskrivning av aksjar og andelar	-
Utlån	-33
Aktivert eigenkapitalinnskott pensjonskasse	-752
Avdrag på eksterne lån	-12 306
Auking pensjonsmidlar	-11 896
Reduksjon pensjonsforpliktingar	-
Reduksjon av kapitalkonto (debitposteringsar)	
Avgang fast eigedom og anlegg	154
Av- og nedskrivning av fast eigedom og anlegg	-
Avgang utstyr, maskiner og transportmidlar	-
Av- og nedskrivning av utstyr, maskiner og transportmidlar	11 231
Avgang aksjar og andelar	-
Nedskrivning av aksjar og andelar	-
Avdrag på utlån	1 573
Avskrivning utlån	-
Reduksjon eigenkapitalinnskott pensjonskasse	-
Bruk av midlar frå eksterne lån	13 926
Reduksjon pensjonsmidlar	-
Reduksjon pensjonsforplikting	13 577
Urealisert kurstap utenlandslån	-
Rekneskap 2019	-140 284

12. Investeringsoversikt

Det har ikkje vore gjennomført større investeringsprosjekt i 2019.

I 2020 vil bygging av nytt mellomtrinn på Tysnes skule starte opp.

13. Sjølvkost

Sjølvkost vert definert som den meirkostnad kommunen vert påført ved å produsera ei bestemt vare eller teneste. Kommunen må berekna dei faktiske kostnader innafor kvart tenesteområde og kontrollera mot dei rettslege rammer som er gjevne. Gebyrinntektene skal ikkje overstige kommunen sin sjølvkost over tid.

VAR-området :

Beløp i kr.

2019 Etterkalkyle sjølvkost	Vatn	Avløp	Renovasjon	Feiing	Totalt
Gebyrinntekter	0	2 137 858	3 868 148	564 924	6 570 930
Øvrige driftsinntekter	38 908	12 418	0	0	51 326
Driftsinntekter	38 908	2 150 276	3 868 148	564 924	6 622 256
Direkte driftsutgifter	249 510	1 428 034	3 872 043	540 837	6 090 425
Avskrivningskostnad	0	548 596	0	0	548 596
Kalkulatorisk rente (2,30 %)	0	298 435	0	0	298 435
Indirekte netto driftsutgifter	48 318	158 698	70 524	71 692	349 232
Sjåblongmessig indir. kap.kostnad (5 % a	2 416	7 935	3 526	3 585	17 462
Driftskostnader	300 244	2 441 698	3 946 093	616 114	7 304 150
Resultat	-261 336	-291 422	-77 945	-51 190	-681 894
Selvkostgrad (%)	0,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifter	50 733	1 013 664	74 050	75 277	1 213 725
Selvkostfond 01.01	0	107 600	802 379	0	909 979
- Bruk av selvkostfond	0	-107 600	-77 945	0	-185 545
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (2,3	0	0	17 558	0	17 558
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	0	741 992	0	741 992
Fremførbart underskudd 01.01	0	0	0	-115 902	-115 902
- Underskudd til fremføring	-261 336	-183 822	0	-51 190	-496 349
- Kalkulert rentekostnad fremførbart unde	-3 005	-877	0	-3 254	-7 136
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. rei	-264 341	-184 698	0	-170 346	-619 385
Gebyrinntekter	0	2 137 858	3 868 148	564 924	6 570 930
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiering	261 336	2 429 280	3 946 093	616 114	7 252 824
Finansiell dekningsgrad (%)	0,0 %	88,0 %	98,0 %	91,7 %	90,6 %

Byggesak og oppmåling :

2019 Etterkalkyle sjølvkost	Private planar	Byggesaks- planar	Oppmåling	Totalt
Gebyrinntekter	0	1 576 853	895 440	2 472 294
Øvrige driftsinntekter	0	1 205	0	1 205
Driftsinntekter	0	1 578 058	895 440	2 473 499
Direkte driftsutgifter	0	1 913 989	1 273 668	3 187 657
Avskrivningskostnad	0	0	18 156	18 156
Kalkulatorisk rente (2,30 %)	0	0	1 879	1 879
Indirekte netto driftsutgifter	4 268	123 667	88 044	215 980
Sjablommessig indir. kap.kostnad (5 % a	213	6 183	4 402	10 799
Driftskostnader	4 482	2 043 839	1 386 150	3 434 471
Foreløpig resultat	-4 482	-465 781	-490 710	-960 972
+ Subsidiert	4 482	0	0	4 482
Resultat	0	-465 781	-490 710	-956 491
Selvkostgrad (%)	0,0 %	100,0 %	100,0 %	0,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifte	-0	129 850	112 482	242 332
Selvkostfond 01.01	0	0	0	0
+ Avsetning til selvkostfond	0	0	0	0
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	0	0	0	0

Fremførbart underskudd 01.01	0	0	0	0
- Underskudd til fremføring	0	-465 781	-490 710	-956 491
Fremførbart underskudd 31.12 (inkl. re	0	-465 781	-490 710	-956 491

Gebyrinntekter	0	1 576 853	895 440	2 472 294
Gebyrgrunnlag inkl. ev. subsidiert	0	2 042 634	1 386 150	3 428 784
Finansiell dekningsgrad (%)	0,0 %	77,2 %	64,6 %	72,1 %

Slam :

2019 Etterkalkyle sjølvkost	Slamtømming		Totalt
Gebyrinntekter	988 869	0	988 869
Driftsinntekter	988 869	0	988 869
Direkte driftsutgifter	50 580	0	50 580
Indirekte netto driftsutgifter	52 194	0	52 194
Sjablommessig indir. kap.kostnad (5 % a	2 610	0	2 610
Driftskostnader	105 384	0	105 384
Resultat	883 485	0	883 485
Selvkostgrad (%)	100,0 %	0,0 %	100,0 %
"Bidrag" til administrasjon og låneutgifte	54 804	0	54 804
Selvkostfond 01.01	211 245	0	211 245
+ Avsetning til selvkostfond	883 485	0	883 485
+ Kalkulert renteinntekt selvkostfond (2,3	15 019	0	15 019
Selvkostfond 31.12 (inkl. rente)	1 109 749	0	1 109 749

Gebyrinntekter	988 869	0	988 869
Gebyrgrunnlag ekskl. ev. subsidiert	105 384	0	105 384
Finansiell dekningsgrad (%)	938,3 %	0,0 %	938,3 %

14. Hendingar etter balansedag

Utbrot av Korona-virus

I løpet av mars 2020 kom det utbrot av Korona-virus i Noreg. Også vår kommune er påverka av dette. Kva som vert den endelege effekten er ukjent pr. 31.03.20.

Men me kan allereie peike på fylgjande økonomiske utfordringar :

- *Næringslivet er sterkt påverka av utbrotet - dette vil føre til mindre skatteinntekter i 2020*
- *Tapt inntekt på SFO og barnehage i periode med nedstenging*
- *Auka overtidsbetaling og auka inntak av helsearbeidarar i perioden*
- *Auka kostnader knytt til tilrettelegging av Korona-pasienter*
- *Evt kommunal krisehjelp til private og næringsdrivande i kommunen*

Det er ukjent kor mykje kommunen vil bli kompensert av staten på desse områda.

Til kommunestyret i Tysnes kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Tysnes kommune som viser kr 206.216.859 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.664.805. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje

av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønns og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feile presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskaps-estimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Bergen, 3. april 2020
Deloitte AS

Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmann

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 84.215.xxx.xxx

2020-04-06 07:11:37Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Tysnes kommune
Att.: Rådmann
Rådhuset

5685 UGGDAL

3. april 2020

Revisjonsrapport nr. 8 (journalføres)

REVISJONSRAPPORT 2019

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2019. Vi vil i den anledning gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi antek er av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få bekrefte at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å avgje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leiing bør vera merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærmare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekka tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2019. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Andre tilhøve**Intern kontroll og rutinar**

Vår gjennomgang av kommunen sine interne kontrollar syner at kommunen har utarbeidd nye skriftlege rutinar dei siste åra. Det er utarbeidd rutinar på dei fleste vesentlege områder, men desse adresserar ikkje risiko og kontrollar.

Ved vår gjennomgang av kommunen sine etablerte rutinar syner våre testar få feil.

Bankfullmakt

Ved gjennomgang av signaturrettigheter på kommunen sine bankkontoar syner det at det ikkje er naudsynt med to godkjenningar for å kunne gjennomføre betalingar i frå desse kontoane. Ei slik einefullmakt utset kommunen for risiko for at ikkje-autoriserte betalingar kan skje. Etablert praksis hjå mange kommunar og andre selskap er at det er naudsynt med to signaturar i banken for å kunne gjennomføre utbetalingar frå kommunen sine bankkontoar.

Kommunen sin hovudbankforbindelse støttar ikkje ei løysing med to godkjenningar, kommunen har difor etablert ei rutine på at remitteringsbilag frå banken skal godkjennast av to personar etter utbetaling. Denne rutina reduserer risikoen noko.

Vi tilrår kommunen å følgje opp sin bankforbindelse slik at rutinar for krav om to signaturar ved utbetaling frå kommunen sine bankkontoar kan etablerast.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Vi vil avslutningsvis nytta høve til å takke for samarbeidet i året som har gått.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 84.215.xxx.xxx

2020-04-06 07:11:37Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

Til Tysnes kommune

UAVHENGIG REVISOR SIN ATTESTASJONSUTTALE OM ETTERLEVING AV AVGJERDER OG VEDTAK FOR ØKONOMIFORVALTINGA

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samband med Tysnes kommune si etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på følgjande områder:

Kontroll av etterleving av om innkjøp knytta til bygging av mellomtrinn Tysnes Skule er i strid med regelverket for offentlege anskaffelser.

1. Vert tilhøvet med innkjøp knytta til bygging av mellomtrinn Tysnes Skule omfatta av regelverket for offentlege anskaffelser?
2. Er tilhøvet i strid med regelverket for offentlege anskaffelser?

Vi har kontrollert perioden frå 01.01.2019 – 31.12.2019.

Kriteria er henta frå:

Lov om offentlige anskaffelser (2016) og tilhøyrande forskrift

Leiinga sitt ansvar for etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med avgjerder og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningsliner for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørleg aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirma som utfører revisjon og forenkla revisorkontroll av rekneskap samt andre attestasjonsoppdrag og beslektta tenester) har Deloitte AS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningsliner og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgiving og anna regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje ein uttale om etterleving av avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med kommunelova sine reglar og RSK 301 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av avgjerder og vedtak i kommunen si økonomiforvalting på det området vi har føretatt forenkla etterlevingskontroll.

Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve RSK 301, inneber å utføra handlingar for å innhenta bevis for at avgjerder og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjøn. Moderat

sikkerheit har klårt lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gjev derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding.

Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Tysnes kommune si behandling av innkjøp av bygging mellomtrinn Tysnes Skule ikkje i det alt vesentlege har etterlevd avgjerdene i regelverk om offentlege anskaffelser.

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltinga og til Tysnes kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis egna til andre føremål.

Bergen, 28. april 2020
Deloitte AS

Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 217.173.xxx.xxx

2020-04-28 12:52:15Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/74-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	14/20	14.05.2020

Arbeid med Etikk og GDPR i Tysnes kommune - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet bestilte i møte 05.03.2019 (PS 4/19) ein årleg orientering om dette arbeidet. Det er denne orienteringa rådmannen kjem med i denne saka. Ut frå det som kjem fram av informasjon i notat frå rådmann dagsett 07.05.2020 og det som vert formidla i møte, må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein skal gjere vidare med saka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat frå rådmann dagsett 07.05.2020 - Arbeid med Etikk og GDPR i Tysnes kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I PS 4/19 Orienteringssak om etikk-arbeid i Tysnes kommune i møte 05.03.2019 vart dette mellom anna protokollert:

«Det blei bl.a. informert om at det har vore utført prosess med å oppdatera personalreglementet, og om korleis etikkreglementet vert nytta i dagleg bruk, til dømes ved nyttilsetjingar. Det vert då nytta eiga sjekklister som og inneheld spørsmålstillingar innanfor etikk-tema, og leiarar er pålagt å følgje dette opp i medarbeidersamtaler. Det er halde kurs i mellom anna forvaltningslova og offentlighetslova, som og har tema innan etikk i opplegget.

Arbeid innanfor GDPR-området / ivaretaking av personalopplysningar vert arbeidd med vidare etter planen som kontrollutvalet tidlegare har fått informasjon om. Personvernombud er frikjøpt og arbeid med opplæring og bevisstgjerjing innan organisasjonen vert følgd opp vidare.

Kontrollutvalet konkluderte med at det er svært viktig med ei slik årleg orientering om etikk-arbeidet i kommunen, og ber om at rutine for dette vert vidareført til kontrollutvalet for neste valperiode.

Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet

Konklusjon

Ut frå det som kjem fram av informasjon i notat frå rådmann dagsett 07.05.2020 og det som vert formidla i møte, må kontrollutvalet diskutere seg fram til kva ein skal gjere vidare med saka.

Notat – skal ikkje følgjast opp

Til: Kontrollutvalet

Frå: Steinar Dalland

UGGDAL, 07.05.2020

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
20/403-1	3100/20	000	TK//STDAL	

ARBEID MED ETIKK OG GDPR I TYSNES KOMMUNE

Kontrollutvalet har bede om eit notat knytt til kommunen sitt arbeid med etikk og tilpassingar til ny personvernlov.

Etikk:

Gjeldande etiske retningslinjer vart sist rullert av kommunestyre i 2018. Retningslinjene gjeld både tilsette og politiske ombod. I retningslinjene er det lagt opp til at retningslinjene skal rullerast i kvar kommunestyreperiode, dette er gjort ut frå at det er trong for at desse er kontinuerleg oppdatert, men også ut frå at ei jamn rullering sikrar at me opprettheld fokus og sikrar kunnskap om retningslinjene.

Det er no starta eit arbeid med rullering. Rulleringa skjer i tett samarbeid med tilsette sine representantar og i ein brei prosess. Det er lagt opp til at retningslinjene vert rullert i inneverande år.

I førre rullering vart det teke inn punkt knytt til seksuell trakassering og bruk av sosiale medium. Arbeid med etikk må vera eit ope og kontinuerleg arbeid der det vert lagt til rette for etisk refleksjon på personalmøter, i tillegg vert ein del problemstillingar løfta inn i eigne kurs. Arbeid med etikk er teke opp i årsmeldinga.

Dei gjeldande etiske retningslinjene finn de her:

<https://www.tysnes.kommune.no/reglementretningslinjer.333425.nn.html>

Personvernlov og GDPR

Tysnes kommune har hatt eit frikjøp av personvernombod i 40 % stilling. Me har vurdert det slik at det er viktig å ha denne funksjonen i eigen organisasjon då det også bidreg til å auka eigen kompetanse og medvit om dette.

Det er lagt opp til faste møtepunkt mellom personvernombod, IT leiar og rådmann for å sikre at me har eit kontinuerleg fokus og tilstrekkeleg forankring i dette arbeidet.

Alle databehandlaravtaler me teiknar vert vurdert av personvernombodet før me teiknar dei. Det er også oppretta ei samla arkivsak på dette slik at me enkelt kan finna tilbake til aktuelle avtaler. For å sikra at me har oversikt over inngåtte avtaler er det lagt opp til at alle slike avtaler skal teiknast av rådmannen.

Det er etablert eit system for avviksmelding ved brot på personvernforordninga. Det vert ført i ei eiga arkivssak for å sikra oversikt og fokus. Dersom det er brot på personvern og informasjonstryggleik er det rutine at alle slike brot skal rapporterast til Datatilsynet utan ugrunna opphald.

Det er den seinare tid gjennomført ein rekkje tiltak for å betra tryggleiken kring dette saksområdet. Det har mellom anna vore rydda ein del i styring av tilgangar, rutiner ved oppretting og avslutning av arbeidstilhøve. Det er innført krav om at det i personalmappene skal vera dokumentasjon på tilgangar for den einskilde tilsette. Bakgrunnen for dette er at me skal vera heilt sikre på at me gjennomfører korrekt sletting dersom arbeidsoppgåver vert endra eller om vedkomande sluttar.

Der er gjennomført ein del opplæring, men me ser at manglande grunnleggjande datakunnskapar framleis er ein vesentleg risiko. Personvernombod og IT leiar har lagt ein opplegg for grunnleggjande IT opplæring, det er p.t. ikkje gjennomført, men det vart lagt av meir midlar til fellesopplæringar i budsjett for 2020. Me har mål om gjennomføring av dette i inneverande år.

Det er framleis eit vesentleg arbeid som står att i høve til fullstendige prosess skildringar knytt til kvart einskilde system. Ein del av dette vert i desse dagar innarbeidd i arkivplanen som har ei fullstendig oversikt over alle fagsystem, type informasjon, tryggleik, føremål og reglar for sletting.

I samband med at me vurderer eit nytt elektronisk kvalitetssystem har me samarbeida med personvernombodet, det er viktig at dette systemet også tar opp i seg kvalitetsarbeid og avvikshandtering opp mot GDPR.

Det er lagt opp til ei felles leiaropplæring der me tek utgangspunkt i e-læringsprogram innanfor dette fagområde. Det er slik me vurderer det viktig at e-læringa vert gjennomført på ein slik måte at det skaper grunnlag for felles refleksjon i ettertid gjennom gruppearbeid og drøftingar i plenum. Det er også tidlegare gjennomført leiarsamlingar med dette temaet

Konklusjonen vår i høve til personvern og GDPR er at dette er eit område som er omfatta av ein stadig større risiko og at det vil krevja store organisatoriske ressursar også i tida som kjem.

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2018/27-34
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	15/20	14.05.2020

Orienteringssak frå rådmannen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering
2. Kontrollutvalet ber om skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalsmøte 15.10.2020. Skriftleg tilbakemelding skal sendast til sekretariatet innan 24.09.2020.

Samandrag

Kontrollutvalet har hatt oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonsrapporten til handsaming ved fleire høve og siste gang i møte 09.03.2020. Ut i frå notatet frå rådmannen, som er vedlagt saka, kjem det fram at det står att noko arbeid før ein er ferdig med oppfølgingsarbeidet. Sekretariatet har difor lagt fram forslag til vedtak om ny orientering til oktobermøtet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat frå rådmannen dagsett 07.05.2020 - om oppfølgingsarbeidet etter forv.revisjon av helsestasjon og skulehelseteneste

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Rapport etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste låg føre til kommunestyremøte 12.12.2018, og det vart gjort slikt vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan Helsestasjons- og skulehelsetenesta i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. At det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda. Under dette mellom anna:
 - a. Tydeleg fordeling av roller og ansvar
 - b. System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring
 - c. System for å få oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar
 - d. System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar
 - e. Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver
 - f. System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande
-
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningslinjer vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.
3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast. "
4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom
5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningslinjer.
6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningslinjer blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunnleggjande og dokumentert.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet hadde oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonsrapporten sist gong til handsaming i møte 09.03.2020, PS 1/20, der dette vart protokollert.

«Rådmannen orienterte om status på oppfølgingsarbeidet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Det gjenstår ein del arbeid før kommunen er i mål med alle tiltaka. Kontrollutvalet ber om at rådmannen til neste møte sender over skriftleg dokumentasjon, og at dette blir lagt med saka til neste møte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering
2. Kontrollutvalet ber om skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalsmøte i mai 2020. Skriftleg tilbakemelding skal sendast til sekretariatet innan 01.05.2020.»

Sekretariatet har motteke ny skriftleg tilbakemelding frå administrasjonen utsendingdagen til utvalsmøtet, 07.05.2020. Til fleire av punkta tilrår kommunen at avvika vert lukka.

Sekretariatet har vurdert tilbakemeldinga og ut frå ei samla vurdering vert det tilrådd at kontrollutvalet får ei ny orientering i oktobermøte. Dette ut i frå at «eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta ikkje er på plass», slik det kjem fram av notatet som er vedlagt saka.

Sekretariatet har fått stadfesta at rådmannen kjem til dette møtet og orienterer om saka.

Konklusjon

Orienteringssaka vert lagt fram for kontrollutvalet. Sekretariatet rår igjen til at utvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet til orientering, og at ein ber om ei ny orientering til oktobermøtet.



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 934 02 321

Kontrollutvalet

UGGDAL, 07.05.2020

Saksnr.	Dok.nr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref.
20/404-1	3102/20	103	TK/STAB/AUKA	

LUKKING AV AVVIK AV HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTA - 2020

Oppfølging av forvaltningsrevisjon med helsestasjon og skulehelseteneste i Tysnes kommune – status pr 06.05.20.

1. I høve arbeidet med etablering av eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, er dei mest vesentlege elementa jobba godt med. Det overordna systemet for heile organisasjonen er ikkje på plass. Det ligg i planen at dette er kvalitetsrådgjevar som tiltrer i september vil få ei oppgåver knytt til etablering og implementering av eit slikt system. Dei ulike delane av arbeidet som er gjort, vert då sett i system.
 - a. *Tydelig fordeling av roller og ansvar.* Det er gjort ei avklaring av roller og ansvar mellom dei tilsette ved helsestasjonen og psykisk helsearbeidar for born og unge. Stillingsskildring for psykisk helsearbeidar er på plass, denne er lagt fram for kontrollutvalet tidlegare. Det er tilsett helsesjukepleiar med fagansvar som har fagansvar for helsestasjonen 0-5 samt skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom. Hovudansvaret for utføring av oppgåver knytt til skulehelsetenesta er delegert til helsesjukepleiar utan fagansvar. Kommunen vurderer på denne bakgrunn av avviket kan lukkast.
 - b. *System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring.* Det vert årleg kartlagt kompetanse der ein ikkje har oversikt frå før, og laga ein kompetansehevingsplan saman med resten av Oppvekst. Ei slik kartlegging vart gjort i mars, og plan for kompetanseheving var lagt fram for tenesteutvalet 21. april, der denne vart vedteken. Kommunen vurderer derfor at avviket kan lukkast.
 - c. *System for å få oversikt over områder i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar.* Det er etablert rutiner og rapporteringspunkt for avvik. Det er likevel eit stort arbeidd som står att før me meiner at dette er godt nok. Me ser mellom anna trong for eit felles elektronisk avvikssystem. Dette gjeld den

samla verksemda i Tysnes kommune. Det er oppretta eit eige prosjekt knytt til dette og vil verta følgt opp gjennom denne nye stillinga som kvalitetsrådgjevar. Det er gjort tilsetjing og tiltreding er i september. Det er gjort fleire øvingar innan dette området, no sist under koronakrisa, der det er laga beredskapsplanar, og ein har fått sjå meir tydelig kva som er mest sårbart, men dette vert vurdert å ikkje kvalifisere som «system».

- d. *System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar.* Like etter fv. Revisjonen i 2018, vart skjema og rutine for avvikshandtering repetert og på nytt gjort kjent for alle tilsette i tenesta. Dette avviksskjema er blitt nytta ved fleire høver. Når ein får eit fullverdig kvalitetssystem på plass, er det venta eit forbetra system som også inneheld meir utfyllande om oppfølging av avvika. Det har vore få avviksmeldingar i inneverande år. Kommunen vurderer at noverande rutine for avvikshandtering er tilfredsstillande for å kunne lukke avviket.
 - e. *Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver.* Tilsette i tenesta følgjer dei nasjonale retningslinjene knytt til alle oppgåver som vert utført ved helsestasjonen. Desse er utfyllande og tilstrekkelige i innhald for å kunne yte gode tenester, og dei tilsette har dei godt innarbeidd i sin praksis. Det står att å nedfelle interne prosedyrar i tråd med nasjonale føringar. Dette arbeidet er planlagt, men det må frigjerast ressursar i tenesta for å få det tilstrekkelig utfylt. Det er skissert ulike framlegg til løysingar for å få på plass tilstrekkelig framgang, og kommunen ventar at dette arbeidet kan slutførast innan rimelig tid. Ettersom innhaldet i tenesta vert utført i tråd med nasjonale retningslinjer, og desse er tilstrekkelig retningsgivande, vurderer kommunen at avviket kan lukkast. Tiltaka vert som beskrive over, jobba systematisk med vidare.
 - f. *System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande.* Kommunen har vedteke avtale med «Betre kommunar». Det har ikkje vore kapasitet til opplæring og igangsetjing i bruk av verkemiddelet, og med utskifting av tilsette i tenesta, har dette ikkje vorte prioritert. Kommunen ser på denne oppgåve, som ei av dei som vil bli lagt til kvalitetskoordinator, og at denne i saman med fagavdelingane må utarbeide eit system for innhente erfaringar og gjere bruk av desse. Kommunen ber om at avviket vert lukka, då plan for arbeidet er lagt.
2. *Avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningsliner vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.* Ved tiltreding av ny tilsett i stillinga i mars 2019, vart det utarbeidd stillingsskildring for denne tenesta. Det var før dette avklart at psykisk helsearbeidar ikkje skal organiserast som ein del av skulehelsetenesta, og heller ikkje skal reknast som ein del av denne tenesta når det kjem til ressursar. Dette har blitt praktisert uproblematisk. Det er likevel slik at psykisk helsearbeidar for barn og unge har tilstøytande oppgåver til skulehelsetenesta, og at desse to tenestene arbeidar teitt saman i einskilde høve, og utfører nokre oppgåver i samarbeid. Når dette no har vore gjeldande ei tid, ser kommunen trong for å presisere stillingsskilringa til psykisk helsearbeidar noko

ytterligere, og å jobbe vidare med å lage rutinar for viktige delar av denne sitt ansvarsområde. Kommunen vurderer på denne bakgrunn at avviket kan lukkast.

3. *Gjer systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons – og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelige i forhold til dei oppgåve som skal utførast.* I 2017 var det søkt helsedirektoratet om styrking av helsestasjon/skulehelsetenesta. Tysnes kommune fekk tilsegn om midlar for 2018 tilsvarande ei 50% stilling. Det er blitt søkt om vidareføring av denne ressursen kvart år etter, og tilskott tilsvarande 50% stilling er blitt gitt til og med 2020. Vurderinga bak behovet for styrking er tilbakemeldingar får brukargrupper, politikarar og tilsette i tenesta, ein ser behovet for meir ressursar knytt til skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom. Det er utarbeidd nasjonalt verkty for berekning av bemanning i helsestasjonen 0-5, og denne vil bli tatt i bruk for systematisk kartlegging i tida framover.
<https://www.helsedirektoratet.no/tema/helsestasjons-og-skulehelsetjenesten>.
Kommunen vurderer difor at avviket kan lukkast.
4. *Sikrar at barn og ungdom i Tysnes kommune har eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom.* Kommunen vurderer at ein innfrir kravet til lett tilgjengelig lågterskeltilbod i helsestasjon og skulehelsetenesta. Helsestasjonen er bemanna kvar dag, på kommunesenteret, ein dag i veka med helsestasjonslege, der ein kan ta kontakt utan avtale, og få råd/retteleing eller sett av tid til konsultasjon. Tilbodet er kjent for befolkninga. Skulehelsetenesta er til stades på kommunen sine 3 skular kvar veke, til faste og kjente tider for elevane. Tenesta vert brukt til utføring av program for skulehelsetenesta som er kjent for skulande i forkant, og for enkelte konsultasjonar og drop-in tilbod. Helsestasjon for ungdom er p.t eit tilbod ein ettermiddag kvar veke på rådhuset. Kommunen vurderer sjølv at tilbodet er lite tilgjengeleg for brukarane, og det har sidan tidleg på hausten 2019, blitt jobbar med alternativ lokasjon for å gjere tilbodet meir tilgjengeleg. Me håpar å vere i mål med ein leigeavtale for aktuelt lokale slik at tilbodet kan starte opp i nye lokale frå hausten av. Kommunen vurderer at avviket kan lukkast.
5. *Sikrar at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningsliner.* Det har frå hausten 2019 av vore på plass oversikt til alle skulane om skulehelsetenesta sitt årshjul, og kva arbeid skulehelsetenesta skal og kan tilby i skulen. Skulehelsetenesta har vore deltakande på foreldremøta ved oppstart av skuleåret, noko som vil bli vidareført. Det er oppretta eige ressursteam ved kommune sin ungdomskule, der helsesjukepleiar deltek fast. Det er oppretta kontakt med skuleleinga ved alle skulane, eit samarbeid som nok kan vidareutviklast og festast betre etter kvart. Kommunen vurderer at dagens praksis er tilstrekkeleg til at avviket kan lukkast.
6. *Sikrar at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningsliner blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunnleggjande og dokumentert.* Jfr. skildringane over, meinar

kommunen at dei nasjonale fagleg anbefalingar i hovudsak vert etterlevd. Dei er godt innarbeidd hos dei tilsette, og vert aktivt brukt i utvikling av tenestetilbodet. Tilbod om t.d barselgrupper er p.t ikkje oppe og går, men dette er planlagt oppstart frå hausten av. Kommune vurderer at avviket kan lukkast.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Aud Kaldefoss
kommunalsjef oppvekst

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi:

Steinar Dalland,



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/21-33
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	16/20	14.05.2020

Forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til møte 15.10.2020. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan 24.09.2020.

Samandrag

Dette er første oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei ny orientering til kontrollutvalsmøtet i oktober.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Brev frå rådmannen dagsett 06.05.2020 gjeldande forv.rev av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene
- 2 Handlingsplan - forv.rev av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 17.12.2019 PS 62/19:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. Gjennomgår og justerer rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.3.2 og 3.4.3)
2. Sikrar at sakshandsaminga i samband med vurdering av rett til pleie- og omsorgstenester er i samsvar med krav i pasient- og brukarrettslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.5.2)
3. Arbeider vidare med å etablere ein god avvikskultur i pleie- og omsorgstenesta. Under dette mellom anna:
 - a. Tydeleggjere for dei tilsette kva som er føremålet med å melde avvik, kva som skal meldast som avvik samt korleis meldte avvik skal følgjast opp
 - b. Sikre at alle avvik blir meldt når dei oppstår, inkludert avvik knytt til samhandlinga med helseføretaket
 - c. Sikre at tilsette får tilbakemelding om korleis avvik er følgt opp og nytta i kvalitetsforbetningsarbeidet
 - d. Utarbeider fullstendige og oppdaterte oversikter over alle meldte avvik, og brukar desse i det kontinuerlege kvalitetsforbetningsarbeidet i tenestene
4. Gjennomfører jamlege kompetansekartleggingar og utarbeider kompetanseplanar for pleie og omsorg, i samsvar med forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta §§ 6f og 7b
5. Sikrer tilstrekkeleg tilgang på fagkompetanse i tenestene, i samsvar med helse- og omsorgstenestelova § 4-1 d, inkludert vurderer om grunnbemanninga i heimetenesta i helgane bør aukast slik at tenesta ikkje er avhengig av ekstrabemanning for å kunne gi nødvendig helsehjelp til brukarane
6. Gjer avklaringar rundt bruken av KAD-tilbodet, og vurderer om det er mogeleg å setje i verk tiltak for å sikre at dette lovpålagte tilbodet blir nytta i større grad og i samsvar med intensjonen i samhandlingsreforma om å førebygge og forhindre sjukehusinnleggingar
7. Arbeider vidare med å innføre velferdsteknologi i tenestene, i samsvar med Helsedirektoratet sine tilrådingar for innføring av velferdsteknologi i kommunane, samt vurdere om det er hensiktsmessig å systematisere dette arbeidet i ein plan/strategi for velferdsteknologi
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har i notat utsendingsdagen til møtet, 07.05.2020, fått oversendt handlingsplan og notat. Begge desse er vedlagt saka.

Ut i frå det sekretariatet kan sjå har kommunen komme godt i gang med forbetningsarbeidet. Nokre av desse tiltaka er «eige prosjektarbeid» og har ein langsiktig karakter til 2021.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går igjennom tilbakemeldinga frå administrasjonen, slik det kjem fram av vedlegga «punkt for punkt». Rådmannen har stadfesta at han kjem til møte og orienterer om status på handlingsplanen

Konklusjon

Sekretariatet registrerer at det er satt i gang ein del positive tiltak knytt til handlingsplanen for forvaltningsrevisjonen av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie og omsorgstenestene.

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg status på oppfølginga til kontrollutvalsmøtet 15.10.2020.



TYSNES KOMMUNE

Rådhuset

Uggdalsvegen 301

5685 UGGDAL

Telefon 970 46 500

Kontrollutvalet
ved sekretariat

UGGDAL, 06.05.2020

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
19/264-13	3060/20	103	TK//STDAL	

FORVALTNINGSREVISJON PLEIE OG OMSORG

Med bakgrunn i gjennomført forvaltningsrevisjon i pleie og omsorg gjorde kommunestyre slikt vedtak PS 62/19:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. Gjennomgår og justerer rutinar og maler som skal nyttast i sakshandsaminga, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.3.2 og 3.4.3)
2. Sikrar at sakshandsaminga i samband med vurdering av rett til pleie- og omsorgstenester er i samsvar med krav i pasient- og brukarrettslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kap 3.5.2)
3. Arbeide vidare med å etablere ein god avvikskultur i pleie- og omsorgstenesta. Under dette mellom anna:
 - a) Tydeleggjerer for dei tilsette kva som er føremålet med å melde avvik, kva som skal meldast som avvik samt korleis meldte avvik skal følgjast opp
 - b) Sikre at alle avvik blir meldt når dei oppstår, inkludert avvik knytt til samhandlinga med helseføretaket
 - c) Sikre at tilsette får tilbakemelding om korleis avik er følgt opp og nytta i kvalitetsforbetningsarbeidet
 - d) Utarbeider fullstendige og oppdaterte oversikter over alle meldte avvik, og brukar desse i det kontinuerlege kvalitetsforbetningsarbeidet
4. Gjennomfører jamlege kompetansekartleggingar og utarbeider kompetanseplanar for pleie og omsorg, i samsvar med forskrift om leining og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta §§ 6F og 7b
5. Sikrer tilstrekkeleg tilgang på fagkompetanse i tenestene, i samsvar med helse- og omsorgstenestelova § 4-1 d, inkludert vurderer om grunnbemanninga i

heimetenesta i helgane bør aukast slik at tenesta ikkje er avhengig av ekstrabemannning for å kunne gi nødvendig helsehjelp til brukarane.

6. Gjer avklaringar rundt bruken av KAD-tilbodet, og vurderer om det er mogeleg å setje i verk tiltak for å sikre at dette lovpålagte tilbodet blir nytta i større grad og i samsvar med intensjonen i samhandlingsreforma om å førebygge og forhindre sjukehusinnleggingar
7. Arbeider vidare med å innføre velferdsteknologi i tenestene, i samsvar med Helsedirektoratet sine tilrådingar for innføring av velferdsteknologi i kommunane, samt vurderer om det er hensiktsmessig å systematiserer dette arbeidet i ein plan/strategi for velferdsteknologi
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Etter punkt 8 skal rådmannen leggja fram ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15. mars d.å., grunna meirarbeid som følgje av Korona Covid 19 vart gjennomgang i førre møte utsett. Det er arbeida godt med oppfølging av dei ulike punkta.

I dette skrevet går me gjennom hovudpunkt punkt for punkt, planen ligg som vedlegg og gjev ei skjematisk oversikt over tiltak som er planlagde, eller gjennomførte

1. Gjennomgår og justerer rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.3.2 og 3.4.3)

Det er utarbeidd prosedyre for sakshandsaming av 06.05.2019, denne prosedyren er no justert etter forvaltningsrevisjonen sin gjennomgang. Slik den ligg føre i dag meiner me at prosedyren dekkjer tilbakemeldingar slik dei kjem fram gjennom revisjonsrapporten. Dette punktet kan lukkast.

2. Sikrar at sakshandsaminga i samband med vurdering av rett til pleie- og omsorgstenester er i samsvar med krav i pasient- og brukarrettslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.5.2)

I dette punktet er det vist til ulike underpunkt, det er mellom anna vist til at heimelsgrunnlaget i malen er for vidt og at det ikkje vert vist til kva dei ulike lovheimlane omhandlar. Dette er no retta slik at heimelsgrunnlag som ikkje er aktuelle ved vurdering av konkret søknad vert teke vekk. Det som ligg inne no er følgjande formuleringar for å sei noko om kva ulike lovheimlar omhandlar:

«Lov om helse- og omsorgstjenester § 1-1 og 3.2 pkt. 6 som omhandlar henholdsvis formål med tenestene og kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester.

Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-1 a andre ledd, som omhandlar rett til nødvendig hjelp frå kommunens helse- og omsorgstenester.»

Når det gjeld vedtak langtidsopphald er det lagt inn henvisning til lokal forskrift:

«Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon eller tilsvarende bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester i Tysnes kommune, fastsett av Tysnes kommunestyre 13.06.2017.»

Tilvising til «Del.Reg. H&S 6.4» er ei visning til delegasjonsreglementet og har ikkje relevans for einskildvedtaka, tilvisinga er teke vekk frå malen.

Pkt. 3.5.2 Det går fram at i våre vedtak står feil klagefrist då det er vist til klagefrist etter forvaltningslova som er tre veker. Dette er no retta opp til fire (4) veker, med henvisning til pasient- og brukarrettslova § 7-5.

Når det gjeld skildring av faktiske tilhøve så går det fram av samla møtebok, denne vart ikkje oversendt revisjonen på tidspunkt for revidering. Me meiner at dei faktiske tilhøva er tilstrekkeleg skildra i samla møtebok. I høve grunngjeving av vedtak vil ein legge inn meir relevant saksinformasjon frå saksutgreiinga i sjølve vedtaket slik at det kjem tydelegare fram kva faktiske forholda vedtaket byggjer på i kvar einskilde sak. Me har også lagt inn ein setning om at ei meir utførleg skildring av problemstillinga ligg i samla møtebok. Parten har rett til innsyn og kan be om å få denne vil bli tilsendt dersom det er ønskjeleg, jamfør forvaltningslova § 18.

Det vil i kvar enkelt sak bli vist til innhaldet i reglane, eller problemstillinga vedtaket bygger på. Dette er for å setja parten betre i stand til betre å forstå vedtaket, det skal samstundes balanserast opp mot at vedtaka skal førast i eit forståeleg språk. Det vert også opplyst om kva alternative tenester som kan vera aktuelle vurdert for den einskilde brukar. Dersom me til dømes gjev avslag på langtidsopphald i institusjon blir det alltid teke med kva andre alternative tenester kommunen kan tilby; heimetenester, tryggleiksalarm, matlevering, dagsenter, alternativ bustad med vidare.

Revisjonen peiker også på at vedtaka ikkje har tilstrekkeleg grad av detaljering. Som ein hovudregel er det teke med ei detaljering i vedtaket t.d. i høve tal timar heimehjelp, tal besøk/oppdrag frå heimesjukepleia. Det er ikkje fastsett eksakt tid på det einskilde tiltak då dette vil kunne variere. Ei veldig høg detaljering vert ikkje vurdert som føremålstenleg då det vil føra til ein unødvendig byråkratisering, me har heller ikkje mål om å innføra tidsnormering av tenestene.

Samla sett konkluderer revisjonen med at grad av detaljering ii vedtaka ikkje er tilstrekkeleg, men her må det igjen visast til samla møtebok som skal lesast i samanheng med vedtak. Me meiner at det gjev eit tilstrekkeleg detaljeringsnivå. Me vurderer det slik at konklusjonen til forvaltningsrevisjonen i stor grad byggjer på misforståingar ved oversending av dokumentasjon. Me vil også her peika på at me har hatt ein rekkje vedtak til vurdering hjå Fylkesmannen, me har p.t. ennå ingen vedtak som er oppheva som følgje av formelle manglar i vedtaka våre.

Me har som revisjonen peiker på i lita grad nytta mellombelse svar etter forvaltningslova § 11. Me vurderer at det er lite tenleg å gje mellombelse svar då me gjerne opprettar kontakt med brukar og pårørande innanfor tidsfristen og at me då arbeider saman med desse fram til eit endeleg vedtak. I den grad me ikkje startar ein slik prosess med det same, og ser at me vil gå utover frist, vil me nytta mellombelse svar.

Rådmannen si vurdering er at punkt 2 kan lukkast på noverande tidspunkt.

9. Arbeide vidare med å etablere ein god avvikskultur i pleie- og omsorgstenesta. Under dette mellom anna:
 - e) Tydeleggjerer for dei tilsette kva som er føremålet med å melde avvik, kva som skal meldast som avvik samt korleis meldte avvik skal følgjast opp
 - f) Sikre at alle avvik blir meldt når dei oppstår, inkludert avvik knytt til samhandlina med helseføretaket
 - g) Sikre at tilsette får tilbakemelding om korleis avik er følgt opp og nytta i kvalitetsforbetningsarbeidet
 - h) Utarbeider fullstendige og oppdaterte oversikter over alle meldte avvik, og brukar desse i det kontinuerlege kvalitetsforbetningsarbeidet.

Det er iverksett tiltak der open omsorg no gjennomfører faste IK-møte mellom leiing, vernetensta og tillitsvalde der alle avvik vert gjennomgått.

Det er også teke opp som tema på personalmøter for å sikra betre kunnskap om avvikssystem og kvalitetsarbeid.

I samband med budsjett for 2020 er det sett av midlar til investering i eit gjennomgåande elektronisk kvalitetssystem, i tillegg er det løyvd midlar til å tilsetja ein kvalitetsrådgjevar i 100 % stilling. Her er det no tilsett og vedkomande vil gå inn i stillinga frå september, vidare oppfølging av dette punktet vil verta lagt til vedkomande sitt arbeidsområde.

4. Gjennomfører jamlege kompetansekartleggingar og utarbeider kompetanseplanar for pleie og omsorg, i samsvar med forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta §§ 6F og 7b

Det er gjennomført kartlegging av noverande kompetanse innan open omsorg og institusjonsdrift, det vert årleg utarbeida ein kompetanseplan for heile pleie og omsorg.

Per i dag har me følgjande spesialisering- og kursområder mellom eige personale i pleie og omsorg: Demenskartlegging, ernæring, psykiatri, akuttmedisin, rehabilitering, kommunehelseteneste– helselov, palliasjon og geriatri, musikkbasert miljøbehandling, medisin og medikamenthandtering, sår og sårbehandling, akuttmedisinsk eldreomsorg, ØHD kompetanse, samtykke, tvang og helsehjelp, eldreomsorgens ABC, hørselskontakt. Ser me fram i tid har me trong for fleire med kompetanse innan geriatri, demens, palliasjon, kreft, smittevern/hygiene og velferdsteknologi.

Kartlegging av kompetanse og trong for kompetanseutvikling skal frametter skje gjennom medarbeidersamtaler, eksplisitte vurdering av trong for tilført kompetanse og gjennom at den årlege kompetanseutviklingsplanen vert tydelegare i høve til dei vurderingane som er lagt til grunn.

5. Sikrer tilstrekkeleg tilgang på fagkompetanse i tenestene, i samsvar med helse- og omsorgstenestelova § 4-1 d, inkludert vurderer om grunnbemanninga i heimetenesta i helgane bør aukast slik at tenesta ikkje er avhengig av ekstrabemanning for å kunne gi nødvendig helsehjelp til brukarane.

Me har i grunnbemanning god tilgang til fagkompetanse, men ved sjukefråvær er det vanskeleg å rekruttere rett kompetanse. Grunnbemanning på helg i open omsorg har siste 1 1/2 til 2 år hatt behov for å bli auka med ein person dagtid. Dette for å kunne ivareta heimebuande med komplekst og stort hjelpebehov. Det er viktig å presisere at denne ressursen er planlagd og i turnus og ikkje berre tilfeldig inne slik me får inntrykk av når me les rapporten frå forvaltningsrevisjonen.

Når det gjeld dette punktet vert det elles fylgt opp gjennom prosjekt for auka grunnbemanning der me ser både på å auke deltidsstillingar, etablering av ein heiltidskultur, årsturnus og intern «vikarpool».

6. Gjer avklaringar rundt bruken av KAD-tilbodet, og vurderer om det er mogeleg å setje i verk tiltak for å sikre at dette lovpålagte tilbodet blir nytta i større grad og i samsvar med intensjonen i samhandlingsreforma om å førebygge og forhindre sjukehusinnleggingar

Det er gjennomført møte mellom kommunalsjef, leiarar i pleie og omsorg og kommuneloverlege for å vurdere korleis me kan sikra betre bruk av KAD tilbodet. Det vert arbeid vidare med følgjande tiltak:

- Betre informasjon til legetenesta ang avtalen, og korleis nytta tilbodet. Kommuneoverlegen sitt ansvar å informere kollegaer, og å stille krav til bruken.
- Tydelegare krav til innleggingsprosedyrane.
- Kommunikasjon og samarbeid mellom legetenesta og institusjonen.

Utvikling av KAD tilbodet må vurderast og korrigerast når me ser korleis ovannemnde punkt påverkar bruken.

7. Arbeider vidare med å innføre velferdsteknologi i tenestene, i samsvar med Helsedirektoratet sine tilrådingar for innføring av velferdsteknologi i kommunane, samt vurderer om det er hensiktsmessig å systematiserer dette arbeidet i ein plan/strategi for velferdsteknologi

Plan for vidare bruk av velferdsteknologi er allereie forankra i inneverande økonomiplanperiode og er såleis fylgt opp gjennom løyving av midlar. Arbeidet vert utført og rapportert via alminnelege linjer.

Dei fleste punkta som er under oppfølging kan etter rådmannen sitt syn lukkast, ein del av punkta vert fylgt opp gjennom etablerte prosjekt. Det er naturleg at Kontrollutvalet får informasjon om dette prosjektarbeidet sjølv om prosjekta er sett opp med egne rapporteringslinjer. Samla for dei 7 oppfølgingspunkta viser me til vedlagde plan for oppfølging.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi:

Hildur Heie, Stab

Vedlegg: Plan for oppfølging av forvaltningsrevisjon

PLAN FOR OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON PLEIE OG OMSORG				
Gjennomgår og justerer rutinar og maler som skal nyttast i sakshandsaminga, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.3.2 og 3.4.3)				
Tiltak	Ansvar	Status	Frist	Kommentar
Revisjon av prosedyre for sakshandsaming	Hildur Heie	ok		
Sikrar at sakshandsaminga i samband med vurdering av rett til pleie- og omsorgstenester er i samsvar med krav i pasient- og brukarrettslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kap 3.5.2)				
Tiltak	Ansvar	Status	Frist	Kommentar
Skildring og bruk av heimelsgrunnlag for vedtak	Kommunalsjef helse og sosial	Ok		Det er vist i skrivet til kva dei ulike lovene regulerer. Ved utsending av vedtak skal me berre vise til aktuelt lovverk.
Tilvising til «Del. Reg. H&S 6.4»	Kommunalsjef helse og sosial	Ok		Tilvisinga er ikkje relevant og er fjerna.
Rette opp slik at det vert opplyst om klagefrist på 4 veker etter pasient og brukarrettslova § 7-5	Kommunalsjef helse og sosial	Ok		Tilvisinga og teksten er retta opp.
Skildring av faktiske tilhøve som er vurdert i saka, samt sikre betre grunngjeving.	Kommunalsjef helse og sosial	Ok		Skildring av faktiske tilhøve og grunngjeving for vedtak går godt fram av samla saksframstilling. Me legg opp til å ta noko meir inn i sjølve vedtaket, samstundes presiserer me at den meir utførlege gjennomgangen er å finna i samla møtebok.
Grad av detaljering i sjølve vedtaket	Kommunalsjef helse og sosial	Ok		Vedtaket vert gjort på time og frekvens for tal på besøk. Me vurderer at

				detaljgrad er rett så fram ikkje kommunestyre ønskjer ei anna konsept for tenesteproduksjonen.
Bruk av mellombels svar	Kommunalsjef helse og sosial	Ok		Det er lagt i malen at mellombels svar skal nyttast der det ikkje vert oppretta direkte kontakt med brukar som del av saksførebuinga.
Arbeide vidare med å etablere ein god avvikskultur i pleie- og omsorgstenesta. Under dette mellom anna:				
<ul style="list-style-type: none"> a) Tydeleggjerer for dei tilsette kva som er føremålet med å melde avvik, kva som skal meldast som avvik samt korleis meldte avvik skal følgjast opp b) Sikre at alle avvik blir meldt når dei oppstår, inkludert avvik knytt til samhandlinga med helseføretaket c) Sikre at tilsette får tilbakemelding om korleis avvik er følgt opp og nytta i kvalitetsforbetringsarbeidet d) Utarbeider fullstendige og oppdaterte oversikter over alle meldte avvik, og brukar desse i det kontinuerlege kvalitetsforbetringsarbeidet 				
Tiltak	Ansvar	Status	Frist	Kommentar
Faste IK møter mellom leiing, verneteneste og tillitsvalde på alle einingar i pleie og omsorg	Einingsleiar open omsorg Einingsleiar Institusjon	Ok		Det er no etablert ein fast møteplass for IK arbeid også i open omsorg.
Informere om avvik, avvikshandtering og kvalitetsarbeid på personalmøter.	Einingsleiar open omsorg Einingsleiar Institusjon	Ok		Temaet har vore gjennomgått på personalmøter
Innføring av felles kvalitetssystem for heile verksemda, under dette ligg også haldningsarbeid knytt til avvik og avvikskultur.	Kvalitetsrådgevar	Eige prosjektarbeid	Avsett midlar til eit årsprosjekt, oppstart vert ikkje før september 2020.	Det er eit eige prosjektarbeid på dette. Arbeidet vil bli rapportert etter desse linjene.
Gjennomfører jamlege kompetansekartleggingar og utarbeider kompetanseplanar for pleie og omsorg, i samsvar med forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta §§ 6F og 7b				

Tiltak	Ansvar	Status	Frist	Kommentar
Kompetansekartlegging skal gjennomførast på einingsnivå gjennom prosessar knytt til tilsetjingar og medarbeidar/utviklingssamtaler	Einingsleiar open omsorg Einingsleiar Institusjon	Ok		Oversikten er der og ansvar er plassert. Dette vil vera eit kontinuerleg arbeid
Årleg kompetanseutviklingsplan skal ha ei klarare grunngeving opp mot ulike satsingsområder	Kommunalsjef	Ok	2021	Vil gjelda frå neste framlegging av kompetanseplan som er mars 2021.
Sikrar tilstrekkeleg tilgang på fagkompetanse i tenestene, i samsvar med helse- og omsorgstenestelova § 4-1 d, inkludert vurderer om grunnbemanninga i heimetenesta i helgane bør aukast slik at tenesta ikkje er avhengig av ekstrabemanning for å kunne gi nødvendig helsehjelp til brukarane.				
Tiltak	Ansvar	Status	Frist	Kommentar
Sikre eit betre vikarinntak gjennom eigen vikarpool og auka grunnbemanning.	Personalrådgjevar	Eige prosjektarbeid	Prosjektrapport første halvår 2021.	Det er eit eige prosjektarbeid på dette. Arbeidet vil bli rapportert etter desse linjene
Gjer avklaringar rundt bruken av KAD-tilbodet, og vurderer om det er mogeleg å setje i verk tiltak for å sikre at dette lovpålagte tilbodet blir nytta i større grad og i samsvar med intensjonen i samhandlingsreforma om å førebygge og forhindre sjukehusinnleggingar				
Tiltak	Ansvar	Status	Frist	Kommentar
Betre informasjon til legar knytt til utnytting av avtalen og samhandling mellom pleie og omsorg og legevakt.	Kommuneoverlege	OK		Er utført, men det vil vera trong for å måla effektar over tid.
Arbeider vidare med å innføre velferdsteknologi i tenestene, i samsvar med Helsedirektoratet sine tilrådingar for innføring av velferdsteknologi i kommunane, samt vurderer om det er hensiktsmessig å systematiserer dette arbeidet i ein plan/strategi for velferdsteknologi				
Tiltak	Ansvar	Status	Frist	Kommentar
Lage ein strategisk plan for vidare arbeide og innføring av velferdsteknologi	Prosjektsjef	Eige prosjektarbeid	Innan utgangen av 2021	Det er eit eige prosjektarbeid på dette. Arbeidet vil bli rapportert etter desse linjene



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/71-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	17/20	14.05.2020

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet 15.10.2020 og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 24.09.2020.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for eigarskapskontroll for denne perioden. Kontrollutvalet skal i møtet gjennomføre si endelege prioritering til plan for eigarskapskontroll. Innstilling i høve plan for eigarskapskontroll skal så handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 52/19 i møte 28.11.2019:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger i Tysnes kommune, samt utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsettjing at forslag til plan for eigarskapskontroll for 2020 - 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

Det vart gjennomført prosessmøte 1 i møte 09.03.2020 PS 6/20, der dette vart vedteke:

1. Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande eigarskapskontroll, så langt til orientering.
2. Prosessmøte 2 vart flytta frå aprilmøte til maimøte

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og»

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg til saka om plan for forvaltningsrevisjon til same møte. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2 som vert leia av Deloitte.

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett etter og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for forvaltningsrevisjon, jf. anna sak til dette møtet.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i møte i kontrollutvalet 15.10.2020.



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/70-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	18/20	14.05.2020

Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet 15.10.2020 og sakstilfanget vert å sende sekretariatet innan 24.09.2020.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å gjera greie for neste trinn i kontrollutvalet sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) som skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden. Kontrollutvalet skal i møtet gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon. Innstilling i høve plan for forvaltningsrevisjon skal så handsamast i neste møte i kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Risiko og vesentlegvurderingar - Tysnes kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 51/19 i møte 28.11.2019:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderinger i Tysnes kommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024.
2. Forslag til prosjektplan av november 2019, med dei endringer som kjem fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2020 og at prosessmøte 2 vert gjennomført i andre møte i kontrollutvalet i 2020
4. Det er ei målsettjing at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2020 - 2024 skal leggjast fram for kommunestyret i mai eller juni møtet.

Det vart gjennomført prosessmøte 1 i møte 09.03.2020 PS 5/20, der dette vart vedteke:

1. Kontrollutvalet tar, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko og vesentlegvurderinga (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon, så langt til orientering.
2. Prosessmøte 2 vart flytta frå april møte til maimøte

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til kommunestyret, som vedtar plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og»

På bakgrunn av det som går fram over ligg analysedokument frå Deloitte ved som vedlegg til denne saka. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2 som vert leia av Deloitte.

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett før og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for eigarskapskontroll, jf. anna sak til dette møtet.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i møte i kontrollutvalet 15.10.2020.



Opplysningar som kjem fram i dokumentet er i hovudsak ikkje verifisert, og kan ikkje nyttast som faktagrunnlag utan ytterlegare undersøkingar.

Tysnes kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Mai 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

Mai 2020

Rapporten er utarbeidd for Tysnes
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Innleiing	5
2.	Organisering og nøkkeltal	8
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	11
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	33
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	42
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	44
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	45

Detaljert innhaldsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Forvaltningsrevisjon	5
1.3	Eigarskapskontroll	5
1.4	Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll	6
1.5	Metode og gjennomføring	6
1.6	Lesarrettleiing	7
2.	Organisering og nøkkeltal	8
2.1	Organisering	8
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Befolkningsutvikling	9
2.4	Kommunen sine eigarskap	10
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	11
3.1	Sentraladministrasjonen og sektorovergrepande funksjonar	12
3.2	Oppvekst	18
3.3	Landbruk og tekniske tenester	24
3.4	Helse og sosial	28
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	33
4.1	Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	34
4.2	Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10	35
4.3	Føretak, samarbeid og foreiningar	41
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	42
6.	Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	44
6.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar	44
6.2	Tilsyn	44
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	45
7.1	Forvaltningsrevisjon	45
7.2	Eigarskapskontroll	47

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontrollutvalet i møte 28. november 2019 i sak PS 50/19 har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-vurderingar) av Tysnes kommune si verksemd og i selskapa der Tysnes kommune har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i kommunen og selskapa der kommunen har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Planane skal vedtakast av kommunestyret.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom møte i kontrollutvalet, intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av relevant dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målnnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. Fokuset i ein **eigarskapskontroll** er på korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. Fokuset i ein **forvaltningsrevisjon av selskap** er på sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekka kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal, tal frå kommunebarometeret og anna relevant statistikk som ligg føre for å undersøke om det er område der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med. Samanlikningane kan gje indikasjonar på risikoområde som det kan vere relevant å undersøke nærare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi har intervjuet rådmann, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og sosial, samt økonomisjef. I tillegg har vi intervjuet ordførar, varaordførar og ein utvalstleiar. Intervjua er gjennomførte per telefon.

1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret har vore involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingverktøy). I spørjeundersøkinga blei desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt

risikoområde knytt til selskap kommunen eig. Det var 20 av 30 personar som svarte på undersøkinga. Dette utgjer ein total svarprosent på 67 %. Svarprosenten for folkevalde var 59 %, medan svarprosenten for administrative leiarar var 77 %.

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.¹

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) med dei risikovurderingane som er gjennomførte for kontrollutvalet. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd eit plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organiseringa av og nøkkeltala for kommunen.

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde innan dei ulike verksemdsområda og eigarskapa til kommunen som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde og dei selskap kommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for kommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneheld oversikt over tidlegare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for kommunestyret.

¹ Ikkje alle interkommunale selskap (IKS) er underlagt innleveringsplikt til Brønnøysundregisteret. Det førekjem også at slike selskap ikkje leverer årsrekneskap til Brønnøysundregisteret. I desse tilfella har ikkje revisjonen tilgang på nøkkeltal. Slike manglande data vil bli opplyst om der det er relevant.


2. Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

Rådmannen, som er den øvste administrative leiaren i kommunen, og er også personalsjef. Rådmannen si strategiske leiargruppe består av rådmann, kommunalsjef helse og sosial, kommunalsjef oppvekst, økonomisjef og prosjektsjef. Fellestenesta, stab, forvaltning, brann, drift og vedlikehald rapporterer til rådmannen. Skular, barnehage og eining for barn og familie rapporterer til kommunalsjef oppvekst. Institusjon, open omsorg, helse og NAV rapporterer til kommunalsjef helse og sosial.

Den administrative organiseringa i Tysnes kommune går fram i organisasjonskartet under.

Figur 1: Organisasjonskart



2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %.

Netto driftsresultat i Tysnes kommune var i 2018 på om lag 10,5 millionar kroner (i dette ligg det netto 5 mill. kr frå Havbruksfondet). Dette er 3,5 % av driftsbudsjettet, altså over det tilrådde nivået frå TBU. I 2019 var netto driftsresultat på 1,9 %, også over det tilrådde nivået frå TBU.

Målet for økonomiplanen 2020-2023 er å ha eit driftsresultat større enn 0,8 % % av driftsinntektene. Eit driftsresultat på 0,8 % er vesentleg lågare enn tilrådd nivå frå TBU.

Disposisjonsfondet er kommunen sin reserve til å dekke utføresette utgifter, sviktande inntekter, underskot og eigenkapital til investeringar.

I følgje kommunen si årsmelding frå 2018 er frie fond/disposisjonsfond på 19,8 % i 2018. Dette er høgare enn kommunegruppa i følgje Kommunebarometeret (10,9 %). I budsjettdokumentet for 2020 går det fram at målet for økonomiplanen 2020-2023 er å ha eit disposisjonsfond på minimum 15 %.

Kommunen har ei gjeldsgrad på 57 % i 2018. Dette er ein vesentleg nedgang frå 2017, då gjeldsgraden var på 94 %.

Tabellen under viser **løyvingar til dei ulike tenesteområda** i Tysnes kommune i 2018, 2019 og 2020. Merk at tala frå 2018 er rekneskapstal, medan tala for 2019 og 2020 er løyvingar i budsjetta.

Tabell 1: Løyvingar til ulike tenesteområde. Kjelde: Tysnes kommune

	Budsjett 2020	Budsjett 2019	Endring 2020 mot budsjett 2019	Rekneskap 2018	Endring mot rekneskap 2018
SUM FINANS	-191 572 371	-185 031 612	3,5 %	-191 248 348	0,17 %
SUM SENTRALADMINISTRASJON / STAB / STØTTE	25 385 047	23 883 266	6,3 %	23 889 800	6,3 %
SUM OPPVEKST	75 897 964	69 379 210	9,4 %	71 600 062	6,0 %
SUM HELSE OG SOSIAL	75 110 566	74 440 883	0,9 %	79 80 878	- 5,85 %
SUM LANDBRUK OG TEKNISK	15 178 796	17 328 253	-12,4 %	15 77 608	- 6,89 %

Oppvekst og helse og sosial er dei største tenesteområda i kommunen og kvar av dei utgjør i underkant av 40 % av budsjettet. Som det går fram av tabellen over aukar løyvingane til oppvekst med 9,4 % frå 2019 til 2020, medan det er ei mindre auke til helse og sosial. Også sentraladministrasjonen får auka løyvingar i 2020, medan det er ein reduksjon i løyvinga til landbruk og teknisk.

I årsmeldinga for 2019 blir det vist til at sjølv om rekneskapet for 2019 er gjort opp med eit overskot som er betre enn budsjett, er det likevel eit meirforbruk i drifta. Det var meirforbruk i pleie og omsorg, legekantoret, fellesfunksjonar, tiltak for funksjonshemma og byggesak/oppmåling. Total 6,6 mill. kr.

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene tilpassast demografiske endringar.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar.² For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar.

I følgje KOSTRA-tal hadde kommunen 2869 innbyggjarar i 2019, mot 2846 året før. Netto innflytting var på 19 personar i 2019, og -2 i 2018.

I kommunen si årsmelding frå 2018 blir det vist til at 2018 var første året på lenge der det var eit fall i folketalet gjennom året, og det blir vist til at dette mellom anna er knytt til at kommunen ikkje lenger får høve til å motta flyktningar. Det blir peikt på at det likevel vil vere grunn for optimisme med omsyn til framtidig vekst i kommunen, også som følgje av fortsatt gode fødselstal.

I årsmeldinga frå 2018 blir det også vist til at det var ei auke i talet på barnehagebarn frå 2017 til 2018 (22 barn), noko som gjer at kommunen stadig må utvide barnehagane sine. Når det gjeld dei kommunale pleie- og omsorgstenestene, blir det i årsmeldinga vist til at kostnadane til dette er prega av at kommunen er demografisk toptung.

I budsjett for 2020 blir det vist til at det i SSB si prognose for folketalsutvikling i Tysnes kommune i perioden 2019-2030 er venta ein oppgang på 3,4 %. Det blir peikt på at det er venta vesentleg betre utvikling i gruppene 6-15 år i Tysnes kommune enn resten av landet, samtidig som Tysnes får ein flatare vekst i gruppa over 67 år. Samtidig blir det vist til at SSB si prognose truleg i for liten grad tar omsyn til det høge innslaget av fritidsbustadar som også fører til ei større tilflytting av personar over 67 år.

² Størsteparten av kommunane sine rammetilskot blir fordelt med utgangspunkt med eit likt beløp per innbyggjar. Utgiftsutjamninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel som sørgjer for at denne delen av rammetilskotet blir fordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Kostnadsnøkkelens består av ei rekke kriterium, mellom anna talet på barn i skulepliktig alder, talet på eldre, reiseavstand i kommunen mv.

2.4 Kommunen sine eigarskap

Tysnes kommune har eigarinteresser i fire selskap saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar, og i 11 selskap der det også er innslag av private eller statlege aktørar på eigarsida. Kommunen sine eigarskap vil bli nærare omtalt i kapittel 4. Eigarskapa går fram i tabellen under:

Tabell 2: Eigarskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eigardel
Tysnes industri AS	Varig tilrettelagt arbeid og produksjon av treemballasjar	AS	67,11 %
Tysnespakken AS	Selskap som driv med marknadsføring av Tysnes	AS	35 %
Våge Hamn AS	Drift av havne- og kaianlegg	AS	13,48 %
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	Interkommunalt samarbeid med særskilt vekt på utviklings- og tiltaksarbeid	IKS	12, 5 %
Tysnes kraftlag AS	Distribusjon av elektrisitet gjennom aksjar i BKK	AS	7,72 %
Sunnhordlandsambandet AS	Selskap som arbeidar mot ferjefri veg mellom Sunnhordland og Bergen	AS	7,41 %
Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS	Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall	IKS	5,57 %
Opero AS	Arbeidstreningsbedrift	AS	3,25 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Drift av arkiv	IKS	1,92 %
Krisesenter vest IKS	Krisesenter med avdelingar i Haugesund og på Stord	IKS	1,65 %
Bladet Tysnes AS	Lokalavis	AS	0,454 %
Fjord Norge AS	Turistkontorverksemd og destinasjonsselskap	AS	0,12 %
Biblioteksentralen SA	Engroshandel med bøker, aviser og blad	SA	
Onarheim Vassverk SA	Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	SA	
Lunde vasslag SA	Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	SA	



Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon, og er derfor omfatta av ROV-vurderingane knytt til dette. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon av selskap, og er difor ikkje omtala i denne delen av ROV-vurderinga. Både kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er lista opp i seksjon 4.3, og eventuelt drøfta i ROV-vurderinga om dette er vurdert som relevant.

3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Tysnes kommune.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.4 følgjer den administrative organiseringa i Tysnes kommune jf. omtale i kap. 2.1.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risikovurdering
	Høg risiko På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.
	Middels risiko På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.


Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på informasjonen som er gjennomgått. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.




3.1 Sentraladministrasjonen og sektorovergripande funksjonar




Sentraladministrasjonen i Tysnes kommune har mellom anna oppgåver knytt til saksførebuing og oppfølging for politiske organ, overordna styring, ekspedering av saker, driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar, oppsyn med fellestenestene, kultur, næring og plan. Ein del av sentraladministrasjonen sine oppgåver er følgjeleg sektorovergripande. I tabellen under vil vi presentere identifiserte risikoområde knytt til sentraladministrasjonen og sektorovergripande oppgåver.




Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Sjukefråvær og personalforvaltning <ul style="list-style-type: none"> Auka sjukefråvær Personaloppfølging 	<p>I kommune si årsmelding for 2018 går det fram at det samla sjukefråværet i Tysnes kommune var på 7,65 % i 2018. Landbruk og teknisk hadde det høgaste sjukefråværet på 9,4 %. Nest høgast var helse og sosial med 8,5 % sjukefråvær.</p> <p>I årsmeldinga for 2018 blir det også vist til at kommunen ligg lågare enn gjennomsnittet for kommunesektoren innan alle sektorområda (tal frå PAI/KS). I følgje årsmeldinga har det vore arbeidd ein del med tiltak for å redusere fråværet i 2018, og at det i 2019 vil vere fokus på leiaropplæring med eit særskilt fokus på oppfølging av sjukemeldte. I årsmeldinga for 2019 går det fram at det har vore gjennomført leiarutviklingsskurs og sjukefråværsoppfølgingskurs i 2019.</p> <p>I intervju blir det vist til at sjukefråværet i kommunen har auka vesentleg frå 2018 til 2019, særskilt innan helse og sosial der sjukefråværet har auka frå 8,5 % til 12 %. Det har også vore ei auke i sjukefråværet i sentraladministrasjonen, men ettersom det er få tilsette i sentraladministrasjonen vil langtidssjukefråvær hos nokre få personar gje store utslag på statistikken. I kommune si årsmelding for 2019 går det fram at det samla sjukefråværet i kommunen enda på 9 %.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det bør prioriterast å ha fokus på sentraladministrasjon/personalhandtering som forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det blir mellom anna stilt spørsmål knytt til rutinar for nyttilsetjingar, behandling av permisjonssøknadar og ved oppfølging av personalet, om det er tilstrekkeleg ansvars- og oppgåve fordeling mellom einingsleiar og personalavdeling, om det er tilstrekkeleg grad av likebehandling på tvers av einingar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Høgare kostnadar og mindre kontinuitet/stabilitet i tenestene Manglande effektivitet og målinnfrøing Høge kostnadar ved vikarbruk 	

<p>Internkontroll og kvalitetsarbeid</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styrka krav til internkontroll • System og rutinar • Avvik • Kultur 	<p>Krav til internkontroll er styrka i ny kommunelov. Kommunen har per i dag ikkje eit elektronisk internkontrollsystem, men det er sett av midlar i budsjett til å gjere innkjøp av eit slikt system i 2020. Kommunen har også tilsett ein kvalitetsrådgjevar som skal jobbe med dette.</p> <p>I intervju blir det stilt spørsmål ved om internkontrollen per i dag er tilstrekkeleg, både når det gjeld system, rutinar og avvikshandtering ettersom ein ikkje har på plass eit fullgodt elektronisk system. Det blir også vist til at mangelen på eit elektronisk kvalitetssystem er ein risikofaktor i seg sjølv. Det blir vist til at det kunne vore nyttig å få ein gjennomgang av kommunen sitt kvalitets- og internkontrollarbeid når nytt system er implementert.</p> <p>Nokre peikar også på tilsette kvir seg for å melde avvik, og at det ikkje er ein tilstrekkeleg god avvikskultur i kommunen, også på leiarnivå.</p> <p>I spørjeundersøkinga blir det peikt på at kommunen i tillegg til behov for internkontrollsystem også har behov for utstyr og opplæring (i t.d Excel og Powerpoint) og at organisasjonen på eit overordna nivå har behov for meir rutinar og prosedyrar. Kapasiteten og økonomien er ofte ikkje tilstrekkeleg til å prioritere opplæring og utarbeiding av rutinar og prosedyrar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på lov og regelverk • Mangelfull internkontroll og regeletterleving • Mangelfull praksis kan vedvare dersom ikkje avvik blir meldt og følgt opp med korrigerande tiltak
<p>Sakshandsaming og oppfølging av politiske vedtak</p> <ul style="list-style-type: none"> • System for vedtaksoppfølging 	<p>I årsmelding for 2019 går det fram at det i 2006 ble gjort eit kommunestyrevedtak om system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak. Det blir i årsmeldinga vist til at kommunen ikkje har fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar.</p> <p>Det blir heller ikkje i intervju gitt uttrykk for særskilte utfordringar knytt til oppfølging av politiske vedtak, med unntak av at kapasiteten i administrasjonen er sårbar og at vedtaka følgjeleg nokre gongar blir følgt opp på eit seinare tidspunkt enn det politikarane kunne ønskje seg. Enkelte viser til at tilsettingar blir gjort seint på året, truleg for å spare midlane. Det blir peikt på at ein gjerne skulle sett at kommunen hadde hatt eit betre system for å halde oversikt over status på vedtaka.</p> <p>I spørjeundersøkinga kjem det fram at det tidvis er mangel på kapasitet i administrasjonen, og at administrasjonen bør bli flinkare på å følgja opp politiske vedtak. Enkelte har peikt på at det for ofte manglar innstillingar i saker. Det blir også peikt på manglande rapportering innan helse og omsorg.</p> <p>Vidare blir det peikt på at det truleg er ein del underrapportering på kvalitetsoppfølging, men at dette er forventa å bli betre no når det er tilsett ein kvalitetsrådgivar. Det blir opplyst i intervju at kvalitetsrådgivaren også vil jobbe med vedtaksoppfølging.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Saker blir ikkje tilstrekkeleg førebudd • Vedtak blir ikkje følgt opp

Samfunnstryggleik og beredskap <ul style="list-style-type: none"> • Risikovurderingar • Gjennomført tilsyn 	<p>Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Tysnes kommune i 2019, og det blei gitt nokre merknadar. Hovudsakeleg er dette knytt til at kommunen sine risikovurderingar er ufullstendige. I intervju blir det vist til at det ikkje er gjennomført overordna risikovurdering, og at det ikkje er god nok systematikk på dette området, noko som også er grunnen til at det er behov for ein ressurs som skal jobbe med kvalitetsarbeid på heiltid (kvalitetsrådgivar som er tilsett skal mellom anna skal jobbe med dette). Det blir peikt på at det også er andre punkt som det er behov for å gjennomgå, og at beredskap er eit område som kommunen må ha fokus på framover.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje tilstrekkeleg beredskap 	
Planarbeid <ul style="list-style-type: none"> • Gamle planar 	<p>I intervju blir det peikt på at kommunen har ein del gamle planar som skal reviderast. Det blir opplyst at nokre av desse, til dømes arealdelen til kommuneplanen, er noko forseinka grunna koronaepidemien. Det blir vist til at planar blir følgt opp, men at ein del planar blir utdaterte og at ein ikkje har eit tilstrekkeleg godt og kontinuerleg planfokus i kommunen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Mangelfult planverk 	
Informasjonstryggleik, personvern og GDPR <ul style="list-style-type: none"> • Nye lovkrav knytt til informasjonstryggleik 	<p>Det nye personvernregelverket som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko.</p> <p>I intervju blir det vist til at GDPR, informasjonstryggleik og personvern er område som er omfatta av risiko. Kommunen har jobba ein del med dette, og er i prosess med tanke på dei nye lovkrava.</p> <p>Det går fram av budsjettet 2020 at programvare, lisensar, drift av IKT, digital kommunikasjon og større krav til fagsystem har ført til ein auke i budsjettet til fellesfunksjonar og administrasjons samanlikna med budsjettet i 2019. Det blir og sett av 150 000 til felles opplæringstiltak, som til dømes kurs innan IKT.</p> <p>I budsjettet blir det også vist til at kvalitetsarbeid innanfor områda HMT, informasjonstryggleik og personvern er viktig og nødvendig. Det blir vidare peikt på at kommunen sine løysingar for backup og antivirus/brannmur ikkje er tilstrekkeleg for dei nyaste variantane virus, noko som ikkje har blitt prioritert i årets budsjett.</p> <p>I kommunen si årsmelding for 2019 blir det peikt på nokre utfordringar knytt til brot i telesamband/fiber, noko som skapar problem for den daglege drifta innan IT-løysingane. Særleg alvorleg er det at helsenett ofte også blir ute av drift når telesambandet er nede.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avvege • Lov- og regelbrot • Svikt i kommunikasjon ved brot på samband/fiber 	

Digitalisering <ul style="list-style-type: none"> • Sjølvbetjente tenester • Samhandling og kommunikasjon 	<p>I spørjeundersøkinga blir det peika på at kommunen har utfordringar knytt til digitalisering, og at kommunen spesielt kan bli betre på sjølvbetening av tenester på nett. Samstundes blir det peika på at personleg kontakt med saksbehandlarar fortsett må vere mogleg.</p> <p>I årsmeldinga for 2019 blir det vist til at det eit mål å auke digitaliseringa og bruk av IT for å betre kommunen si tenesteyting.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Ineffektive tenester 	
Journalføring og arkivering <ul style="list-style-type: none"> • Integrering av fagsystem mot sak-/arkivsystem 	<p>I budsjettet blir det opplyst at det er planlagt overgang til fullelektronisk arkiv, men at det står att mykje arbeid med å digitalisera eksisterande arkiv. I spørjeundersøkinga blir det peika på at kapasiteten på arkiv er avgrensa.</p> <p>I intervju blir det peikt på fagsystema er delvis integrert i kommunen sitt sak-/arkivsystem, og at det mellom anna blir jobba med integrasjon med skule som fekk innført fagsystem i august 2019. Vidare blir det peikt på at arkiv er eit viktig område, mellom anna med omsyn til å ivareta rettsvernet til innbyggjarane over tid, og at det kunne vore nyttig å få gjennomført ein forvaltningsrevisjon på dette området.</p> <p>Kommunen opplyser at dei deltok i eit prosjekt saman med Stord kommune for nokre år tilbake knytt til datafangst.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Redusert tillit i befolkninga • Regelbrot • Tap av arkivmateriale 	
Innkjøp <ul style="list-style-type: none"> • Kapasitet og kompetanse • Rammeavtalar 	<p>Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området.</p> <p>Kommunen opplyser at det er tilsett ein eigen innkjøpsressurs, og at det har vore brukt mykje tid på å formalisere innkjøpa i kommunen. Det blir også vist til at kommunen er med i Sunnhordland interkommunale innkjøpsfora og støttar seg på dette. Kommunen nyttar i dag i IBX og det blir gitt uttrykk for at kommunen har gode avtalar. Det blir i intervju ikkje gitt uttrykk for risiko på dette området, men i spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er avgrensa kapasitet på innkjøp. Det blir også peikt på at det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon på innkjøp med tema kapasitet og handtering av både rammeavtalar og andre kontrakter.</p> <p>I årsmeldinga frå 2018 går det fram at kommunen gjennomførte 12 eigne tilbod- og anbodskonkurransar i tillegg til alle felles anbodskonkurransar som kommunen er med på. I 2019 blei det gjennomført seks eigne anbodskonkurransar. Alle konkurransane blir ifølgje årsmeldinga gjennomført fullelektronisk via EU supply.com</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Brot på regelverket • Kostnadsineffektive innkjøp • Økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp • Kontraktsbrot 	

Leverandør- og kontraktsoppfølging <ul style="list-style-type: none"> Oversikt over kontrakter Kontrakts- og leverandør oppfølging 	<p>I undersøkinga blir det peikt på at kontraktsoppfølging og oppfølging av leverandørar er viktige område og at det er knytt uvisse til om kommunen har tilstrekkeleg oppfølging av slike. Det blir også stilt spørsmål ved om kommunen har tilstrekkeleg bestillerkompetanse.</p> <p>I kommunen si årsmelding går det fram at arbeidet med fakturakontroll og kontraktsoppfølging er eit kontinuerleg og viktig arbeid.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Regelbrot Kontraktsbrot Brot på arbeidsmiljølov og på krav i tariff 	
Investeringsprosjekt <ul style="list-style-type: none"> Prosjektstyring 	<p>Dei største investeringane i budsjettåret 2020 er følgjande (i kroner):</p> <ul style="list-style-type: none"> Tysnes skule mellomtrinn (60,6 millionar) Onarheim barnehage (om lag 1 millionar) Fortau Vågsmarka byggjefelt (1, 25 millionar) Ny avdeling Lunde barnehage (om lag 1 million) Rehabilitering av Tysnes sjukeheim (11, 7 millionar) Kvalitetsstyringssystem (1,3 millionar) Grunnkjøp innanfor eigeidom, bustad og næring (1 million) Vatn (1 million) <p>I økonomiplanperioden vil også bygging av nye omsorgsbustader ved Tysnes omsorgssenter vere ein stor investering, men om lag 18 millionar kroner frå 2020 til 2023. Tysnes skule vil kosta om lag 96 millionar, mens Onarheim barnehage vil kosta om lag 36 millionar kroner i økonomiplanperioden.</p> <p>I kommunen si årsmelding for 2018 går det fram at det var forhandlingar om sluttoppgjevar for bygginga av Tysnes omsorgssenter, og at sluttoppgjeret resulterte i eit forlik mellom aktørane.</p> <p>I intervju blir det vist til at investeringsplanen dei siste åra har vore på eit høgt nivå. Det blir peikt på at det potensielt er ein stor risiko på investeringsprosjekt ettersom det er snakk om store summar, og at kommunen vil miste økonomisk og politisk handlerom om det blir bomma på budsjett på store prosjekt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Budsjettoverskriding Forseinkingar i gjennomføring av prosjekt Utiltstrekkeleg kvalitet 	
Næring <ul style="list-style-type: none"> Plan for næringsutvikling 	<p>I kommunen si årsmelding for 2018 går det fram at ordførar, varaordførar og næringskonsulent kontinuerleg arbeider med næringsutvikling. Det går også fram at det skal utarbeidast ein strategiplan for næring forankra i kommunen sin samfunnsdel, samt at det er arbeid med å attreise Tysnes næringsråd. I årsmelding for 2019 går det fram at Tysnes næringsråd er reetablert med nytt styre.</p> <p>Det kjem fram av budsjettdokumentet 2020 at kommunen må gjera ei avklaring av si rolle som tilretteleggjar for næringsliv, etablerarar og reiseliv. Det er sett av 200 000 til etablering av ei plan for næringsutvikling</p>	<ul style="list-style-type: none"> Ikkje tilstrekkeleg strategisk merksemd på næringsutvikling 	

og næringsstøtte i samhandling med næringslivet i 2020, og kommunen vil søkja til Tysnes Kraftlag AS om at dei tar halve rekninga.

Klima, miljø og berekraft

- Oppfølging av klima- og energiplan
- Klimarisiko

I kommunen si årsmelding for 2018 blir det vist til at det blei vedteke ein klima- og energiplan for Tysnes kommune i 2011, der det mellom anna står at tiltak som virkar å redusere klimagassutslepp eller redusere energibruk skal takast opp i årsmeldinga. I dette høvet blir det rapportert om at det er retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, noko kommunen har hatt god merksemd på. I tillegg blir det vist til at den kommunale byggporteføljen har blitt meir energieffektiv, mellom anna ved å ta i bruk nytt omsorgssenter. I intervju blir det peikt på at klima og berekraft er ei gjennomgåande problemstilling som blir ivaretatt både i plan- og strategiarbeid. Det blir peikt på at klimaplanen bør vurderast i samband med kommunen sin planstrategi.

I årsmeldinga står det også at Tysnes kommune har forplikta seg til å miljøsertifisere verksemda si gjennom Miljøfyrtårn-programmet.

Tal frå KBN³ viser at sjøfart står for 89,2 % av klimagassutslepp i Tysnes kommune. I KBN si kartlegging av klimarisiko blir det vist til fleire område med høg og svært høg risiko. Innan sjøfart blir det vist til risiko knytt til karbonprising, regulering av utslepp og strengare krav om alternative teknologiar for fergedrift.

I følgje Kommunebarometeret går ein låg del av avfallet i kommunen til materialgjenvinning eller biologisk behandling.

- Mangelfull oppfølging av klima- og miljø

Kultur

Kommunen skårer relativt dårleg på kulturområdet i Kommunebarometeret, både når det gjeld bibliotek (tal på besøk og utlån), åpningstid på fritidssenter, talet på tilsette kulturarbeidarar i kommunen og kor stor del av elevane som går på kommunal musikk- og kulturskule. I årsmeldinga for 2019 går det fram at kommunen mellom anna har fått på plass meirope bibliotek slik at biblioteket kan nyttast utanom bemanna opningstider. Det går fram at talet på besøkande dobla seg samanlikna med føregåande år.

I budsjettet for 2020 går det fram at folkehelse har vore tett knytt opp til arbeid med kultur, barne og ungdomsarbeid, idrett og friluftsliv. Når kulturkonsulenten skal gje seg, blir det vurdert å heller tilsetje ein psykolog for stilling knytt til folkehelse, ungdomsarbeid, friluftsliv og kultur. Denne endringa i stillingstittel kan få konsekvensar for den løpande sakshandsaminga innan områder som kulturtilskot, sikring av kulturmidlar og oppfølging av søknadar om tippemidlar.

- Omdømme
- Manglande kapasitet til sakshandsaming

³ KBN er den norske stats kommunalbank.



3.2 Oppvekst

Oppvekstområdet i Tysnes kommune består av barn og familie som er barnevern, helsestasjon og psykisk helse for barn og unge, og Barn og utdanning, som er barnehagar og skular, PPT, Kulturskule og vaksenopplæring.

Kommunen har tre grunnskular. Onarheim skule har tidlegare vore todelt skule, men tredelt frå 2018. Uggdal skule har 1.-4. trinn, medan elevar på 5.-7. trinn går på Tysnes skule mellomtrinn. Tysnes skule har også ungdomstrinn (8.-10. trinn).

Det er fire barnehagar i kommunen, alle kommunale.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Samarbeid på tvers i oppvekst <ul style="list-style-type: none">• Etterleving av rutinar	<p>Det går fram av spørjeundersøkinga at samarbeidet på tvers i oppvekst er utfordrande og at fleire av dei einskilde einingane følgjer reglar og rutinar på ulike måtar.</p> <p>I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at eining barn og familie, som består av psykisk helse for born, helse-stasjonen og skulehelsetenesta og barneverntenesta langt på veg er i gang med å skape ei felles fagleg plattform å jobbe ut i frå.</p> <p>I intervju blir det ikkje vist til spesifikke risikoar knytt til samarbeid på tvers i kommunen, verken når det gjeld samarbeid på tvers av tenesteområda eller innad i tenesteområda.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Ikkje tilstrekkeleg samarbeid• Ulik praksis	
Kvalitet i grunnskulen <ul style="list-style-type: none">• Resultat på nasjonale prøver• Kompetansekrav• SFO• Tidleg innsats på 1.-4.trinn	<p>I følgje Kommunebarometeret har 65 prosent av elevane på 5. trinn dei siste fire åra vore på lågaste mestringsnivå (av tre) på nasjonale prøver. Det er ein høg del målt mot resten av landet. Snittet har vore på 30,8 prosent. I spørjeundersøkinga blir det peika på at kommunen manglar eit system for å analysere resultatata av nasjonale prøvar.</p> <p>Også i intervju blir det påpeikt at kommunen ikkje får gode resultat på nasjonale prøver på 5. trinn. Det blir stilt spørsmål ved overgangen frå småtrinnet til mellomtrinnet, og om dei som skal starte i 5. klasse har fått tilstrekkeleg god undervisning på småtrinnet. Samtidig viser kommunebarometeret at berre 9,3 % av elevane på 8. trinn ligg på det nederste mestringsnivået. Dette er nær dei beste kommunane i følgje Kommunebarometeret. Ifølgje Kommunebarometeret er leksehjelp på</p>	<ul style="list-style-type: none">• Ikkje tilstrekkeleg tilpassa opplæring• Ikkje tilstrekkeleg kvalitet i tenestene	

ungdomsskulen mykje brukt i Tysnes kommune (delen er på 66 % mot 8,5 % for snittet).

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til lesing er den grunnleggjande ferdigheten der kommunen har lågare samla skår enn landsgjennomsnittet.

Det blei gjort endringar i opplæringslova med verknad frå 1. august 2018 som stiller nye krav om tidleg innsats for elevar på 1.-4. årstrinn. I intervju blir det peikt på at tidleg innsats har vore prioritert i kommunen i mange år. Det blir gitt uttrykk for at kommunen er gode på dette, mellom anna også som følgje av pedagogisk kompetanse og utstrakt bruk av assistentar i tillegg.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er vanskeleg å forutsjå kor mykje lærarressursar det er behov for innan intensivopplæring.

I følgje Kommunebarometeret manglar ein del lærarar i barneskulen som underviser i norsk, engelsk og matematikk fordjupning, medan dei fleste lærarane på ungdomsskulen som underviser i desse faga oppfyller nye krav til fordjuping.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er utfordrande å få nok tid til kompetanseheving i personalet, spesielt i samband med den nye læreplanen fagfornyninga.

Det blir opplyst i budsjettdokumentet 2020 at overgang til 5 dagars skuleveke føre med seg kapasitetsutfordringar for SFO. Presset på SFO vil verta større og det er behov for fleire årsverk og ein fagleiar for SFO. Endringa om 5 dagars skuleveke trer i kraft frå august 2020.

Opplæring til minoritetsspråklege elevar

- Rutinar
- Kapasitet og kompetanse

Det blir opplyst i spørjeundersøkinga at kommunen manglar rutinar for å ta imot nyankomne minoritetsspråklege elevar, men at kommunen er i prosess med å utarbeide ein plan for området.

I intervju blir det vist til at plan knytt til minoritetsspråklege barn er forseinka og har vore på saklista mange gongar. Planen har tidlegare vore sendt ut på høyring, men det blei gitt lite innspel, og den blei følgjeleg sendt ut på nytt. Det blir gitt uttrykk for at ein klarer å ivareta dei minoritetsspråklege barna, og at det blei tilført ekstra ressursar for nokre år sidan. Logopeden som er tilsett i kommunen arbeider 50 % med språkarbeid og testing av minoritetsspråklege.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er utfordrande å heile tida ha nok timar til framandspråklege som skal ha norsk II-opplæring.

- Minoritetsspråklege får ikkje den opplæringa som dei har krav på



KOSTRA-tal frå 2019 viser at 5,9 % av elevane i grunnskulen fekk særskilt norskopplæring. Dette er ei auke frå 3,3 % året før.

KOSTRA-tal viser at årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring har gått ned frå 2018 (54,2 timar) til 2019 (37,9 timar) i Tysnes. Årstimar til særskilt norskopplæring per elev er lågare i Tysnes kommune samanlikna med KOSTRA-gruppa som har 52,4 årstimar per elev.

Elles blir det i intervju peikt på at opplæring for minoritetsspråklege elevar var føreslått som forvaltningsrevisjonsprosjekt i førre planperiode, og at dette framleis er aktuelt.

Spesialundervisning og samarbeid med PPT

- Spesialundervisning
- Tilpassa opplæring
- Ny PP-teneste frå 2018

I kommunen si årsmelding frå 2019 går det fram at talet på spesialundervisning framleis er høgt, men at utviklinga går i retning av ein mindre del av elevar med spesialundervisning. Det går også fram at kommunen ønskjer å dreie all undervisning til tilpassa opplæring, der alle elevar får undervisning på sitt nivå.

Av KOSTRA-tal går det fram at delen elevar som får spesialundervisning var 8,2 % i 2019, dette er noko lågare enn kommunegruppa der delen elevar med spesialundervisning var 9,2 % i 2019. I følgje Kommunebareometeret får 12,8 % av elevane på ungdomsskulen spesialundervisning. Snittet for landet er 10,1 %.

I kommunen si årsmelding frå 2018 går det fram at kommunen samarbeider med Fitjar og Stord om felles PP-teneste frå 1.10.2018. intervju blir det gitt uttrykk for at overgangen til ny PP-teneste har vore positivt for kommunen og at mellom anna det systemretta arbeidet mot skulane er styrka, men det blir også peikt på at det kunne vore nyttig å fått ein gjennomgang av forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning og i kva grad ein klarer å jobbe tilstrekkeleg systemretta.

I følgje kommunen si årsmelding har kommunen tilsett ein eigen logoped, som mellom anna jobbar med oppgåver knytt til logostesting og intensivopplæring.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er utfordrande å nå mål om at alle timar til spesialundervisning blir gjennomført i tråd med eleven sitt vedtak.

Det blir også peikt på at barn som treng ekstra oppfølging ikkje alltid får dette, og at barn som er under div utgreiing får saka si forseinka. Det går

- Regelbrot
- Dårleg kvalitet i tenesta



ikkje tydeleg fram om dette gjeld skule eller barnehage. I kommunen si årsmelding for 2019 blir det peika på at skulane stadig får fleire elevar med særskilde og samansette behov, noko som er ei utfordring med omsyn til assistent- og pedagogressursar.

Det blei sist gjennomført forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning i 2013.

Trygt og godt skulemiljø

- Nytt regelverk
- Trivsel

Det blei gjort endringar i opplæringslova frå 1. august 2017 (kap. 9 A) som mellom anna inneber skjerping av skulen og tilsette sine plikter når det gjeld å fange opp og undersøke tilfelle der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

- Barn og unge som ikkje opplever eit trygt og godt skulemiljø
- Brot på regelverk

I Kommunebarometeret blir det vist til at 91 % av elevane på 7. trinn at dei trivst godt ifølgje Elevundersøkinga (snittet er 91 %). Det er ikkje offentlege tal på mobbing i elevundersøkinga som følgje av at resultatet ikkje blir vist dersom dette gjeld færre enn fire elevar. Kommunen inngikk avtale i 2018 om å vere pilotkommune for Olweus-satsinga, eit program for å førebyggje mobbing. I intervju blir det opplyst at alle skulane har gjennomført eit program i samband med Olweus-satsinga og at dei held på å bli sertifiserte.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at opplæringslova 9a alltid er utforande å etterleve, sjølv om kommunen har gode rutinar.

Kompetanse og kapasitet i barnehage

- Pedagognorma
- Bemanningsnorma
- Kapasitet

KOSTRA-tal viser at delen barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning var 39,8 % i 2018 og 39,7 % i 2019. Ifølgje tal frå Kommunebarometeret 2019 er delen kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma utan dispensasjonar 25 % i Tysnes kommune (snittet for landet er 53 %). Nyare tal frå barnehagefakta.no (Udir) viser at to av fire barnehagar oppfyller pedagognorma per 15.12.2019, medan dei to andre oppfyller pedagognorma med dispensasjon. I kommunen si årsmelding for 2018 blir det vist til at den nye bemanningsnorma også gjer at kommunen har lite handlingsrom til å kunne gå med eit ekstra barn til dømes.

- Manglande kompetanse og kapasitet

I intervju blir det vist til at det har vore eit fokus på personal og at ein har klart å innfri vedtatt personaltettleik.

I årsmeldinga for 2019 går det fram at fleire av barnehagane er fulle, og at ein av barnehagane har måtte utvide. I intervju blir det vist til at det er tatt inn i økonomiplan at det skal jobbast med ein ny barnehage for å sikre tilstrekkeleg kapasitet.

Kommunen deltek i eit samarbeid i regionen om å gjennomføre tilsyn i kvarandre sine barnehagar, og det blir gitt uttrykk for at dette fungerer godt.

Det kjem fram av budsjettet 2020 at VISMA barnehage blir ferdigstilt neste år og vil betre samhandling mellom heimen og barnehagane. Frå neste år vil og barnehagane teke i bruk eit system for kartlegging av barn for å sikre tidleg innsats der det er behov.

Barnevern

- System og rutinar
- Bemanning og kompetanse
- Tiltaksplanar og oppfølging av slike

Både i intervju, prosessmøte og i spørjeundersøkinga som er gjennomført blir det peikt på utfordringar knytt til barnevernet. Dette omhandlar mellom anna sårbarheit i bemanning og kompetanse, kapasitet og auka press på tenesta etter barnevernreformen og auka press frå nasjonalt mynde, storleiken på tenesta og nærheit til barna, utarbeiding og tilgjengeleggjering av rutinar og opplæring i fagsystem. Det blir også peikt på at IT-kompetansen i eininga er varierende. Det blir peikt på at konsekvensane for brukarane kan vere store både på kort og lang sikt

- Brot på lov og regelverk
- Kostbare tenester og manglande måloppnåing

Det blir også peika på at sektoren generelt sett kan vere kostnadskrevjande som følgje av uføreseielege kostnader.

KOSTRA-tal viser at brutto driftsutgifter per barn med undersøking eller tiltak er vesentleg høgare i Tysnes kommune samanlikna med kommunegruppa (114 485 kr i Tysnes mot 68 250 kr i kommunegruppa i 2019). Samtidig er brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet vesentleg lågare i Tysnes kommune samanlikna med kommunegruppa (241 455 kr i Tysnes mot 414 303 kr i kommunegruppa i 2019).

Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar er ifølgje KOSTRA 81 % i Tysnes i 2019, mot 86 % i kommunegruppa i 2019. I kommunen si årsmelding for 2018 blir det vist til at fleire av undersøkingane i 2018 er gått ut over fristen på tre månadar, og at det i nokre saker er leigd inn sakkunnig konsulentbistand til gjennomføring av undersøkinga. Totalt var det 21 meldingar i 2018, der fire blei lagt vekk. Totalt var det 17 meldingar der det blei sett i gong undersøking. I 2019 var det 23 meldingar, der 10 meldingar blei lagt vekk. Det blei sett i gong undersøking i 13 saker. To av undersøkingane gikk over fristen på tre månadar.

I årsmeldinga for 2019 blir det også vist til at talet på born under omsorg har auka dei siste åra, noko som gjer at det krevst andre oppgåver og endå tettare oppfølging.

Tal frå BUFDIR viser at 100 % av barn i hjelpetiltak har tiltaksplan, men at det berre er 22,2 % av barn i hjelpetiltak med evaluert tiltaksplan (verdi for fylket når det gjeld evaluert tiltaksplan er 82,1 %)

Ifølgje Kommunebarameteret er det ikkje gjennomført brukarundersøkingar i tenesta dei siste fire åra.

Tysnes kommune har inngått avtale med Bergen kommune, barnevernvakten, om beredskap utanfor ordinær kontortid.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen sitt arbeid med meldingar og undersøkingar som gjeld mistanke om vald og overgrep i 2019. Tilsynet avdekket fleire brot på barnevernlova, og det blir i konklusjonen frå Fylkesmannen vist til at tilsynet har avdekt gjennomgåande svikt i tenesta sine kjerneoppgåver. I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at tilsynet endå ikkje er avslutta då implementering av nye rutinar tar tid, men at det blir jobba kontinuerleg med dette.

Jordmor, helsestasjon- og skulehelsetenesta

- Oppfølging av tidlegare revisjon
- Helsestasjon for ungdom

Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av helsestasjons- og skulehelsetenesta i 2018, som mellom anna peika på fleire utfordringar knytt til gjennomføring av lovpålagde oppgåver.

I budsjett for 2020 går det fram at helsestasjon og jordmortenesta er vidareført med same driftsnivå som i 2019, men at det er lagt til grunn at den eine stillinga som helsesjukepleiar blir utvida til 100 %, finansiert gjennom særskilt statleg tilskot. Kommunen har jordmor i 50 % stilling, men det går fram at det skal søkjast prosjektmidlar med sikte på å auke stillingsdelen.

Det går fram av Kommunebarometeret at ein del 9-åringar i kommunen ikkje er vaksinert mot meslingar (delen som er vaksinert er 91 %, medan snittet for landet er 95 %).

I intervju blir det vist til at det kunne vore nyttig å gjennomført ein ny forvaltningsrevisjon innanfor helsestasjon- og skulehelsetenesta mot slutten av planperioden, etter at forvaltningsrevisjonen frå 2018 er følgt opp. I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at helsestasjonen og skulehelsetenesta har vore prega av store utskiftingar i personalet dette året, og at ein det siste halve året har jobba med eit mål om å få oversikt og å komme ajour på helsestasjonen.

Det blir også peikt på at det kunne vore interessant å gjennomføre forvaltningsrevisjon innanfor helsestasjon for ungdom. I kommunen si årsmelding for 2019 går det fram at det har vore fleire møter om helsestasjon for ungdom og flytting av denne til Våge, og at ein håpar at dette vil la seg gjennomføre i løpet av 2020.

- Brot på lov og regelverk
- Ikkje tilstrekkeleg kapasitet



Psykisk helse for barn og unge

I kommunen si årsmelding for 2018 går det fram at kommunen har ei 100 % stilling som psykisk helsearbeider for barn og unge, men at tenestene har vore sterkt reduserte i 2018 som følgje av lengre fråvær blant dei tilsette. I årsmeldinga for 2019 blir det vist til at det i 2019 har vore ein person i full stilling frå mars, medan det var 20 % dekning i tenesta i januar og februar.

- Barn og unge med behov for psykisk helsehjelp får ikkje den hjelpa dei har behov for

I undersøkinga blir det peikt på at barn og unge i større grad har psykiske utfordringar. Også i kommunen sitt budsjett for 2020 blir det peika på at omfanget av psykisk helsehjelp mellom barn og unge aukar.



3.3 Landbruk og tekniske tenester

Landbruk-teknisk etat er delt i tre einingar; ei eining for brann og redning, ei eining for drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning.

Under eining for forvaltning ligg plan- og byggesaksavdeling, kart- og oppmålingsavdeling og landbruk. Bjørnafjorden landbrukskontor er felles for kommunane Samnanger, Bjørnafjorden og Tysnes. Eining for brann og teknisk drift hadde tidlegare felles einingsleiar, men det er no skilt ut i to einingar. Til teknisk drift ligg vedlikehald av bygg, kyrkjegardar, reinhald samt veg og avløp.

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til tekniske tenester

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Plan og byggesak <ul style="list-style-type: none">• Dispensasjonssaker• Gebyr• Kommunikasjon• Kontroll	KOSTRA-tal viser at gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med tre vekers frist var på 18 dagar, og at gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker med 12 vekers frist var på 76 dagar (2019). Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida er følgeleg innanfor fristkrava. Tal frå Kommunebarometeret 2019 viser at delen byggesaker med overskride frist er 10,5 % i Tysnes. Snittet for landet er 7,9 %. I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er ein del misnøye med servicen i tekniske tenester og at sakshandsamingstida er lang. I årsmeldinga for 2019 går det fram at byggesaksavdelinga mottok mange mangelfulle søknadar og brukar unødvendig mykje tid på desse sakene før dei kan takast opp til realitetshandsaming.	<ul style="list-style-type: none">• Omdømme• Manglande budsjettoppnåing	
	Både i årsmelding for 2018 og 2019 blir det vist til at kommunen opplever ein del søknader om dispensasjoner. Desse sakene krev ei omfattande		

sakshandsaming med høyring til ytre fagetater og politisk handsaming i utval landbruk/teknisk. Det blir opplyst at det pågår prosess med å revidere arealdelen til kommuneplanen i 2020.

Delen innvilga byggesøknadar som skjer gjennom vedtak om dispensasjon er relativ høg i Tysnes kommune samanlikna med kommunegruppa. I 2019 var delen slike saker på 48 % i Tysnes, ei vesentleg auke frå året før då denne delen var 25 %. I kommunegruppa var delen innvilga byggesøknadar som skjer gjennom vedtak om dispensasjon 18 % i 2018 og 19 % i 2019. I intervju blir det peikt på at det ikkje er så unaturleg at delen dispensasjonssaker i kommunen er høg som følgje av geografien i kommunen, men at det er eit mål å få ned delen dispensasjonssaker.

I årsmeldinga frå 2019 blir det også vist til at stort arbeidspress over fleire år og med bakgrunn i uføresette hendingar har medført at nokre saker og førespurnader ikkje har vore følgt opp godt no. Det blir vist til kommunen også har tapt inntekt på gebyr i nokre saker grunna tidsfrist. I intervju blir det peikt på at kommunen skulle hatt betre system for kostnads- og inntektsovervaking når det gjeld plan og byggesak.

Vidare blir det i årsmeldinga vist til at med bakgrunn i stort arbeidspress over fleire år har byggesak fått eit etterslep/opphoping av saker til handsaming og saker med vedtak som ikkje er følgt opp.

Det går også fram at byggesak frå hausten 2018 ikkje har hatt kompetanse til å handsame søknad om mindre avlaupsanlegg, søknad om løyve til tiltak etter PBL og søknad om utsleppsløyva etter forureinsingslova, men at ein har starta med dette og vil i 2020 gjennomgå rutinar for å innhente kompetanse.

I intervju blir det opplyst at kommunen har begynt å følgje opp forpliktingane sine knytt til gjennomføring av uavhengig kontroll og foretakstilsyn, og at dette er eit stort og viktig område innanfor byggesak. Det blir vist til at det kunne vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon av kommunen si handtering på dette området.

Landbruk

Kommunen hadde tidlegare eige landbrukskontor, men inngår no i eit interkommunalt samarbeid med Bjørnafjorden og Samnanger. Fleire peikar i intervju på at dette området er modent for gjennomgang.

Det blir peikt på at det generelt er ein risiko å sette ut kommunale oppgåver til andre einingar/kommunar med omsyn til at det er risiko for å miste oversikt og kontroll, og at det kunne vore nyttig å fått gjennomført ein forvaltningsrevisjon av landbruk og om kommunen har god nok kontroll på dette området. Mellom anna blir det peikt på at ein ikkje alltid opplever

- Mangelfull oppfølging av oppgåver og vedtak
- Mangelfull oversikt og kontroll



å få svar på det ein spør om, at oppfølging av politiske vedtak kan ta tid, og at nokre styringsgruppemøte ikkje har blitt gjennomført. Det blir også peikt på at landbrukskontoret har mange viktige oppgåver, og at det til ei viss grad blir stilt spørsmål ved om desse blir tilstrekkeleg godt følgt opp.

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at det har vore eit underforbruk samanlikna med budsjett som følgje av fråvær og vakansar.

Vatn, avlaup og renovasjon

- Gebyr
- Driftsansvar for to nye vasslag

KOSTRA-tal for 2019 viser at årsgebyr for avlaupstenesta er vesentleg lågare i Tysnes kommune (3313 kr) samanlikna med kommunegruppa (4645 kr). Det same gjeld årsgebyret for vassforsyning – dette er på 3360 kr i Tysnes kommune og 4419 kr i kommunegruppa. Når det gjeld renovasjon blir det i budsjett for 2020 vist til at Sunnhordland interkommunale miljøverk vil auke grunngebyret for renovasjon frå 2020. Tysnes kommune kjem dårleg ut på Kommunebarometeret når det gjeld fornying av spillvassnett, og ifølgje Kommunebarometeret er det få kommunar som har dårlegare tal på dette punktet (delen fornya spillvassnett i Tysnes kommune er 0 % i 2019, og 2 % året før). Snittet i 2019 er 0,6 %.

- Mangelfull måloppnåing
- Etterslep på oppgåver
- Brot på lov og regelverk

Det kjem fram i budsjettet at det i 2020 vil vera eit hovudfokus på å sikra at kommunen får eit godt opplegg rundt fagområda vatn og avlaup. På område vatn er det lagt opp til to separate sjølvkostområder frå første året, og målet er at dei to driftsområda skal sameinast i eit sjølvkostområde når dei har fått meir røynsle innanfor arbeidsfeltet.

I intervju blir det peikt på at kommunen støttar seg på Momentum når det gjeld sjølvkost, og at kommunen ikkje har klart å nå dei økonomiske måla innanfor sjølvkost. Det blir peikt på at det er mål om å levere noko betre enn det ein har gjort tidlegare på dette området.

Frå 2020 skal også kommunen ta over driftsansvaret til Tysnes Vassverk og Ugddal Vasslag (tidlegare private vasslag). I intervju blir det peikt på at det er ein potensiell risiko knytt til å overta desse, ettersom kommunen ikkje har hatt direkte erfaring med dette tidlegare. Det blir peikt på at fagområdet vatn i stor grad er regulert, men at det er eit område som det er knytt stor risiko til dersom det ikkje blir gjort rett. I spørreundersøkinga blir det også gitt innspel på at det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor vatn og avløp.

I kommunen si årsmelding for 2018 går det fram at det har vist seg å vere eit etterslep på oppgåvene innanfor avlaup dei siste åra.

Brann og redning <ul style="list-style-type: none"> Ny organisering 	<p>Det blir opplyst i budsjettet at det vert tilrådd å skilja eining for brann og teknisk drift i to ulike einingar fordi bredda i teknisk i dag er for stor for ein leiar. Brannvesenet har blitt tildelt nye oppgåver dei siste åra, og derfor er øvingstimetaleit auka til minimum 54 timar per år.</p> <p>I budsjettet går det også fram at det er sett av mildar til å gjennomføre ei ny ROS-analyse som vil gi viktig informasjon om korleis kommunen bør tilpasse, dimensjonere og trene i høve brann og beredskap framover.</p> <p>I intervju blir det peikt på at tenesta er i utvikling, og det kunne vore interessant å sjå på i kva grad kommunen klarer å følgje opp mellom anna kvalifikasjonskrav, kursing og øvingar.</p> <p>I undersøkinga blir det også peikt på utfordringar knytt til auka bruk av EI-batteri og slukkingsarbeid dersom slike blir påtende.</p> <p>Frå neste år skal fritidsbustader inn under ei pålagt feieordning, men det er behov for ein eigen regulativdel sidan fritidsbustader har andre utfordringar enn alminnelege bustader, i første rekke knytt til framkome.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Ikkje tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å ivareta nye oppgåver
Vedlikehald <ul style="list-style-type: none"> Kommunale bygg Kommunale vegar 	<p>Kommunale bygg: Fleire bygg får merksemd i 2019, dette er nokon av prosjekta til eining for teknisk drift⁴:</p> <ul style="list-style-type: none"> Tysnes skule (200 000 kroner til lys i klasserom m.v) Rådhuset (130 000 kroner til mellom anna skifta av vindauger) Onarheim skule og bufellesskapet på Haugen får 100 000 kvar til nye kjøkken. <p>Tysnes kommune har høgre utgifter til vedlikehald per kvadratmeter enn kommunegruppa (278 kr mot 93 kr i kommunegruppa). I budsjettet for 2020 er det fleire vedlikehaldsprosjekt det ikkje er funne rom til å gjennomføre.</p> <p>Kommunal veg: Det går også fram av budsjettet at utgifter til vedlikehald av veg aukar årleg, og vedlikehaldet i året som kjem bør ha fokus på vedlikehald og vøling av stikkrenner samt grøftereinsk. Det blir peika på at vegen i Vågsmarka byggjefelt ikkje er bygd i tråd med reguleringsplanen, og det er derfor lagt opp til å utvida fortauet på vegen. Deler av vegen er i dårleg stand, og det er dårleg overvasshandtering.</p> <p>Det er fleire i spørjeundersøkinga som peikar på at vedlikehaldsarbeidet i kommunen ikkje er godt nok verken inne eller ute. Det kan til dømes ta</p>	<ul style="list-style-type: none"> Ikkje tilstrekkeleg vedlikehald av kommunal infrastruktur Vedlikehaldsetterslep og høge kostnader

⁴ Det blir opplyst i budsjettet at lista berre er rettleiande og at det kan gjerast justeringar på lista.


fleire år før hol og humpar i vegar blir utbetra, samt at kosting av strøsand ikkje blir utført, noko som kan utgjere trafikkfare og andre ulemper. Det blir også peikt på at oppfølging av trafikksikringsplan går for seint.

3.4 Helse og sosial

Helse og sosial består av fagområda helse, pleie og omsorg, NAV sosial/flyktning og frivillegsentral.

Helseavdelinga består av legekontor, legevakt, fysioterapi, psykisk helse og ergoterapi, og er leia av kommuneoverlege. Under dei kommunale pleie- og omsorgstenestene ligg institusjonstenester, open omsorg (heimetenester) og tenester for utviklingshemma.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til helse og sosial

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Sosiale tenester <ul style="list-style-type: none">SosialhjelpFlyktningtenestaKommunale bustadar	<p>Tal frå Kommunebarometeret (2019) viser at delen mottakarar som har sosialhjelp som hovudinntektskjelde er 10,7 % i Tysnes kommune. Dette er noko høgare enn snittet for landet som er 10,3 %. Snitt stønadslengde for mottakarar mellom 18 og 24 år er også noko lenger samanlikna med landet, men har gått ned frå 2018 til 2019. Delen mottakarar som går over seks månadar stønad er lågare i Tysnes kommune samanlikna med landssnittet (25 % i Tysnes mot 40 % i landet). I årsmelding for 2018 blir et vist til at det er mål om å redusere stønadslengde på sosialhjelp, samt sette føremålstenleg kvalifisering eller aktivitet som vilkår for sosialhjelp.</p> <p>Det går også fram at NAV har som mål å gjere individuelle og konkrete vurderingar av hjelpebehov, og vere tilgjengeleg for og ivareta dei vanskelegast stilte, særleg barnefamiljar.</p> <p>I årsmeldinga for 2019 går det fram at det er auka fokus på å redusere barnefattigdom.</p> <p>I budsjettet for 2020 blir det peika på at endringar i lovverket kring AAP (arbeidsavklaringspengar) har ført til auka utgifter på budsjettet til sosialhjelp. Vidare kjem det fram at det er fleire flyktningar med familie/born som har avslutta introduksjonsprogrammet, men som ikkje har fått seg jobb.</p> <p>Som følgje av auke i sosialhjelp vil kommunen i større grad måtte nytta seg av KVP. Det blir anslått at det er trong for å ha om lag tre deltakarar i KVP i</p>	<ul style="list-style-type: none">Auka kostnadarInnbyggjarar må gå på sosialstønad framfor å vere i arbeidIkkje tilstrekkeleg oppfølging	

året, samt at brukarar av KVP krev tettare oppfølging enn mottakarar av sosialhjelp.

I budsjettet 2020 kjem det fram at flykntingtenesta blir redusert med 1,2 årsverk med verknad frå 2020 som følgje av at det frå 2020 blir redusert frå 10 til 5 deltakarar i introduksjonsprogrammet. Det er utfordrande å få alle flykntingane over i lønna arbeid. Det går fram av årsmelding for 2020 at kommunen ikkje vil få nye flykntingar i 2020.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det er mangel på kommunale bustader.

Rus og psykisk helse

- Auka press på dei kommunale helsetenestene
- Kapasitet og kompetanse

Det blir i kommunen sitt budsjett for 2020 vist til at samhandling mellom kommunal psykiatriteneste og spesialisthelsetenesta stadig blir meir krevjande for kommunen. Det blir peika på at fleire brukarar med angst og depresjonslidingar stort sett konsekvent blir avvist av spesialisthelsetenesta med tilvising til prioriteringsrettleiaren. Vidare blir det opplyst at talet på døgnopphald innanfor spesialisthelsetenesta har blitt redusert, noko som aukar presset på den kommunale tenesta. Psykisk helse sjølv har peika på at dei ønskjer ressursar til innbu, programvare og tilrettelegging for høve til å gjennomføre videokonferansar.

- Brot på lov og regelverk

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det peikt på at det er vanskeleg rekruttere støttekontakt og at fleire brukarar har behov for dette.

I årsmeldinga for 2018 blir det også vist til at samhandling mellom lege, heimesjukepleie, sjukeheim, politi, NAV og TIAS er viktige faktorar for å sikre god oppfølging av den enkelte brukar, og at samhandling kan bli betre internt i kommunen. I årsmelding for 2019 blir det vist til at samhandlinga har betra seg og at ein har funne møtepunkt for samhandling. I årsmeldinga for 2019 blir det også vist til at delen pasientar med milde til moderate problem har ei stor auke.

Når det gjeld rusomsorg i kommunen går det fram i årsmeldinga frå 2018 at NAV vil ha fokus på heilskapelege tenester innan rus/psykiatri og førebygging rundt dette. Det går fram at kommunen har etablert eit ROP-team som dei har fått tilskot til, men at det i 2018 var utfordrande å bruke midlane grunna sjukefråvær og vakanse. I årsmeldinga for 2019 går det fram at tilskotet også blei søkt i 2019, men at det også då var utfordrande å nytte seg av midlane av dei same årsakene. Det går fram at personar med rus og unge tenestemottakarar likevel har fått tett oppfølging. Det blei ikkje gjennomført møter i ROP-teamet i 2019, men vil bli gjenopptatt i 2020 i følgje årsmeldinga.



Fylkesmannen gjennomførte i 2016 tilsyn med helse- og sosiale tenester til personar med samtidig rus og psykisk lidning. Det blei ikkje avdekka avvik frå lov eller forskrift.

Pleie og omsorg

- Rekruttering
- Vikarbruk
- Velferdsteknologi

KOSTRA-tal frå 2019 viser at delen innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på sjukeheim er noko lågare i Tysnes kommune (11,6%) samanlikna med kommunegruppa (12,5 %), medan delen innbyggjarar over 80 år som brukar heimetenester er noko høgare i Tysnes kommune (42,2 %) samanlikna med kommunegruppa (35,3 %). Den nasjonale politikken etterstrebar at folk skal kunne bu heime så lenge som mogeleg med hjelp og tilrettelegging. Tal frå Kommunehelsetilstanden 2019 viser at gjennomsnittleg tal på tildelte timar heimesjukepleie i veka er lågare i kommunen enn snittet for landet; 2,7 timar i Tysnes mot 4,8 for landssnittet.

Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon er ifølgje KOSTRA høgare i Tysnes kommune (4560 kr) samanlikna med kommunegruppa (3782 kr).

I budsjettet 2020 blir det opplyst at pleie og omsorgstenesta er budsjettert med faste ressursar og inntak av vikarar i samband med ferie og ein del anna fråvær. Det er ikkje sett av eigne midlar til kjøp gjennom vikarbyrå, og det kan liggja ei slagside i dette.

Det går fram av budsjettet at det er trong for å styrke tenesteområdet med 1,5 årsverk, hovudsakeleg for å auke bemanning for kveld og midlar for å auke ein del stillingar som har kortare vakter.

Det blir vidare opplyst i budsjettet at rekruttering innan tenesteområdet open omsorg er utfordrande. Det er vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar til stillingar, og dette kan gje noko meirforbruk av vikarar. Det er sett i gong eit prosjekt i kommunen i samarbeid med tillitsvalde for auka grunnbemanning i pleie og omsorg, som er i prosess i 2020.

I spørjeundersøkinga kjem det fram det er mykje bruk av vikarar, kapasitetsutfordringar og at fleire eldre ikkje er nøgd med tenestetilbodet. Det blir og peika på at det er noko ventelister innan tenesta. Det blir også vist til at det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon av arbeidstilhøva på omsorgssenteret og i heimetenesta.

Når det gjeld bemanning, viser tal frå Kommunehelsetilstanden 2019 at delen tilsette med fagutdanning var på 67 % i Tysnes kommune, medan snittet for landet er 75 %.

- Ikkje tilstrekkeleg kompetanse
- Budsjettoverskriding



Tenesteområdet arbeider med omsorgsteknologi, og i første omgang har dagens tryggleiksalarmar blitt erstatta med Smartvakt. Frå våren 2020 blir DigiHelse tatt i bruk.

Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av pleie- og omsorgstenestene i Tysnes kommune i 2019, der både kapasitet, kompetanse og bruk av velferdsteknologi var tema.

Fylkesmannen gjennomførte i 2019 tilsyn med Tysnes omsorgssenter innanfor temaet helsehjelp gitt med tvang etter pasient- og brukarrettslova. Det blei ikkje avdekka brot på lov eller forskrift innanfor tilsynstemaet.

Tenester til funksjonshemma

- Bustad
- Tenester
- Kapasitet og kompetanse

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufelleskap og dagsenter.

Det kjem fram i budsjettet 2020 at tenestemottakarane på Vågsmarka bufellesskap sine behov endrar seg i takt med alder og sjukdomsbilete. Både bufellesskapa på Vågsmarka og på Haugen har trong for ettersyn og oppgraderingar.

I Kommunebarometeret blir det vist til at tal frå Helsedirektoratet viser at 85 % av dei funksjonshemma i Tysnes kommune får den hjelpa dei treng for å kunne delta i arbeid og studiar (dei beste kommunane ligg på 98,1 %), medan berre 59 % synes dei får dekkja behovet for bistand til å delta i fritidsaktivitetar.

I spørjeundersøkinga blir det peikt på at det bør undersøkast korleis ressursar til menneske med nedsett funksjonsevne blir vurdert, og at det er ei utfordring at ein del psykisk utviklingshemma ikkje får auka opp tenesteniåvet når behovet deira aukar og endrar seg.

Når det gjeld støttekontakt, både innan helse og psykisk helse, blir det peikt på at kommunen klarer å innfri, men at det kan vere utfordrande å få inn støttekontakt. Det blir ikkje meldt om særskilte utfordringar knytt til personar med behov for brukarstyrt personleg assistanse (BPA).

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at Haugen bufellesskap stadig har fokus på å styrke arbeidsmiljøet for å redusere sjukefråvær, men at fråværet i periodar har vore høgt og at det har vore vanskeleg å dekke inn alle vakter. Når det gjeld Vågsmarka blir det peikt på at det til tider er utfordrande å ha rett bemanning på jobb til ei kvar tid med omsyn til vedtak og krav frå Fylkesmannen.


- Brot på lov og regelverk



Fysio- og ergoterapi

I kommunen si årsmelding for 2019 blir det vist til at det har vore god kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen, men at situasjonen for den kommunale tenesta er sårbar som følgje av at ein har deltidsstillingar. Det blir også vist til behov for meir kapasitet og rom for meir tverrfagleg samarbeid. På ergoterapisida blir det ikkje meldt om særskilte utfordringar, men det går fram at det er noko ventetid for andre saker enn akuttsaker (1 til 4 veker).

I budsjettet for 2020 kjem det fram at det er trong for betre kapasitet til å følgje opp rehabiliteringsplanen som ligg til høyring og betre tilbodet om psykomotorisk fysioterapi for born. Det har ikkje blitt funne rom for ytterlegare ressursar til dette i budsjettet for 2020.

- Ikkje tilstrekkeleg kapasitet
- 


Legetenester

- Vikarbruk
- Rekruttering på sikt
- Legevakt

Tysnes kommune har i motsetning til ein del andre kommunar legar som er fast tilsett i kommunen. I intervju blir det vist til at kommunen har hatt ei stabil legedekning, og at det ikkje er kapasitetsutfordringar når personalet er stabilt, men at systemet er sårbart på sikt mtp. rekruttering av nye fastlegar til kommunen. I årsmeldinga for 2019 blir det vist til at det har vore litte ustabil situasjon når det gjeld legedekning i 2019 som følgje av permisjonar, og at dette har gitt ei meir kostnadskrevjande teneste. I Kommunebarometeret blir det vist til at det er ledig plass på 67 % av fastlegelistene.

Det blir opplyst i budsjettet 2020 at det er berekna auka inntak av vikarar i feriar og at legekontora trong meir ressursar til innbu og utstyr. I intervju blir det vist til at det også har vore noko vikarbruk som følgje av permisjonar, og at tenesta ikkje har klart å halde budsjett som følgje av dette.

Kommunen har eigen legevakt. For å sikre forsvarleg gjennomføring av vakt er det nytta noko vikarlegar i samband med avvikling av ferie og anna fråvær, i følgje kommunen si årsmelding. Det blir også vist til at eit stadig større innslag av digitale og IT-baserte tenester gjer kommunen stadig meir sårbare, både i høve kritisk infrastruktur som internett, telefoni og straum, men også i høve personvern og IT-tryggleik, og at det bør arbeidast vidare med å finne ein balanse i risiko og sårbarheit i møte med desse utfordringane.

- Sårbare tenester
 - Auka kostnader ved vikarbruk
- 

4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnyttan
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekka moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Tysnes kommune har eigarskap i fire selskap som er deleigd med kommunar og/eller fylkeskommunar og 11 selskap som er deleigd med private eller statlege aktørar. Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelte selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen og informasjon som er kome fram i undersøkinga. Der det har kome fram opplysningar som tyder på at det er risiko knytt til eigarskapet eller drifta i selskapet, vil dette kommenterast. Det vil òg bli kommentert om det dei siste åra har blitt gjennomført selskapskontroll av selskapet, og – der det er relevant – om eventuelle kommunesamanslåingar blant andre eigarar har vesentlege konsekvensar for enten selskapet eller for eigarskapet til Tysnes kommune.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Tysnes kommune full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommunelova §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 12,5 %

Selskapet er eit interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Samfunnsansvar

Verksemnda er eigd av åtte sunnhordlandskommunar som kvar har ein eigarbrøk på 12,5 %. Nøkkeltala viser at verksemnda har hatt solid økonomi dei siste åra.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1 949	1 652	1 494
Inntekter	3 870	3 664	3 642
Resultat før skatt	297	157	309
Likviditet	11,41	9,08	8,53
Soliditet	28,52 %	29,05 %	26,57 %

Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 5,57 %

Føremålet til selskapet er innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane og bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Delt offentleg eigarskap
- Vesentlege verdiar
- Samfunnskritiske tenester

SIM er eigd av syv kommunar kor Stord kommune er største eigar med 31,1 % av eigarskapet. Selskapet har hatt jamne inntekter og aukande eigenkapital dei siste åra. Mellom 2017 og 2018 auka verksemnda årsresultatet med om lag sju millionar kroner.

Det blei gjort selskapskontroll av selskapet i 2012.

Verksemnda har eigarinteresser i Slab AS (6,72 %) og Rekom AS (4,18 %). Desse er ikkje omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10 på grunn av innslag av private eigarinteresser.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	192 380	181 724	178 680
Inntekter	89 506	89 096	87 329
Resultat før skatt	11 688	3 574	1 900
Likviditet	7,04	7,82	8,96
Soliditet	70,57 %	65,62 %	65,60 %

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 1,92 %	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av 24 kommunar.
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Samfunnsansvar 	Siste innsendte årsrekneskap til Brønnøysundsregisteret var i 2005, og revisor har ikkje hatt tilgang til nyare rekneskap.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Krisesenter vest IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 1,65 %	Verksemda skal på vegne av eigarkommunane sikre etterleving av krisesenterlova § 2 a), b) og c). Verksemda skal vere eit rådgivande organ for eigarkommunane i etterleving av § 2 d) i krisesenterlova. Verksemda har ikkje som føremål å drive verksemd som gir utbytte til eigarkommunane.
Nøkkelpunkt	Verksemda er eigd av 16 kommunar på vestlandet.
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme • Samfunnsansvar • Direkte tenestetilbod til eigarane • Samfunnskritisk oppgåve 	Det føreligg ikkje offentleg tilgjengeleg årsrekneskap.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

4.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Tysnes industri AS (TIAS)	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 67,11 %	Føremålet til selskapet er å skapa varige arbeidsplassar for yrkeshemma med så låg arbeidsevne at dei ikkje kan gjera seg nytte av andre arbeidstilbod. Verksemda skal produsere varer og tenester for lokal industri, utvikling og produksjon av varer og tenester som kan seljast på den vanlege marknaden og handel. Selskapet sitt overskot skal vera i verksemda og disponerast til føremål som styrkjer drifta framover.
Nøkkelpunkt	Tysnes kommune er største eigar i verksemda med 67,11 % av eigarskapet. Det går ikkje fram av Bisnode Smartcheck eller Rekneskapstal kven som eig dei resterande 32,89 % av verksemda, og det er derfor uklart om selskapet er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10 eller ikkje. I intervju blir det peikt på at verksemda yt ei veldig viktig teneste, og at det kunne ha vore teneleg å hatt ein gjennomgang av verksemda. Det blir stilt spørsmål ved kor tett oppfølging det er frå kommunen si side.
<ul style="list-style-type: none"> • Omdøme og etikk • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Viktig teneste for brukarane • Samfunnsansvar 	Nøkkeltala viser at verksemda generelt sett har hatt solid økonomi dei siste åra, men verksemda gjekk i underskot i 2018.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018 2017 2016

Tysnes industri AS (TIAS)			
Eigenkapital	6 312	6 694	6 132
Inntekter	7 095	6 733	6 199
Resultat før skatt	-383	562	320
Likviditet	3,93	4,64	4,29
Soliditet	62,37 %	62,24 %	59,63 %

Tysnespakken AS

Selskapet sitt føremål Å auke innbyggjartalet i Tysnes kommune ved marknadsføring av Tysnespakken. Verdiar som blir skapt i selskapet eller som blir tilført skal disponerast i tråd med føremålet og kan ikkje utbetalast som utbytte til aksjonærar.

Eigardel: 35 %

Nøkkelpunkt

Tysnes kommune, Tysnes kraftlag og Tysnes sparebank eig verksemda med høvesvis 35 %, 35 % og 30 % av aksjane kvar.

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar

Nøkkeltala viser at verksemda ikkje har hatt inntekt dei siste to åra, med negativt resultat, negativ eigenkapital, og dårleg både likviditet og soliditet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	-452	-443	-414
Inntekter	0	0	62
Resultat før skatt	-9	-19	26
Likviditet	0,1	0,03	0,08
Soliditet	-999,99 %	-999,99 %	-999,99 %

Våge hamn AS

Selskapet sitt føremål Føremålet med verksemda er kaiutleige med tilhøyrande verksemd.

Eigardel: 13,48 %

Verksemda er eigd av Tysnes kommune og ei rekke private aktørar. Brekke eiendom er største eigar med 22,47 % av eigarskapet. Nøkkeltala synar at Våge hamn har jamn eigenkapital og jamne inntekter, men at verksemda gjekk i underskot i 2016 og 2017. Likviditeten har ikkje vore tilfredsstillande nokon av dei tre siste åra.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Direkte tenestetilbod til eigarane
- Delt eigarskap med private aktørar

I intervju blir det peikt på at det er lett å «trå feil» når det gjeld habilitet knytt til Våge hamn, men det blir elles ikkje vist til særskilte risikoar knytt til dette selskapet.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	699	670	773
Inntekter	393	367	299
Resultat før skatt	45	-128	-135
Likviditet	0,18	0,04	0,16
Soliditet	27,97 %	26,31 %	28,09 %

Tysnes kraftlag AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 7,72 %

Verksemnda sitt føremål er å eiga aksjar i BKK AS. Selskapet kan også driva, delta i eller samarbeida med andre selskap om digital kommunikasjon, bygde- og næringsutvikling og andre aktivitetar med forretningsmessig tilknytning til Tysnes Kraftlag SA sitt konsesjonsområde per 1. januar 2018 (seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet").

Nøkkelpunkt

Tysnes kraftlag AS var fram til 2018 eit samvirkeføretak. I 2018 endra verksemnda selskapsform til AS og blei innfusjonert i BKK-konsernet.

Tysnes kraftlag AS er eigd av Tysnes kommune og ei rekke private aktørar. Tysnes kraftlag AS er største eigar i seg sjølv med 11,29 % av aksjane. Nøkkeltala viser at eigenkapitalen og resultatet til verksemnda auka monaleg mellom 2017 og 2018. Samtidig gjekk inntektene ned med om lag 46 millionar kroner. Verksemnda hadde ikkje tilfredsstillande likviditet i 2016, men har hatt det dei to siste åra.

- Omdøme og etikk
- Samfunnsansvar
- Delt eigarskap med private aktørar
- Tysnes kraftlag AS blei ein del av BKK-konsernet i juli 2018

I intervju blir det peikt på at selskapet deler ut relativt store ubundne midlar (om lag 10 mill. kr. per år) til almenne formål, og at midlane har stor betydning for Tysnessamfunnet. Det blir peikt på at det kunne vore interessant å sett på kva eigarstrategi kommunen har for dette selskapet, og kva forventningar som blir stilt.

Tysnes kraftlag har eigarinteresser i følgjande selskap som ikkje er omfatta av §§ 23-6 og 24-10:

- Tysnespakken AS (35 %)
- Tysnes kraftlag AS (11,29 %)
- Bladet Tysnes AS (9,97 %)
- Våge Hamn SA (8,98 %)
- Sunnhordlandsambandet AS (3,7 %)
- BKK AS (1,7 %)
- Tidal sails AS (0,086 %)

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	356 425	118 223	111 950
Inntekter	541	46 442	48 706
Resultat før skatt	239 019	8 383	7 454
Likviditet	1,72	1,42	1,21
Soliditet	97 %	82,43 %	77,49 %

Sunnhordlandsambandet AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 7,41 %

Føremålet er å arbeida for at ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen kjem med i NTP. Når Sunnhordlandsambandet er komen inn i NTP, skal selskapet arbeida for at Sunnhordlandsambandet vert realisert.

Nøkkelpunkt

Sunnhordlandsambandet AS har over 170 eigarar, både private verksemder og kommunar. Dei største eigarane er Meidell AS (11, 119 %), Tysnes Sparebank (11,11 %) og Alsaker Fjordbruk (11,11 %).

- Omdøme
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Nøkkeltala viser at verksemnda ikkje hadde inntekter i 2016 og 2017, men byrja å få inntekter igjen i 2018.

Sunnhordlandsambandet AS

I følge Bisnode Smartcheck har selskapet i 2014, 2015, 2016 og 2017 erverva egne aksjar i strid med aksjelova § 9-3. Selskapet eig sjølv 1,927 % av aksjane. Det går også fram av Bisnode at det var knytt usikkerheit til fortsett drift i selskapet i 2017.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	49	41	45
Inntekter	520	0	0
Resultat før skatt	8	-4	-212
Likviditet	25	2,86	1,42
Soliditet	98 %	65,08 %	29,80 %

Opero AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 3,25 %

Målsettinga til verksemda er å utvikle og gje yrkesmessige tilbod om arbeidsinkludering med siktemål om å føra arbeidstakarar attende til, eller inn i, ordinært arbeid. Verksemda skal og gje tilbod om utprøving og avklaring med tanke på framtidig val av arbeid og utdanning.

Nøkkelpunkt

- Etikk og omdøme
- Direkte tenestetilbod til innbyggjarane
- Delt eigarskap med private aktørar
- Samfunnsansvar

Stord kommune er største eigar med 28,03 % av eigarskapet. Vestland fylkeskommune, Sør-Norge aluminium og sju andre kommunar har også eigardel.

Nøkkeltala viser at verksemda har solid eigenkapital og jamne inntekter, men at resultatet har minka dei siste tre åra.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	17 120	16 191	15 053
Inntekter	38 388	36 903	37 086
Resultat før skatt	475	571	1 747
Likviditet	1,47	1,39	1,25
Soliditet	57,18 %	55,56 %	49,35 %

Bladet Tysnes AS

Selskapet sitt føremål

Eigardel: 2 aksjar (0,454 %)

Føremålet til selskapet er å gje ut bygdebladet Tysnes. Tysnes skal fyrst og fremst vera eit bygdeblad og ei lokalavis for folk busette i Tysnes kommune og distriktet ikring, men og eit kontaktledd for utflytte tysnesingar og eigarar av fritidseigedomar i Tysnes.

Nøkkelpunkt

- Omdøme

Største eigar i Bladet Tysnes er Tysnes Kraftlag AS med 9,97 % av eigarskapet. Det er også ei rekke med private aktørar som har eigardel i verksemda. Kommunen opplyser at dei ikkje kan sjå at dei har eigarskap i selskapet, medan det i bedriftsdaten Proff går fram at Tysnes kommune i 2018 var eigar av to aksjar i selskapet.

Nøkkeltala viser at verksemda gjekk i underskot i 2016 og 2017, men at økonomien til verksemda elles er solid.

Bladet Tysnes AS			
<ul style="list-style-type: none"> Delt eigarskap med private aktørar Samfunnsansvar 	Verksemnda har eigarinteresser i seg sjølv (2,49 %) og Lokalavissamkjøringa landet rundt AS (1,66 %) som ikkje er omfatta av §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1 892	1 730	1 887
Inntekter	5 697	5 615	5 577
Resultat før skatt	163	-158	-257
Likviditet	1,8	1,69	1,89
Soliditet	57,39 %	55,91 %	52,61 %
Fjord Norge AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,12 %	Føremålet med verksemnda er internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særleg verte arbeidet med sesongutviding.		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at Fjord Norge har stabil eigenkapital og stigande inntekter. Økonomien er generelt sett solid. Visit Bergen er største eigar i selskap med 11,32 % av eigarskapet. Verksemnda er også eig av ei rekke med fylkeskommunar, kommunar og private aktørar.		
<ul style="list-style-type: none"> Omdøme Delt eigarskap med private aktørar 	Verksemnda har eigarinteresser i seg sjølv (1,2 %) og den nyoppstarta verksemnda Varde opplevelseskvalitet AS (eigardel kjem ikkje fram av Bisnode Smartcheck) som ikkje er omfatta av §§ 23-6 og 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	5 358	5 355	5 350
Inntekter	41 885	36 893	38 460
Resultat før skatt	63	35	72
Likviditet	1,47	1,74	1,83
Soliditet	32,92 %	43,93 %	47,04 %
Biblioteksentralen AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel:	Biblioteksentralen SA skal mellom anna være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek og hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at verksemnda auka eigenkapitalen monaleg mellom 2016 og 2017, samstundes har inntektene minka og verksemnda gjekk i underskot i 2016 og 2018.		
<ul style="list-style-type: none"> Omdøme Delt eigarskap med private aktørar Samfunnsansvar Samvirkeføretak 	Verksemnda har følgjande dotterselskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10: <ul style="list-style-type: none"> BS Eiendom AB20AS (100%) BS Undervisning SA (100%) Norsk bibliotektransport S (100%) BS Lab AS (100%) 		

Biblioteksentralen AS

- Axiell Norge AS (100%)
- Edda bokhandel AS (100%)

Verksemda har også eigarinteresser i BS Eurobib AS (50 %) og ABM-Media AS (0,25 %) som også fell utanfor kommunelova §§ 23-6 og 24-10.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	289 235	296 362	237 540
Inntekter	125 324	131 980	136 941
Resultat før skatt	-7 127	58 822	-19 810
Likviditet	4,58	4,91	5,23
Soliditet	63,53 %	62,58 %	86,53 %

Onarheim vassverk SA

Selskapet sitt føremål

Eigardel: ukjent

Føremålet til verksemda er å syta for vassforsyning til Onarheim Sokn ved utbygging og drift av vassverk.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Samfunnskritisk teneste
- Samvirkeføretak

Onarheim vassverk SA eig 30% av verksemda Tysnes vassdrift AS som ikkje er omfatta av §§ 23-6 og 24-10. Tysnes vassverk og Uggdal vasslag var tidlegare også eigarar i Tysnes vassdrift, men kommunen har nyleg teke over drifta av desse to selskapa. Tysnes vassdrift AS sitt føremål er å levere tenester innan drift og administrasjon av vassverk og vassforsyningsnett til sine eigarar.

Det er ikkje tilgjengeleg årsrekneskap i Brønnøysundregisteret.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

Ikkje tilgjengeleg

Lunde vasslag SA

Selskapet sitt føremål

Eigardel: ukjent

Føremålet med selskapet er uttak frå kilde, rensing og distribusjon av vatn.

Nøkkelpunkt

- Omdøme
- Samfunnskritisk teneste
- Samvirkeføretak

Det er ikkje tilgjengeleg årsrekneskap i Brønnøysundregisteret.

Nøkkeltal (i heile tusen NOK)

Ikkje tilgjengeleg

4.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak, vertskommunesamarbeid, stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon i selskap. Kommunale føretak og vertskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Vi har likevel laga ei samla liste under for ulike samarbeid/interesser til kommunen:

Interkommunale samarbeid:

- Interkommunalt samarbeid om landbruk med Bjørnafjorden og Samnanger
- Interkommunalt samarbeid om skattetenester med Bjørnafjorden kommune ⁵
- Interkommunalt samarbeid om PP-tenester med Stord og Fitjar⁶
- Innkjøpssamarbeid i Sunnhordland

Andre:

- Bergen og omland friluftsråd
- Eigenkapitalinnskott i KLP

⁵ Kommunen opplyser at staten skulle overta pr. 1 juni 2020, men som følge av koronasituasjonen er dette utsatt til 1. november. Avtale med skatteoppkrevjar i Bjørnafjorden er forlenga til denne datoen med ordinære vilkår.

⁶ Tidlegare hadde kommunen avtale med Os kommune om PP-tenester.

5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Tysnes kommune har eigarskap (kapittel 4), presenterer vi i dette kapitlet vurderingane av kor i Tysnes kommune si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til kommunestyret.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Dei identifiserte risikoområda/-selskapa er sett opp i uprioritert rekkjefølgje. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av og rekkjefølgje for eigarskapskontrollane i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Tabellen under viser identifiserte risikoområda/-selskap knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 7: Identifiserte risikoområder knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning

Område/selskap	Eigardel	Observasjonar	Risikoområde
Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	IA	Kommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret minst ein gong i valperioden (§ 26-1). Kommunen si eigarskapsmelding er frå 2013. I intervju blir det peikt på eigarskapsstyring er eit område kommunen har manglar på, men at det kan diskuteras kor stor risikoen er, ettersom det i liten grad er vesentlege oppgåver som er sett ut til andre. Ingen av respondentane i spørjeundersøkinga hadde merknadar til kommunen si eigarskapsforvaltning. Ein del svarar «veit ikkje» på spørsmål om det er knytt særskilt risiko til nokre av selskapa kommunen har eigarskap i.	<ul style="list-style-type: none"> System og rutinar for oppfølging av eigarskap Rutinar for val av styrerepresentantar Opplæring av styrerepresentantar og Rapportering til kommunestyret
Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter	67,11 % og 3,25 %.	Kommunen har eigarskap i to arbeidsmarknadsbedrifter (Tysnes industri AS og Opero AS). Dette er selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Slike	<ul style="list-style-type: none"> Økonomi og drift Tilfredsstillande tilbod til brukarar Ikkje forsvarleg oppfølging Brot på HMT

		selskap har ofte utfordrande driftsvilkår, og skal drive delvis i konkurranse med andre, med krav til internkontroll og HMT. Tilbudet krev også god og tett oppfølging av brukarane.	<ul style="list-style-type: none"> • Manglande utvikling for tiltak
Tysnes kraftlag	7,72 %	Tysnes kommune er største eigar i selskapet. Selskapet deler kvart år ut midlar til lokale prosjekt og aktørar som driv med frivillig arbeid, både for barn, ungdom og vaksne.	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Krav og forventningar • Rapportering til kommunestyret
Eigarskapskontroll av Sunnhordaland interkommunale miljøverk IKS	5,57 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer samfunnskritiske tenester. Selskapet ser ut til å ha ei relativt stabil drift. Det er åtte år sidan siste selskapskontroll.	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunestyret
Eigarskapskontroll av Krisesenter vest IKS	1,65 %	Selskapet er eigd av fleire kommunar, og leverer kritiske tenester til ei svært sårbar brukargruppe. Det er uvisst korleis økonomien i selskapet er.	<ul style="list-style-type: none"> • Økonomi og drift • Tilfredsstillande tilbod til brukarar • Ikkje forsvarleg oppfølging • Brot på HMT • Manglande utvikling for tiltak

6. Gjennomførte og planlagde forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

I førre planperiode blei det gjennomført forvaltningsrevisjon av:

- Plan og bygg (2015-2016)
- Helsestasjon og skulehelsetenesta (2018)
- Pleie- og omsorgstenestene (2019)

Tidlegare har det dessutan vore gjennomført forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning (2012-2013) og legetenesta (2011).

6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap

- Selskapskontroll av SIM IKS (2012)

6.1.3 Eigarskapskontroll

Selskapskontrollen nemnt over, omfatta også eigarskapskontroll.

6.2 Tilsyn

Det er gjennomført fleire statlege tilsyn med Tysnes kommune dei siste åra. I 2019 gjennomførte Fylkesmannen tre tilsyn i Tysnes kommune; kommunen sitt arbeid med meldingar og undersøkingar som gjeld mistanke om vald og overgrep (barnevern), kommunal beredskapsplikt og helsehjelp gitt med tvang etter pasient- og brukarrettslova ved Tysnes omsorgssenter.

I 2016 blei det gjennomført tilsyn med kommunale helse- og sosiale tenester til personar med samtidig rus og psykisk lidning.

I følgje nettsidene til Fylkesmannen i Vestland er det ikkje planlagt statlege tilsyn med Tysnes kommune i 2020.

7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar i Tysnes kommune.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under.

7.1 Forvaltningsrevisjon

7.1.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 8: Raude prosjekt

Prosjekt	Tema
• Sjukefråvær og personalforvaltning	<i>Tiltak for å redusere sjukefråvær Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med krav i lov- og regelverk System og rutinar for personalforvaltning</i>
• Internkontroll og kvalitetsarbeid	<i>Internkontroll Kvalitetssystem Avvikshandtering Avvikskultur</i>
• Informasjonstryggleik, personvern og GDPR	<i>System og rutinar Etterleving av lovkrav</i>
• Journalføring og arkivering	<i>System og rutinar Etterleving av lovkrav</i>
• Innkjøp	<i>System, rutinar og kompetanse for gjennomføring av innkjøp i samsvar med regelverk Bruk av rammeavtalar</i>
• Kontrakts- og leverandøroppfølging	<i>Rutinar for leverandør- og kontraktsoppfølging Etterleving av rutinar Kontroll av utvalde kontraktar</i>
• Styring av investeringsprosjekt	<i>Prosjektplanlegging Prosjektstyring</i>
• Opplæringstilbodet til minoritetsspråklege	<i>Tilbod og omfang av opplæringa Regeletterleving</i>
• Tilpassa opplæring, spesialundervisning og samarbeid med PPT	<i>Etterleving av opplæringslova og forvaltningslova Samarbeid med PPT på individ- og systemnivå</i>
• Barnevern	<i>Kostnadar Regeletterleving og sikring av barns rettar Organisering</i>
• Helsestasjons- og skulehelsetenesta inkl. helsestasjon for ungdom	<i>Ivaretaking av oppgåver i samsvar med krav i forskrift og nasjonale retningslinjer Kapasitet og kompetanse</i>
• Psykisk helse for barn og unge	<i>Kapasitet og kompetanse Regeletterleving</i>
• Plan og byggesak	<i>Regeletterleving Service, råd og rettleiing Gjennomføring av uavhengig kontroll og føretakstilsyn</i>

• Brann og redning	<i>Etterleving av brann- og eksplosjonsvernlova Kvalifikasjonar og kompetanse Internkontroll og HMS</i>
• Landbruk	<i>Interkommunalt samarbeid Oppfølging av oppgåver Regeletterleving</i>
• Psykisk helse- og rusteneste	<i>Kapasitet og kompetanse Regeletterleving</i>
• Tenester til funksjonshemma	<i>Sakshandsaming i samsvar med regelverket Utgreining og revurdering av tenestebehov Vedtak om tenester Bustad Støttekontakt</i>
• Krisesenter Vest AS	<i>Verksemdsstyring Internkontroll Økonomistyring Kompetanse og kapasitet Rutinar og retningslinjer Oppfølging av brukarar</i>
• Tysnes industri AS	<i>Verksemdsstyring Internkontroll Økonomistyring Kompetanse og kapasitet Rutinar og retningslinjer Oppfølging av brukarar</i>
• Sunnhordaland interkommunale miljøverk IKS	<i>Verksemdsstyring Internkontroll Økonomistyring</i>

7.1.2 Andre prosjekt (gule)

Tabell 9: Gule prosjekter

Prosjekt

- Samfunnstryggleik og beredskap
- Sakshandsaming og oppfølging av politiske vedtak
- Planarbeid i kommunen
- Næringsarbeid
- Digitalisering
- Kommunen sitt arbeid med å ivareta klima, miljø og berekraft
- Kulturområdet
- Samarbeid på tvers i oppvektssektoren
- Kvalitet i grunnskulen
- Trygt og godt skulemiljø
- Kompetanse og kapasitet i barnehage
- Sosiale tenester i NAV
- Pleie og omsorg
- Fysio- og ergoterapitenester i kommunen
- Legetenester og legevakt
- Kommunalt vedlikehald på veg og bygg

- Vatn og avlaup

7.2 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll kan inngå som ein del av ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå førre liste), eller den kan gjennomførast som eigne prosjekt der fokuset berre er på kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap.

Tabell 10: Aktuelle prosjekt

Prosjekt	Tema
<ul style="list-style-type: none"> • Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapa</i> <ul style="list-style-type: none"> ○ <i>Eigarmelding</i> ○ <i>Eigarstrategi</i> ○ <i>Eigaroppfølging</i> • <i>Rutinar for val av styrerepresentantar</i> • <i>Opplæring av styrerepresentantar</i> • <i>Rapportering til kommunestyret</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Eigarskapskontroll av kommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapet</i> • <i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> • <i>Rapportering til kommunestyret</i> • <i>Økonomi og drift</i> • <i>Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Tysnes kraftlag 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapet</i> • <i>Krav og forventningar til selskapet</i> • <i>Rapportering til kommunestyret</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Sunnhordaland interkommunale miljøverk 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskap</i> • <i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> • <i>Rapportering til kommunestyret</i>
<ul style="list-style-type: none"> • Krisesenter vest IKS 	<ul style="list-style-type: none"> • <i>System og rutinar for oppfølging av eigarskap</i> • <i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> • <i>Rapportering til kommunestyret</i> • <i>Økonomi og drift</i> • <i>Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane</i>



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/78-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	19/20	14.05.2020

Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2019

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2019

Samandrag

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2019. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå kontrollutvalet.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsmelding 2019 for kontrollutvalet

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2019. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk. Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatane av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»

Konklusjon

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.



TYSNES KOMMUNE

ÅRSMELDING 2019

FOR KONTROLLUTVALET I

TYSNES KOMMUNE



1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

2 **Samansetjing av kontrollutvalet.**

Kontrollutvalet for perioden 2015 – 2019 er slik samansett :

Medlemmer :

Britt Sørensen Dalsgård, (Ap), leiar
Lorentz Lunde, (Krf), nestleiar
Patrick Russel Madsen (Ap)

Magne Ivar Fauskanger (Frp)
Kirsten Gunn Epland (H)

Varamedlemmer :

Vara for Ap og Krf:

1. Lars Enes, (Krf)
2. Lene Bergesen Kleppe, (Ap)
3. Inger Johanne Røssland (Ap)

Vara for 4 og 5:

1. Helge Hauge (Sp)
2. Linbjørg Lunde, (V)
3. Arne Onarheim, (H)

Kontrollutvalet for perioden 2019 – 2023 er slik samansett :

Medlemmer :

Lorentz Lunde, (Krf), leiar

Britt Ersvær (Ap), nestleiar

Lars Heine Kåsa (Sp)

Kåre Haugland (Frp)

Sigvard Michael Madsen (H)

Varamedlemmer :

Vara for Krf:

1. Lars Enes
2. Monica Lavik Frøkedal

Vara for Ap:

1. Gerhard Stoltz

Vara for Sp:

1. Linn Frøkendal
2. Helge Hauge

Vara for Frp:

1. Marit Gunn Daland

Vara for H:

1. Egil Bjarne Berge
2. Ingrid Sunde
3. Kirsten Gunn Epland

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Patrick Russel Madsen var kommunestyremedlem. I det nye utvalet er Sigvard Michael Madsen kommunestyremedlem.

3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2019**

- Kontrollutvalet hadde 5 møter i 2019, og handsama 54 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste møta.

- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på alle møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

4 **Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Tysnes kommune. Kari Nygård og Helge Inge Johansen har utført sekretæroppgåver på kontrollutvaldsmøta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Tysnes, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Samnanger, Askøy og Vaksdal. Sekretariatet utfører og sekretariatstenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet i Tysnes kommune gjeld frå 01.01.2017 til 30.06.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år.

5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Tysnes kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2020. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Bjarne Ryland, som i tråd med regelverket har lagt fram eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune.

6 **Forum for kontroll og tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Tysnes kommune er medlem i FKT. Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som melding til kontrollutvalet.

7 **Opplæring**

Det er ikkje gjennomført kurs i 2019. Det vart vedteke i kontrollutvalsmøte 05.03.2019 å ikkje tinga kurs, grunna at ein no er i slutten av valperioden, og at det nye kontrollutvalet og må få opplæring. Det vart mellom anna vedteke at kurs for det nye kontrollutvalet vert å ta opp i samband med eit av dei første møta i nytt utval.

8 **Tysnes kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling.**

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida til Tysnes kommune er lagt til rette på ein god måte. Kontrollutvalet brukar lese Brett på møta sine, og får innkalling til møta elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt, og at innkallingar og protokollar vert lagt ut. Innkallingar og protokollar for kommunestyret, formannskap og hovudutval, der ein kan henta ut relevant informasjon for kontrollarbeidet, er ikkje tilrettelagt på ein optimal måte med omsyn til å henta ut informasjon. Det vert arbeida vidare med å få på plass gode rutinar for dette.

9 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «*Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.*». Kontrollutvalet vil følgja opp kommunestyret sitt vedtak og etterspørja informasjon om arbeid med oppfølging av dei tiltaka som er påpeika i forvaltningsrevisjonen.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken, med nokre endringar i rekkefølge på prioriterte prosjekt, i kommunestyremøte 13.12.2016.

I november 2019 ba kontrollutvalet om at Deloitte startar arbeidet med ny planprosess, gjeldande perioden 2020 – 2024.

9.1 **Gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2019.**

Forvaltningsrevisjon av kvalitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie- og omsorgstenestene

Kontrollutvalet bestilt forvaltningsrevisjon av kvalitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie- og omsorgstenestene i møte 01.04.2019, PS 14/19. Det vart fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber med dette Deloitte AS om å gjennomføra forvaltningsrevisjon av kvalitet og etterleving av rutinar og regelverk innan pleie- og omsorgstenestene. Forslag til prosjektplan vert godkjent med dei endringar som kom fram i møtet.

2. Ny korrigert prosjektplan og justert timebudsjett vert å senda sekretariatet innan 08.04.19.
3. Etter at korrigert prosjektplan og justert timebudsjett er sendt til kontrollutvalet for uttale, får utvalsleiar i samråd med sekretariat fullmakt til å endeleg godkjenne prosjektplan og timebudsjett.
4. Opsjon på timeforbruk på inntil 6 timar for presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapporten for kommunestyret vert og godkjent.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er klar frå Deloitte si side innan 15.11.19. Rapporten skal då vera ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeida.

Arbeidet er utført i perioden april til november 2019. Kontrollutvalet fekk løypemeldingar undervegs om arbeidet. Rapporten vart handsama av kontrollutvalet i møte 28.11.19. Kommunestyret gjorde vedtak i møte 17.12.2019 som var i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av kapasitet og etterleving av rutinar og regelverk i pleie- og omsorgstenestene i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. Gjennomgår og justerer rutinar og malar som skal nyttast i sakshandsaminga, slik at desse er i samsvar med regelverket og bidrar til å sikre at krav i regelverket blir etterlevd (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.3.2 og 3.4.3)
2. Sikrar at sakshandsaminga i samband med vurdering av rett til pleie- og omsorgstenester er i samsvar med krav i pasient- og brukarrettslova og forvaltningslova (jf. revisjonen sine vurderingar i kap. 3.5.2)
3. Arbeider vidare med å etablere ein god avvikskultur i pleie- og omsorgstenesta. Under dette mellom anna:
 - a. Tydeleggjere for dei tilsette kva som er føremålet med å melde avvik, kva som skal meldast som avvik samt korleis meldte avvik skal følgjast opp
 - b. Sikre at alle avvik blir meldt når dei oppstår, inkludert avvik knytt til samhandlinga med helseføretaket
 - c. Sikre at tilsette får tilbakemelding om korleis avvik er følgt opp og nytta i kvalitetsforbetningsarbeidet
 - d. Utarbeider fullstendige og oppdaterte oversikter over alle meldte avvik, og brukar desse i det kontinuerlege kvalitetsforbetningsarbeidet i tenestene
4. Gjennomfører jamlege kompetansekartleggingar og utarbeider kompetanseplanar for pleie og omsorg, i samsvar med forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta §§ 6f og 7b
5. Sikrer tilstrekkeleg tilgang på fagkompetanse i tenestene, i samsvar med helse- og omsorgstenestelova § 4-1 d, inkludert vurderer om grunnbemanninga i heimetenesta i helgane bør aukast slik at tenesta ikkje er avhengig av ekstrabemanning for å kunne gi nødvendig helsehjelp til brukarane
6. Gjer avklaringar rundt bruken av KAD-tilbodet, og vurderer om det er mogeleg å setje i verk tiltak for å sikre at dette lovpålagte tilbodet blir nytta i større grad og i samsvar med intensjonen i samhandlingsreforma om å førebygge og forhindre sjukehusinnleggingar
7. Arbeider vidare med å innføre velferdsteknologi i tenestene, i samsvar med Helse -direktoratet sine tilrådingar for innføring av velferdsteknologi i kommunane, samt vurderer om det er hensiktsmessig å systematisere dette arbeidet i ein plan/strategi for velferdsteknologi
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

9.2 Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Forvaltningsrevisjon av helsestasjons- og skulehelseteneste

Kommunestyret gjorde vedtak i møte 12.12.18 som var i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Vedtak:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan Helsestasjons – og skulehelsetenesta i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. at det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda. Under dette mellom anna:
 - a. Tydeleg fordeling av roller og ansvar
 - b. System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring
 - c. System for å få oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar
 - d. System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar
 - e. Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver
 - f. System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningslinjer vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.
3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast. "
4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom
5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningslinjer.
6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningslinjer blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunngitt og dokumentert.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet har handsama oppfølgingsarbeidet ved forvaltningsrevisjonen ved to høve i 2019, siste gang i møte 11.10.2019 (PS 31/19), der dette vart vedteke:

«Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste så langt til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om ny orientering til første møtet i 2020.»

10 Arbeid med selskapskontroll

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.»

Planen for selskapskontroll vart vedteken i kommunestyremøte 13.12.2016.

I november 2019 ba kontrollutvalet om at Deloitte startar arbeidet med ny planprosess, gjeldande perioden 2020 – 2024.

10.1 Gjennomførte selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk.

Kontrollutvalet har ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2019 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

11 Arbeid med rekneskapsrevisjon.

Kontrollutvalet gav sin uttale til Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2019 i møte 23.05.19.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2018 er tilfredstillande, og ligg over gjennomsnittet i landet, og også over TBU sine tilrådingar.
- Kontrollutvalet vil og peika på at kommunen har eit tilfredstillande nivå i 2018 på både disposisjonsfond og når det gjeld lånegjeld.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 7 må følgjast opp.
- Utvalet har ellers ingen ting å merka til måten rekneskap og årsmelding for Tysnes kommune for 2018 er lagt fram på.

12 Andre saker i kontrollutvalet i 2019 (ikkje utfyllande).

- Orienteringssak om ettkararbeid i kommunen
- Orienteringssak om heimesida til kommunen
- Kontrollrapport og årsmelding til skatteoppkrevjarfunksjonen
- Årsmelding for kontrollutvalet for 2018
- Budsjettforslag 2020 for kontrollutvalet
- Konkurransesgrunnlag av revisjonstenester til kommunen
- Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 bestilling av prosjektplan
- Plan for eigarskapskontroll 2020-2024 bestilling av prosjektplan
- Rapport etter interimrevisjon

Tysnes 14.05.2020

Lorentz Lunde
leiar i kontrollutvalet



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/77-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	20/20	14.05.2020

Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Tysnes kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Bjarne Ryland om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning

Samandrag

Kontrollutvalet si handsaming av oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering vil vera ein lekk i å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Uavhengighetserklæring Tysnes kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med kommunelova § 24-4 skal oppdragsansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar ha ført ein heiderlegandel. Jmf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor Bjarne Ryland har sendt over ei slik eigenvurdering.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet, jf. Kommunelova 24-4, forskrift kontrollutval § 19

Vurderingar og verknader

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon § 3 heiter det:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.

Som det går fram av denne forskrifta har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Dei spesifikke lovheimlar om uavhengighet, jmf. kommunelova § 24-4 samt forskrift om revisjon, §§ 16-19, er medtekne i eigenerklæringa.

Sekretariatet mottok på epost 06.05.20 frå Deloitte om at dei ikkje har gjennomført andre oppdrag i Tysnes kommune, enn det som er tinga av kontrollutvalet.

Sekretariatet kan ikkje sjå at det framkjem opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Deloitte AS sin uavhengighet i høve Tysnes kommune.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa vert det tilrådd å ta denne til etterretning.

Til Kontrollutvalet i Tysnes kommune

Uavhengighetserklæring

Deloitte AS v/partner Bjarne Ryland sin eigenvurdering av uavhengigheit følgjer punktvis i høve til krav i tidlegare kommunelov § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14, jf. også tilsvarende § 24-4 i ny kommunelov og §§ 16 og 19 i forskrift om revisjon og kontrollutval:

Pkt. 1: Tilsetjingstilhøve	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje anna stilling hos kommunen eller i verksemdar som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrande organ	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen er ikkje medlem av styrande organ i noko verksemd som kommunen deltek i.</i>
Pkt. 3: Deltek i eller har funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje funksjonar i noko verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rollen som revisor for Tysnes kommune.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Ansvarleg revisor eller andre som deltek i revisjonen har ikkje nærstående som har tilknytning til Tysnes kommune som er av betydning for vår uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgevings- eller andre tenester som er eigna til å påverke revisors habilitet	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt rådgevings- eller andre tenester til Tysnes kommune som kjem i konflikt med krav til uavhengigheit og objektivitet.</i>
Pkt. 6: Tenester under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver	<i>Vi stadfester at det for tida ikkje vert ytt tenester til Tysnes kommune som høyrer inn under kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Vi stadfester at Deloitte AS for tida ikkje opptre som fullmektig for Tysnes kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særreigne tilhøve	<i>Vi kjenner ikkje til at det ligg føre andre særreigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til Deloitte AS som revisor for Tysnes kommune.</i>

Bergen, 5. mai 2020
Deloitte AS

Bjarne Ryland
partner/statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Bjarne Ryland

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5993-4-2318195

IP: 217.173.xxx.xxx

2020-05-05 12:31:23Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/145-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	21/20	14.05.2020

Tinging av kurs frå Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs med tema.....
Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.

Samandrag

I avtalen mellom Tysnes kommune og Deloitte AS kan kontrollutvalet bestille kurs i ulike tema frå revisor årleg.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kurstilbod frå Deloitte

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdagar per år.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet i høve avtale med revisor

Vurderingar og verknader

Det vert det no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra i 2020. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Tysnes kommune ligg ved saka.

Kontrollutvalet bør drøfte om ein skal spørja om administrasjonen i kommunen ønskjer å nytta noko av kurskvoten. Det vanlege til no har vore at slike kurs har vart inntil 2 timar, det har vore inntil to slike kurs for året og dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte eller eit kommunestyremøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre i 2020. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.



Kva kurs kan Deloitte tilby til kontrollutvala?

	Tema	Stikkord	
1	Innføring i kommunerekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Grunnleggande innføring 	
2	Offentlege innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er hovudprinsippa i regelverket? 	
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Innføring i kompensasjonsordninga - Praktiske eksemplar 	
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> - MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg 	
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> - Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis (fylkes-) kommunen kan etablere gode rutinar for å sikre at tilsette ikkje handsamar saker kor dei er inhabile 	
6	Ny kommunelov (eller utvalde deler av den nye lova) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar 	
7	GDPR	<ul style="list-style-type: none"> - Skjerpa krav til informasjonstryggleik 	
8	Arkivering, journalføring og offentlegheit		
9	Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll? - Korleis gjere ei god bestilling? - Korleis følgje opp ein gjennomført revisjon? 	
10	Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> - Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning - Kva roller har kommunen sin eigarrepresentant, valte styremedlemmar mv. 	

	Tema	Stikkord	
11	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området? 	
12	Internkontroll <ul style="list-style-type: none"> - Økonomi eller - Overordna (knytt til ny paragraf i kommunelov) 		
13	Innberetning av lønn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige? 	
14	Investeringsrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsrekneskap - Skilje mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapen? 	
15	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpasse den enkelte kommune 	
16	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova 	
17	Roller og oppgåver i den kommunale eigenkontrollen <ul style="list-style-type: none"> - Ei innføring 	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er kontrollutvalet sin rolle og oppgaver - Korleis kan kontrollutvalet ivareta sine kontrolloppgåver 	

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, its member firms, or their related entities (collectively, the "Deloitte Network") is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser. No entity in the Deloitte Network shall be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/72-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	22/20	14.05.2020

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig. Då kan utvalet halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Tysnes kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Sigvard M. Madsen
Formannskapet	Lars Heine Kåsa
Tenesteutvalet	Kåre Haugland
Utval for landbruk og teknisk	Britt Ersvær

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneloven § 23-2.

Vurderingar og verknader

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som kan vera aktuell for gjennomgang:

- Kommunestyret 19.03 og 07.05
- Formannskapet 31.03 og 23.04
- Tenesteutvalet 21.04
- Utval for landbruk og teknisk 30.04

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/83-3
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Tysnes kommune	23/20	14.05.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 i PS 9/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.